

“Vår oppgave er å gi råd”

Ei undersøking av Det norske Arbeidarparti
sitt interne fiskeriutval si rolle i partiet si
fiskeripolitiske utforming 1945- 65



Masteroppgåve i historie

Institutt for arkeologi, historie, kultur- og
religionsvitskap

Universitetet i Bergen

Våren 2013

Aina Thomassen

Føreord

Arbeidarpartiet har hatt ei viktig stilling i den norske politiske historia og det har vore interessant å arbeida med dette temaet. Det har likevel vore tider der motivasjonen ikkje har vore på topp og då har det vore godt å kunne ringa heim til mor og far for litt moralsk støtte, sjølv om eg er rimeleg sikker på at dei ikkje heilt veit kva oppgåva mi dreiar seg om. Ei stor takk til dykk for at de alltid har trua på meg. Mine to sambuarar i kollektivet må også takkast då dei har høyrte på mine utgreiingar om oppgåva, og takla mitt vekslende humør i innspurten. Vidare må det rettast ei særleg takk til dei tilsette ved Arbeidarpartiets arkiv og bibliotek i Oslo som har vore til stor hjelp når eg skulle orientera meg i kjeldematerialet. Eg må også retta ei takk til deltakarane på masterseminaret *På tvers av grenser*, særskilt til seminarleiar Harm Schröter som alltid evna å sjå det positive i ei kvar oppgåve. Sist, men ikkje minst så hadde ikkje denne oppgåva vorte til om det ikkje hadde vore for min rettleiar Nils Kolle, takk.

Ei stor takk til mine hjelparar i innspurten på lesesal 315!

Bergen, 15. mai 2013

Abstract

The purpose of this Master thesis is to study the Norwegian Labour Party's Internal Fishery committee's role in the shaping of the party's fishery policy in the period 1945-1965. The Fishery committee was established in 1937 with the purpose of working with current political issues related to fishery. At its inception the committee was composed of five members, but at the time I end my studies of the committee in 1965, the number of members had increased by a fourfold. The impact of this committee has up to this point not received any scholarly attention. In order to give an answer to my thesis question I have studied documents from the Fishery committee's archives which are located at the Labour Party's archive and library in Oslo. The findings have been both interesting and exciting. The Internal Fishery Committee has without a doubt played a significant part as a consultative organ for the Labour Party, who have to a large extent followed the committee's advices and protocols. The role of the committee changes throughout 1950s in several ways. As already mentioned, the numbers of members increased and more fishery organizations were allowed to participate in the committee. The committee also shifts from being a purely advisory organ to partly becoming a decision-maker in Norwegian fishery politics.

Innholdsliste

Føreord

Abstract

Kapittel 1: Innleiing

1.1 Tema	7
1.2 Problemstilling og avgrensing	8
1.3 Strukturering av oppgåva	9
1.4 Arbeidarpartiet sin fiskeripolitikk i litteraturen	10
1.5 Kjeldene	11

Kapittel 2: Historisk bakgrunn og kontekst

2.1 Eit overblikk over fiskerinæringa før 1945	13
2.2 Næringspolitikken til Arbeidarpartiet etter 1945 i korte trekk	18
2.3 Hovudtrekk i fiskerinæringa mellom 1945 og 1965	22

Kapittel 3: Fiskeripolitikken i perioden 1945- 65 slik den kjem til uttrykk i Arbeidarpartiet sine partiprogram

3.1 Innleiing	29
3.2 Parti- og fellesprogram for perioden 1945- 49	31
3.3 Prinsipp- og arbeidsprogram for perioden 1949- 53	34
3.4 Arbeidsprogrammet for perioden 1953- 57	35
3.5 Valprogram for perioden 1958- 61	35
3.6 Valprogram for perioden 1962- 65	36
3.7 Oppsummering	37

Kapittel 4: Arbeidarpartiet sitt interne fiskeriutval – samansetjing og mandat

4.1 Innleiing	37
4.2 Fiskeriutvalet før 1945	38
4.3 Fiskeriutvalet etter 1945	39
4.3.1 Fiskeriutvalet sitt mandat	40
4.3.2 Utvikling i utvalet si samansetjing 1945- 65	42
4.3.3 Framtredande medlemmar i utvalet	45
4.4 Norges fiskeriministarar mellom 1946 og 1965	50
4.5 Oppsummering	52

Kapittel 5: Arbeidarpartiet sitt interne fiskeriutval 1945- 1965

5.1 Innleiing	52
5.2 Frå debatt til praktisk politikk	53
5.3 Indre konfliktrar og truslar utanfrå	58
5.4 Fiskeriutvalet si rolle i utforminga av Arbeidarpartiet sine partiprogram	62
5.5 Fiskeriutvalet sine fiskerikonferansar	66
5.5.1 Fiskerikonferansen i 1950	67
5.5.2 Fiskerikonferansen i 1954	68
5.5.3 Fiskerikonferansen i 1960	71
5.5.4 Fiskerikonferansen i 1961	72
5.5.5 Fiskerikonferansen i 1963	74
5.5.6 Fiskerikonferansen i 1964	77
5.6 Oppsummering	79

Kapittel 6: Arbeidarpartiet og Norges Fiskarlag

6.1 Organisering av fiskarane	80
6.2 Forholdet mellom Norges Fiskarlag og Arbeidarpartiet sitt interne fiskeriutval	82
6.3 Hovudavtalen mellom fiskarane og staten i 1964	87
6.4 Oppsummering	90

Kapittel 7: Avslutning og konklusjon	90
---	-----------

Litteraturliste

Kjelder

Vedlegg

Kapittel 1: Innleiing

1.1 Tema

Norge er eit land med lange tradisjonar for fiske. Nesten ingen andre land i Europa som driv med fiske har eit like gunstig utgangspunkt som Norge i høve til nærleiken til naturressursane. Denne oppgåva skal omhandla Det norske Arbeidarpartiet sitt interne fiskeriutval i perioden 1945 til 1965.¹ Tittelen på oppgåva ”Vår oppgave er å gi råd” er eit sitat av den dåverande formannen i fiskeriutvalet Trygve Hoem, si avsluttande helsing på fiskeriutvalet sitt møte i august 1962.² Arbeidarpartiet sitt interne fiskeriutval hadde heilt sidan det vart utnemnt i 1937, fungert som eit rådgjevande organ for partiet i fiskerispørsmål. I byrjinga bestod utvalet av fem representantar frå mellom anna Landsorganisasjonen (LO), Norges Fiskarlag og direktøren i Fiskeridirektoratet. Når denne oppgåva avsluttar i 1965 har utvalet heile 22 medlemmar i alt, fordelt på ni i arbeidsutvalet og 13 øvrige medlemmar.

Etterkrigstida er eit spanande felt i norsk historie og det var mykje som skjedde i det norske samfunnet. I tråd med den rådande næringspolitikken vart fiskerinæringa også innlemma i tankane om modernisering og rasjonalisering.³ Med dette ønskja ein å få ned talet på fiskarar og heller leggja til rette for båt- og bruksmetodar som var meir effektive og som trengte færre fiskarar om bord. For å hindra arbeidsløyse vart fiskeriindustrien på land bygd ut for å sysselsetja fleire langs kysten. Fiskeripolitikk var ikkje berre politikk om fisk, men i aller høgaste grad handlar den om sosial- og distriktspolitikk, og eit statleg ønskje om å bygga ut velferdsstaten og å få heile landet sine innbyggjarar inn i betre kår. Fiskerinæringa etter 1945 har vore i stadig endring og det skil seg ut fleire klare konfliktlinjer. Den mest djuptgåande var nok dei motstridande interessene mellom dei tradisjonelle kystfiskarane og dei som var for modernisering, og dermed for ei utbygging av større trålarar for å kunna driva med hav- og bankfiske.

¹ I oppgåva vil ”Arbeidarpartiet sitt fiskeriutval” og ”fiskeriutval” også verta nytta som namn på Arbeidarpartiet sitt interne fiskeriutval.

² Referat fra fiskeriutvalgsmøte i Oslo 6. og 7. august 1962 Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1962 (F) Boks 262

³ Desse begrepa skal eg koma nærmare tilbake til i kapittel 3.

Temaet for oppgåva er den fiskeripolitiske utviklinga til Arbeidarpartiet dei 20 første åra etter krigen, eit tema det er skrive mykje om. Det som er spanande og nytt med denne oppgåva er at fokuset ligg på partiet sitt interne fiskeriutval si rolle oppi det heile. Det er skrive svært lite om Det Norske Arbeidarparti sitt interne fiskeriutval som vart nedsett for første gong i 1937. Det er difor absolutt ein plass for denne oppgåva i forskingslitteraturen om fiskerihistoria.

1.2 Problemstilling og avgrensing

Denne oppgåva er via til Arbeidarpartiet si utforming av fiskeripolitikken mellom 1945 og 1965 og Arbeidarpartiet sitt interne fiskeriutval si rolle i det arbeidet. Det er hensiktsmessig å sjå på Arbeidarpartiet si utforming av fiskeripolitikken i denne perioden, då dei sit i fleirtalsposisjon politisk. For å kunne sei noko om det vil eg mellom anna ta føre meg Arbeidarpartiet sine partiprogram. Arbeidarpartiet har alltid hatt eit ønskje om å framstå samla utad, men internt har det ofte vore til dels oppheta debattar og personstridar. Med bakgrunn i det vil det vera interessant å sjå korleis medlemmane i utvalet stilte seg i forhold til nokre av dei politiske konfliktane som omhandla fiskerinæringa i perioden. Her siktar eg mellom anna til striden kring trålbruk som kulminerte på 1950-talet. Problemstillinga for denne oppgåva er;

Kva rolle spela Arbeidarpartiet sitt interne fiskeriutval for utforminga av partiet sin fiskeripolitikk?

Kjeldematerialet som har vore tilgjengeleg for arbeidet med denne oppgåva har vore omfattande, det har difor heilt naudsynt å gjera avgrensingar. Desse avgrensingane er gjort dels av omsyn til omfanget av oppgåva og dels grunna relevansen til det arkivmaterialet eg har hatt til rådighet om fiskeriutvalet. Måten eg har forsøkt å løysa dette problemet på er å nytta utvalde delar av kjeldematerialet og gje gode døme på korleis fiskeriutvalet arbeidde med fiskeripolitiske spørsmål mellom 1945 og 1965, og kva rolle og innflyting dei hadde på partiet si fiskeripolitiske utforming.

Det finst fleire gode masteroppgåver og annan forskingslitteratur som omhandlar mellom anna trål- og notstriden i perioden. Det vil difor ikkje vera naudsynt for meg i denne oppgåva å inn i detalj i alle fiskeripolitiske saker mellom

1945 og 1965. Føremålet med denne oppgåva er å sjå på kva saker og spørsmål fiskeriutvalet arbeidde med, og korleis det påverka partiet sin fiskeripolitikk. Utvalet som er gjort i kva saker som vert tekne opp i denne oppgåva er basert på saksarkivet og kor mykje plass sakene har vorte via der. Oppgåva si avgrensing i tid er gjort av fleire grunnar. Eg reknar 1945 som eit naturleg utgangspunkt for denne masteroppgåva. Bakgrunnen for det er det grunnlaget som vert lagt under krigen av London-regjeringa for gjenreisinga av Norge. Eg har valt å avslutta i 1965. Årsaka til det er at Arbeidarpartiet, som då hadde hatt makta i nesten 20 år, tapte valet i 1965 og Per Borten tek over som statsministar for ei samlingsregjering bestående av Sosialistisk Folkeparti, Høgre, Venstre og Kristeleg Folkeparti.

1.3 Strukturering av oppgåva

Oppgåva er delt inn i sju kapittel der hovudvekta ligg i kapittel fem som omhandlar fiskeriutvalet sitt arbeid.

Kapittel to er eit historisk bakgrunnskapittel via til å gje eit innblikk i kva føresetnadar som låg til grunn for utforminga av Arbeidarpartiet sin fiskeripolitikk i perioden 1945 til 1965, og for å gje lesaren ein kontekst å setja kapittel tre til seks inn i. Den retninga Arbeidarpartiet syner ønskje om å gå i høve til fiskeripolitikken heng saman med det fiskeripolitiske arbeidet som starta før og under andre verdskrig. Den generelle næringspolitikken legg føringar for den grunnleggande økonomiske støtta til fiskerinæringa, mellom anna grunna partiet sitt ønskje om å bygga vidare på velferdsstaten. Den tredje delen i kapittel to omhandlar den fiskeripolitiske utviklinga, samt utviklinga i fiskerinæringa etter krigen for å gje eit bilete på kva som skjer i den tida.

Kapittel tre tek føre seg ordlyden i partiprogramma for perioden 1945 til 1962. Dette for å syna kva målsetjingar partiet hadde med sin fiskeripolitikk. I kapittel fire kjem eg attende til korleis, og av kven desse partiprogramma vart utforma. Det skal syna seg at fiskeriutvalet ikkje har hatt reint lite å seie for partiprogramma si utforming.

I kapittel fire vil eg greia ut om fiskeriutvalet sitt mandat og samansetjing frå 1937 og fram til 1965. Dette for å gje eit innblikk i kva oppgåver fiskeriutvalet var tenkt å ha.

I kapittel fem skal vi sjå at fiskeriutvalet utvidar sitt virkefelt utover på 1950-talet. Hovudkapittelet tek føre seg fiskeriutvalet sine arbeidsområder, og korleis dei har påverka Arbeidarpartiet si fiskeripolitiske utforming.

Kapittel seks tek føre seg koplinga mellom myndigheitene og fiskerinæringa, eksemplifisert gjennom forholdet mellom Arbeidarpartiet, fiskeriutvalet og Norges Fiskarlag.

Til sist vil eg i kapittel sju gjera ei kort oppsummering av funna mine, då eg til dels oppsummerar og konkluderar undervegs i teksten.

1.4 Arbeidarpartiet sin fiskeripolitikk i litteraturen

Arbeidarpartiet sitt interne fiskeriutval er kun nemnt i bisetningar i litteraturen.⁴ Det vert difor vanskeleg å seia noko om andre sine teoriar om kor tydingsfullt utvalet har vore. Det vert i så måte pløya ny mark i denne masteroppgåva. Det finnst derimot mange bidrag om ulike delar av fiskerinæringa og fiskarorganisasjonar for perioden som her vert omtala. Det finnst mange gode bøker på område, samstundes er det mange bidrag frå hovudfags- og masteroppgåver.

Eg har nytta artikkelen ”Fiskerihistorie som etterkrigshistorisk forskningsfelt” av Pål Christensen i 1994 som rettesnor i arbeidet mitt med denne masteroppgåva.⁵ Christensen påpeikar i artikkelen at det fram til 1990-talet kun hadde blitt gjort spreidde forsøk på å skriva om fiskeriemnet, og at dette i all hovudsak hadde skjedd etter personleg initiativ. Ifølgje Christensen kjem fiskerihistorie som eige forskingsfelt seint om ein samanliknar med landbrukshistorie og skipsfartshistorie. Han meiner at ein ikkje kan snakka om fiskeri som eige forskingsfelt før på 1970-talet.⁶ Dette vil nok ein del finna merkeleg sidan fiskerinæringa har hatt så mykje å seie for Norge, både sosialt og økonomisk, i fleire århundre. Vidare hevdar Christensen at dei fleste av bidraga som har komme etter krigen som omhandlar fiske kan plasserast i éin av fire kategoriar:⁷

⁴ Jmf. mellom andre Bergh 1987 og Finstad 2010

⁵ Christensen 1994. ”Fiskerihistorie som etterkrigshistorisk forskningsfelt” er eitt av fleire bidrag i ein serie av etterkrigshistoriske forskingsfelt utgitt av LOS-senteret, og er meint som ei oversikt over kva bidrag som har blitt gjort på feltet.

⁶ Christensen 1994: 4

⁷ Ibid: 15

1. Den produksjonsmessige og tekniske utviklinga i fangstleddet og i tilknytning til industrien på land.
2. Fiskeripolitiske konfliktlinjer rundt modernisering og rasjonalisering av næringa.
3. Organisatoriske og institusjonelle forhold.
4. Regionalhistoriske framstillingar slik som fiskarsogene.

For problemstillinga i denne oppgåva er det mest fruktbart å sjå på kva bidrag som hadde komme til under punkt to. Likevel så finn ein under punkt éin mykje av årsaka til at konfliktnivået i fiskeripolitikken og fiskerinæringa etter andre verdskrig var så høgt. Heilt konkret seier Christensen at det dreiar seg om bruk av to typar fiskereiskap, nemleg trål og not. Spørsmål knytt til desse reiskapane, då særskilt trålen, var kor vidt aktive fiskarar skulle ha eksklusiv rett til å eiga fiskefarty.⁸ Elles dreia denne konflikten seg om omfanget til statleg styring av fiskerinæringa. Her kjem spørsmålet om det gamle systemet skulle beskyttast gjennom ulike typar lover, eller om fiskeria skulle moderniserast ved å la utviklinga av farty og reiskap skje utan at myndigheitene blanda seg for mykje. Utviklinga kan seiast å vera ein kombinasjon av desse, men med ei klar hovudvekt på modernisering med økonomisk stønad frå staten. Arenaen der desse konfliktane utspela seg var på den korporative og politiske, der Norges Fiskarlag, fiskeriforvaltninga og øvrige myndigheiter var dei sentrale aktørane.⁹ Litteratur om fiskerinæringa i perioden etter 1945 syner fleire klare konfliktlinjer relatert til fiskerinæringa og fiskeripolitikk, mellom anna;

- Tradisjonalar mot modernistar. Denne konflikten synte seg særskilt i kystfiskarane sin motstand mot bygginga av ein norsk trålarflåten.
- Reiskap- og brukskonflikt. Til dømes innføring av trål, eigedomsrett og samvirke.
- Norges Fiskarlag som på si side krev ei oppretthalding av fiskaren sin rett til å eige båt og bruk, mot Fiskeridepartementet som ønskjer å sleppa til andre aktørar.

⁸ Med omgrepet ”aktive fiskarar” seier Norges Fiskarlag på landsmøtet i 1945 at det omfattar dei som har delteke i fiskeria i minst tre år, og som har ein naturleg rett til å delta. Andre interessentar som hadde kasta seg inn i fiskerinæringa før og under krigen, skulle setjast utanfor.

⁹ Christensen 1994: 21

1.5 Kjeldene

Kjeldematerialet til denne oppgåva har vore omfattande og til tider uoversikteleg. Kjeldene eg har nytta har vore tilgjengelege ved Arbeidarpartiet sitt arkiv og bibliotek (Arbark) i Oslo der eg har vore på vitjing tre gonger. Prioritert kjeldemateriale har vore fiskeriutvalet sine møtebøker og saksarkiv. Møtebøkene til utvalet er svært mangelfulle. I perioden 1937 til 1940 syner dei at det har vore kun ni møter i utvalet. Frå 1941 og heilt fram til 1949 er det ingen innføringar. Det er derimot dokumentert ein del aktivitet i saksarkivet til fiskeriutvalet for denne perioden. Årsaka til dette er, ifølgje arkivarane ved Arbark, at utvalet var internt og arbeidet deira i hovudsak gjekk ut på å diskutera, dermed var terskelen for å føra nøyaktige referat høg. For åra 1952 og 1958 finst det ingen innføringar i møtebøkene til utvalet. For åra 1959 til 1965 syner møtebøkene at det har vore litt i overkant av 20 møter. Saksarkivet til fiskeriutvalet syner altså langt større aktivitet, og dokumenterar i langt betre grad kva arbeid dei har gjort i dei aktuelle åra. Det kan, slik som dei tilsette ved arkivet seier, tenkast at aktiviteten i utvalet har vore høgare enn arkivet tilseier.

Medlemmane av fiskeriutvalet, og åra dei har vore medlemmar, er basert på sakslistene frå utvalet, samt møteprotokollar frå Sentralstyret i Arbeidarpartiet. Sidan oppgåva kun går fram til 1965, har eg ikkje samla informasjon utover året 1965. Eg har vidare gjort eit utval av dei personane eg ser på som dei viktigaste basert på kor representert dei er i arkivmaterialet, og kor mykje plass dei er via elles i litteraturen som er forfatta om perioden.¹⁰

For å sjå korleis fiskeriutvalet har påverka Arbeidarpartiet sin fiskeripolitikk i perioden 1945 til 1965 vil det vera hensiktsmessig å sjå på partiprogramma i perioden. Årsaka er at saksarkivet avslørar at fiskeriutvalet har hatt ein finger med i spelet i utforminga av desse. Det knyter seg likevel visse metodiske problem til å nytta partiprogram som kjelde for å skildra eit parti sin ståstad. Det er viktig å ha i bakhovudet når ein les partiprogram at dei er utforma for å trekkja veljarar, formuleringane er difor ofte litt ”runde i kantane”. Ein kan nytta ulike kjelder for å spora eit parti si endring i ulike synspunkt og saker. Mellom anna kan ein studera vedtak fatta på landsmøter eller i partiet sitt sentralstyre, eller ein kan sjå på korleis partiet utøver sin politikk i regjering og korleis medlemmar av partiet stemte på

¹⁰ Fullstendig medlemsoversikt finst som vedlegg nr. 1 til denne oppgåva.

Stortinget. Ein skil difor mellom *programmatisk* og *praktisk* politikk. Føremålet med eit slikt skilje er å sjå på skilnaden mellom det partiet ønskjer å gjera og det dei faktisk gjer.¹¹ Programkomiteane sitt arbeid er også dokumentert i saksarkivet ved Arbark. Problemet med å nytta denne delen av partiet sitt arkiv er at dei fleste dokumenta ikkje er tidfesta. Dette gir det metodiske problemet at det er vanskeleg å følgja utviklinga frå eit utkast til det endelege resultatet i form av arbeidsprogram. Eit anna problem har vore det at dokument er arkivert feil i forhold til årstal, noko som også har bidrege til at kjeldearbeidet til tider har vore vanskeleg. Det kan og nemnast her at partiprogramma eg har nytta ikkje er paginert. Det vil difor ikkje bli synt til sidetal, men overskrifter i partiprogramma.

Kapittel 2: Historisk bakgrunn

2.1 Eit overblikk over fiskerinæringa før 1945

Fiskerinæringa har vore, og er framleis, ei av dei viktigaste næringane i Norge. Fiskeri kan enkelt forklarast som ein bransje der arbeidet går ut på å fanga fisk og skaldyr, der ein skil mellom kystfiske og bank- og havfiske, samt fiske i fjerne fartvatn.¹² Vidare skil ein mellom ulike typar fiskefarty. Til kystfiske var det vanleg å nytta mindre farty som til dømes sjarken.¹³ Reiskapane sjarkfiskarane nytta var jukse, line og garn.¹⁴ I tillegg nytta ein farty opp til 28 meter som fiska med reiskapar som garn, snurrevad, trål og not.¹⁵ Særleg dei to sistnemnte skapte store konflikhtar mellom

¹¹ Harmel og Svåsand 1997: 321

¹² <http://snl.no/fiskeri> Henta 11.02.13

¹³ Ein sjark er ein fiskebåt som liknar ei fiskeskøyte. I motsetning til skøyta har sjarken styrhus forut og ikkje bak i hekken.

¹⁴ Juxsa: fiskereiskap beståande av eit snøre med lodd og éin eller fleire krokar. Kan opererast for hand eller mekanisk.

Line: fiskereiskap beståande av eit langt snøre med mange krokar.

Garn/fiskegarn: nytta både til fiske i salt- og ferskvatn.

¹⁵ Not: fiskereiskap laga av eit nett som er bunde saman av syntetiske material. Nyttå for å fanga fisk som går i stim, til dømes sild. Det finst ulike typar not, mellom anna ringnot/snurpenot, kilonot og landnot.

Trål: fiskereiskap som består av ein traktforma nettpose (not) som vert slept gjennom sjøen etter ein trålar. Det finst ulike typar trål, mellom anna bunntål (fisk og reker), pelagisk trål (stimfisk) og bomtrål (for bunnfisk).

myndighetene og fiskarane. Til havfiske nytta ein større farty, oftast ulike typar trålarar, til dømes kan ein nemna ringnotfartya og ferskfisk-, fabrikk- og reke-trålarar.¹⁶ Sesongfisket har prega størstedelen av den norske fiskerinæringa i alle tider. Her kan ein nemna skreifisket i Lofoten som føregår på våren, samt vintersildfisket på Vestlandet. I dette kapittelet skal eg forsøka å trekka nokre historiske linjer kring fiskeri og fiskerinæringa frå byrjinga av 1900-talet og fram til 1945.

I Tjelmeland sin artikkel ”Fiskerinæringa mellom tradisjon og modernisering” vert det framheva tre periodar der spenninga mellom tradisjon og modernisering stod fram som spesielt sentral; 1900- 1920, 1950- og 1960-talet, og frå 1980 og framover.¹⁷ Ifølgje Tjelmeland er det problem som oppstod i perioden mellom 1920 og 1950 som legg føringar for den politikken som vart ført etter 1945. Han peikar på fleire ting. For det første gjekk fiskarane inn i mellomkrigstida med gjeld frå motoriseringstida, som Tjelmeland tidfestar mellom 1900 og 1920 som gjennombrøtet for bruk av motoriserte farty. I denne perioden opplever fiskarane eit prisfall på fisken som var større enn prisfallet på andre varer, slik at det var lite overskot å snakka om for å betena gjelda. Vidare var det nærast umogleg å skaffa seg arbeid i byane, og dette førte til at ”landsbygda brann inne med sitt befolkningsoverskudd”. Dette førte til at fleire stadig fleire byrja med fiske for å skaffa seg eit utkomme i kyststroka.¹⁸

I 1919 vart Den Norske Stats Fiskeribank oppretta som følgje av ei utredning av Fiskeribankkomiteen av 1915, men drifta av banken starta ikkje opp før i 1921.¹⁹ Føremålet med banken var at den skulle overta den same låneverksemda som fram til då var driven med dei tre eksisterande havfiskefonda i avgrensa omfang. No skulle banken sitt virke utvidast, og med det skulle det også gjevast stønad til større reperasjonar av farty, samt anskaffing av nye farty. I utgreiinga la komiteen vekt på fiskerinæringa si tyding for norsk økonomi. Då lova vart revidert i 1948 fekk den også nytt namn, Statens Fiskarbank. Med denne revideringa vart dei eksisterande finansieringsordningane til fiskerinæringa samla. Revisjonen førte også til at banken sine utlånsrammer vart utvida og at det vart større aksept for høgare risiko på lån. På 1940-talet vart det grunna krigen ikkje bygd særleg mange nye farty, men etter 1950

¹⁶ <http://snl.no/fiskefartøyer> Henta 11.10.12

¹⁷ Tjelmeland 1993: 2

¹⁸ Ibid: 12

¹⁹ <http://www.regjeringen.no/nb/dep/fin/dok/nouer/1995/nou-1995-11/18.html?id=336248> Henta 12.12.12

endra det seg.²⁰ Fiskarbanken bidrog då til ei stadig utbygging av ein moderne fiskeflåte, noko som var i tråd med dei politiske måla i perioden.

Fiskerinæringa sitt samvirke har vore ei av dei eldste formene for samvirke i Norge. Det heile går ut på at kvart medlem, altså kvar fiskar, fekk løn i forhold til fangstresultatet og kor mykje dei hadde betalt inn. Ei slik fordeling av det økonomiske utbyttet seier oss mykje om avhengigheitsforholdet mellom fiskarane om bord på ein båt, og avhengigheita av eit stabilt fangsutbyte. Sagt på ein annan måte så var fiskarsamvirket eit organisert samarbeid mellom fiskarane for å oppnå felles økonomiske mål. Eit slikt samvirkesystem hadde eksistert i lange tider, og vart kalla eit lottsystem. Andre former for samvirke var likevel nye dersom ein samanliknar med jordbruksnæringa. Lottsystemet var basert på eit prinsipp som fordelte utbytte av fisken mellom båt, bruk og mannskap etter bestemte reglar. Dette gjorde at både kapitalinnsatsen og arbeidsinnsatsen fekk sin bestemte del av det totale fangsutbyte.²¹ Det er ikkje før på slutten av 1920-talet at ein ser byrjinga på eit meir omfattande system av fiskarorganisasjonar. Før hadde fiskaren hatt lita eller ingen innflytelse på omsetning av fangsten eller prisdanninga. Første steg på vegen til ei meir organisert form for samvirke kom i samband med opprettinga av Norges Fiskarlag.

Starten på det me i dag kjenner som Norges Fiskarlag byrja på fiskarlandsmøtet i Bodø 16. juli 1926, då det vart bestemt at ein skulle stifte Fiskernes Faglige Landslag. Ei slik ordning med eit nasjonalt lag for alle fiskarane kom i stand heile 40 år etter at handtverkarane og industriarbeidarane hadde fått sine tilsvarande organisasjonar. Noko av forklaringa til dette ligg nok i fiskarane sine arbeidsforhold. Sidan dei som oftast var ute på havet var det vanskeleg å driva noko fast organisasjonsarbeid på land.

Det hadde eksistert fiskeriselskap før 1926, med Selskabet for de norske Fiskeriers Fremme frå 1879 som det viktigaste. Skilnaden mellom denne organisasjonen og det då nystifta faglige landslaget, var at den hadde sett fiskeribedriftene sin agenda i høgsete og ikkje fiskarane i seg sjølv. Mot 1900 skifta fokuset gradvis frå fiskeri til fiskar. Ei av årsakene til det var nok at stadig fleire fiskarar meldte seg inn i ulike fiskeriforeiningar rundt om i landet.²² Vegen fram til

²⁰ <http://www.regjeringen.no/nb/dep/fin/dok/nouer/1995/nou-1995-11/18.html?id=336248> Henta 12.12.12

²¹ <http://snl.no/fiskersamvirket> Lest 02.11.2012

²² Christensen og Hallenstvedt 2005: 12

danninga av Fiskernes Faglige Landslag strekk seg over neste 50 år. I laget sin formålsparagraf, vedteken 16. juli 1926 stod det at: ”Fiskarlagets oppgave er å fremelske samarbeid mellom fiskerne og å arbeide for fiskernes økonomiske og sosiale interesser og fiskerinæringens utvikling.”²³

Året etter opprettinga av Norges Fiskarlag vart Storsildlaget stifta av sildefiskarar nord for Stadt, og i 1928 vart eit tilsvarande lag stifta sør for Stadt. Dette var dei første økonomiske organisasjonane i fiskerinæringa. Det første dei tok fatt på var å stabilisera prisane på sild, samt å ordna omsetninga av fisk på ein betre måte enn tidlegare. Slik som i jordbruket, var det rimeleg stor einigheit om at dersom ein skulle klara å stabilisera fiskeprisane på ein god måte, måtte staten gje stønad gjennom lovgjeving. Ut av dette kom Sildelova av 1929, denne vart etterkvart utvida til å gjelda alle fiskeslag og skaldyr og fekk namnet Råfisklova i 1938. Desse to vart erstatta av Råfisklova av 1951. Råfisklova gav fiskarane sine salslag lovbeskytta rett til all omsetning av råfisk. Det som skil denne lova frå liknande jordbrukslover er at visse godkjente salsorganisasjonar hadde einerett på førstehandsomsetninga av fisk.²⁴

På slutten av 1930-talet vart det stadig fleire debattar om kva reiskapar som var dei mest økonomiske, då særskilt spørsmålet om kor vidt ein skulle ta i bruk trål som driftsform. Den første lova om trål kom i 1936 og var på mange måtar eit kompromiss mellom dei som ønskja ei restriktiv linje og dei som ønskja å gjera trålfiske konsesjonspliktig. Lova stramma inn på konsesjonsvilkåra, men var kun midlertidig. Det vart gitt løfte om at lova skulle drøftast på ny året etter. Med lova i 1936 vart det nærast umogleg å bygga ut den norske trålarflåten. Den nye drøftinga av lova let venta på seg, og ikkje før i 1939 vart den behandla på ny. Norges Fiskarlag var skeptiske til ei utviding av trålfiske, mykje grunna at kystfiskarane som dei representerte var motstandarar. Årsaka til motstanden var at dei gamle driftsmønstra var djupt forankra, og ved ein overgang til større havgåande farty måtte ein gje slepp på slike driftsmønster. Medan ein venta på forarbeidet til den nye trålarlova av 1939 vart temperaturen mellom dei to partane stadig høgare. På eit fellesmøte mellom dei nord-norske fylkeslaga i 1936 vart det sagt følgjande:

²³ Christensen og Hallenstvedt 2005: 33

²⁴ Sandberg Jr. 1964: 184

”Fellesmøte vil i tilslutning til de aller fleste fiskeres mening henstille på det alvorligste til statsmyndighetene å få satt en stopper for norsk trålfiske med farkoster over 50 tonn, da man mener at hvis norsk trålfiske for tiden ikke blir fobudt, vil dette bety ruin for fiskeribefolkningen.”²⁵

Resultatet av behandlinga av lova i 1939 vart ei liberalisering som opna opp for at andre interesser enn dei aktive fiskarane kunne få innpass i fiskerinæringa. Dette var i strid med Norges Fiskarlag sitt prinsipp om at både farty og reiskap skulle eigast av dei aktive fiskarane. At fiskeflåten skulle tilhøyra dei aktive fiskarane var eit prinsipp som også gjaldt for andre næringar. Mellom anna skulle jorda på trygge vilkår tilhøyra dei arbeidande jordbrukarane, og handtverk og småindustri skulle vera private bedrifter. I den endelege avgjersla for lova av 1939 meinte dei fleste at kystfiskarane hadde tapt. Likevel var lova særst restriktiv då den opna for kun to konsesjonar, men fiskerimyndighetene hadde moglegheit til å gje dispensasjon frå lova. Arbeidarpartiet reviderte lova årleg fram til den endelege revisjonen i 1951. Det er her verdt å merka seg at ordlyden i arbeidsprogramma endrar seg frå ”må tilhøre de aktive fiskere” i 1949, 1953 og 1958, til at det ikkje vert nemnt eksplisitt i det heile for arbeidsprogrammet som skulle gjelda for åra 1962 til 1965.²⁶ Då det stod klart at trålarlova var komen for å bli med moglegheit for private å delta, stilte Norges Fiskarlag som krav at fiskarane i det minste måtte ha eigedomsrett over fartya sjølve.²⁷ I Arbeidarpartiet sitt arbeidsprogram frå 1949 stod det at:

”Fiskeflåten må tilhøre de aktive fiskere og denne retten må sikrest ved lov. Ved fortsatt å bygge ut samvirket i produksjon, foredling og omsetning kan disse næringene gjennomføre den rasjonalisering som er et vilkår for økonomisk jamstilling med andre næringer.”²⁸

Ulike former for statleg stønad i kombinasjon med oppsving i konjunkturane førte til at situasjonen betra seg for fiskarane på slutten av 1930-talet. Som eit resultat vart det ein auke av større båtar som i meir utstrekt grad kunne driva med bankfiske og heilårsfiske. I 1938 kom også Råfisklova, denne lova førte mellom anna til at fiskarane fekk større kontroll over fastsetjinga av førstehandsprisen på fisk. Norges

²⁵ Sagdahl 1975: 4

²⁶ Jmf. Arbeidarpartiet sine partiprogram 1945- 1962

²⁷ Bergh 1987: 180

²⁸ Arbeidsprogrammet 1949

Råfisklag vart stifta i Tromsø i 1938, og fekk i forbindelse med råfisklova ein retten til førstehandsomsetninga av torskefisk, skjell, småkval og skaldyr som vart ført i land mellom Nordmøre i sør og Finnmark i nord.²⁹

Under andre verdskrig førte tyskarane ein målretta politikk for å integrera norske næringar inn i det tyske riket. Dette gjaldt også fiskerinæringa, då fisken vart ein viktig forsyningsressurs for tyskarane både militært, og for den tyske befolkninga. Tyskarane innførte fleire endringar i dei norske produksjonsforholda med ny teknologi, endra marknadsforhold og tilførsel av kapital. Særskilt bidrog tyskarane til utbygginga av kjøle- og fryseanlegg. Okkupasjonsmakta stod også for bygginga av fire større filetfabrikkar i Trondheim, Bodø, Melbu og Hammerfest. Av dei endringane som fann stad i krigsåra for den norske fiskerinæringa er nok det at fiskeprisane steig kraftig det viktigaste. Dette fekk fleire ringverknadar, mellom anna kunne fiskarane no nytta overskotet til å betala ned gjeld. Likevel hevdar mellom anna Bjørn-Petter Finstad at dersom ein ser på endringane under krigen i eit lenger perspektiv vert konklusjonen at dei strukturelle hovudtrekka frå mellomkrigstida vart styrka under okkupasjonen. Ser ein på Nord-Norge førte krigen med seg ei konsolidering av bruken av små og mellomstore fiskefarty.³⁰ Likevel hadde fiskeflåten blitt modernisert i den forstand at fleire farty var motordrivne og at det hadde vore ein auke i farty mellom 40 og 60 fot.³¹

2.2 Næringspolitikken til Arbeidarpartiet etter 1945 i korte trekk

Før ein går laus på sjølve fiskeripolitikken som tek form etter andre verdskrig, vil det vera fruktbart å sjå på den generelle næringspolitikken i perioden. Etter slutten på andre verdskrig vart Einar Gerhardsen statsministar og Arbeidarpartiet sat med makta i Gerhardsen si første og andre regjering i perioden 1945-1951, Oscar Torp si regjering frå 1951-1955 og Einar Gerhardsen si tredje regjering i åra 1955-1963. I 1963 vart det eit lite avbrekk i Arbeidarpartiet si fleirtalsregjering med ei Høgre-styrt regjering med John Lyng som statsministar nokre månader det året, før Einar

²⁹ http://snl.no/Norges_Råfisklag Henta 01.05.13

³⁰ Finstad 2012. Manus til bokverk om norsk fiskerihistorie. <http://norges-fiskeri-og-kysthistorie.b.uib.no/spiskammers-for-det-tredje-riket-fiskerinaering-og-kystsamfunn-i-krig-og-okkupasjon-1940-1945/> Henta 28.03.13

³¹ Tjelmeland 1993: 14

Gerhardsen si fjerde regjering kjem til makta att, og sit i perioden 1963-1965.³² I den same perioden har Norge fem ulike fiskeriministarar.³³

Etter andre verdskrig skulle landet gjenreisast. Som det står i retningslinjene for Arbeidarpartiet i 1945 ”Vi skal reise landet vårt igjen og bygge det opp til en trygg heim for alle gode nordmenn.”³⁴ I Norge, så vel som i andre land, er det eit ønskje om å bygga opp ein velferdsstat. Ifølgje Stein Kuhnle er det å definera omgrepet ”velferdsstat” ei vanskeleg, om ikkje umogleg oppgåve.³⁵ I all enkelheit kan ein seie at ein velferdsstat er ein stat der styresmaktene tek på seg ansvaret for å beskytta heile, eller delar av, befolkninga si velferd gjennom ulike lover og reglar.³⁶ Etter 1950 har dette prinsippet stått sterkast i Skandinavia og England. Ein skil ofte mellom tre ulike typar av velferdsstatar, der den nordiske modellen vert kjenneteikna av at den er universell og laga for å fremja likskap mellom innbyggjarane. Denne modellen representerar ei samansmelting av arbeid og velferd, då høge ytingar er avhengige av høg sysselsetjing for å finansiera ytingane gjennom skattar og avgifter.³⁷ Det ligg til grunn visse føresetnadar for den nordiske velferdsmodellen. Mellom anna er ein avhengige av at partane ser at det er ein samanheng mellom lønspolitikk, velferdsstaten og den generelle økonomiske politikken. I dei nordiske landa har arbeidsmarknadspolitikken vore prega av den svenske Rehn-Meidnermodellen. Denne modellen som vart utvikla av dei svenske økonomane Gösta Rehn and Rudolf Meidner hadde som mål å ha låg arbeidsløyse, låg prisstigning, høg økonomisk vekst og jamn inntektsfordeling. Marknadskreftene skulle i samhandling med avtalefesta lønningar på nasjonalt nivå sikra at lite lønsame og lite produktive bedrifter skulle konkurrerast ut.³⁸ Rehn-Meidnermodellen hadde si storheitstid mellom 1950 og 1970.³⁹ Fiskerinæringa i Norge fekk i dei same åra massive økonomiske tilskot, så her skil modellen seg frå korleis dei norske myndigheitene handterte situasjonen i fiskerinæringa.

³²http://www.regjeringen.no/nb/om_regjeringen/tidligere/oversikt/ministerier_regjeringer/nyere_tid/regjeringer.html?id=438715 Henta 12.09.12

³³ Fiskeriministarane mellom 1945 og 1965 vil verta nærmare omtala i kapittel 4

³⁴ Arbeidsprogrammet 1949

³⁵ Norsk samfunnsforskar og professor i samanliknande politikk

³⁶ Kuhnle 1983: 23

³⁷ Normann, Rønning og Nørgaard 2009: 21

³⁸ <http://www.arbeidslivet.no/Internasjonalisering/Den-nordiske-modellen/Nordisk-modell---bakgrunn/> Henta 17.09.2012

³⁹ <http://people.su.se/~erixo/R-M2008b-1.pdf> Henta 28.04.13

Norge som velferdsstat har til ein viss grad komme i stand grunna Arbeidarpartiet sitt grep om politikken etter andre verdskrig, og heilt fram til 1980-åra var det i stor grad semje blant dei politiske partia om velferdsstaten sin eksistens og korleis den skulle driftast. Utbygginga av velferdsstaten hadde utgangspunkt i tidlegare norsk og nordisk historie, men ideen vart vidareutvikla og sett i verk av Arbeidarpartiet i samarbeid med ei sterk fagrørslé.⁴⁰ Med ein norsk velferdsstat, slik den er skissert ovanfor, sa det nærast seg sjølv at partiet måtte programfesta full sysselsetjing som mål i sitt arbeidsprogram etter krigen.⁴¹ Som eit ledd i å bygga velferdsstaten ser ein i perioden etter 1945 at det var ei stadig aukande tru på planøkonomi. Med det meiner ein at dei sentrale styresmaktene skulle ha hovudansvaret for planlegginga og styringa av den økonomiske utviklinga. I Arbeidsprogrammet for perioden 1953 til 1957 vart det mellom anna sagt at dei planane som låg til grunn for utbygginga av Nord-Norge var eit godt døme på ”aktiv og livsnær planøkonomi”.⁴² Planøkonomi som økonomisk politikk er noko Arbeidarpartiet framleis fronta i 1961, men då er fokuset at det skulle vera ei demokratisk form for planøkonomi der også samfunnet skulle ta del i den økonomiske utviklinga.⁴³ I krigsåra hadde særskilt England og USA gått føre som eksempel og synt at ei planøkonomisk styring kunne føra til mindre arbeidsløyse og med det betra økonomien for den enkelte, og samfunnet som heilheit. Erik Brofoss var ein av dei framtrédande forkjemparane for denne typen styring.⁴⁴ Under krigen hadde han fått augene opp for dei økonomiske teoriane til John M. Keynes.⁴⁵ Arbeidarpartiet førte ein politikk som botna i planøkonomiske prinsipp, bygd på folkestyrets grunn. Døme på dette finn vi i midlertidige lovendingar som mellom

⁴⁰ Skirbekk 2010: 121

⁴¹ Dølvik, Fløtten, Hernes og Hippe (red.) 2007: 71

⁴² Arbeidsprogrammet 1953-57 Det norsk Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940-71) 1953 (A) Arbeidsprogrammet Boks 63

⁴³ Jmf. Arbeidsprogram 1962-65 En politikk for 1960-åra. Det norsk Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940-71) 1961 (U) Boks 257

⁴⁴ Gjennom sitt virke som finansminister og handelsminister etter 1945, og seinare som sjefsdirektør i Norges Bank er han kanskje den enkeltpersonen som har hatt mest å seie for utforminga av norsk økonomisk politikk etter krigen.

⁴⁵ Britisk samfunnsøkonom, rekna som makroøkonomiens far. Dei økonomiske teoriane hans var eit svar til nedgangstidene under første verdskrig, depresjonen og andre verdskrig. Teorien hans sa mellom anna at økonomisk vekst vart driven av forbruk, ikkje sparing.

anna førte til ei omfattande prisregulering. Siktemålet var å utnytta dei økonomiske ressursane ein hadde til rådighet til det fulle.⁴⁶

Den politikken som kjem til syne etter 1945 bygger i all hovudsak på industrireising, industrialisering, rasjonalisering og modernisering.⁴⁷ Desse tankane var ikkje nye. Allereie før krigen hadde fleire teke til orde for at dette var måten Norge skulle koma inn i den moderne verda på, men planane hadde vore omstridt og dermed ikkje sett i verk. Krigen la i så måte eit godt grunnlag for å få gjennomført dette, då store delar av landet låg i ruin som følgje av krigens herjingar. Dette gjeldt då særskilt for dei nordlegaste fylka, spesielt Finnmark. Etter krigen var tonen langt meir positiv, mellom anna fekk ein no gjennomslag for å bygga eit norsk jernverk.⁴⁸ Målet var å satsa på industri i område der ein allereie hadde naturlege ressursar å ta av som tre, fisk og malm. Sjølv om det i stor grad var knytt optimisme til den nye industrialisering var det også motstandarar. Internt i Arbeidarpartiet var det ein ”agrarfløy” som var meir opptekne av jordbruk og vegbygging i distrikta, framfor å gjera industri til hovudprioritering og satsingsområde.⁴⁹

Då krigen var over vart alle dei politiske partia enige om eit fellesprogram, dette var nok ein del av årsaka til at Arbeidarpartiet fekk driva på mykje slik som dei ville utan for mykje innblanding. Så lenge gjenoppbygging av landet var prioriteten var dei andre partia med på dette, inkludert større grad av statleg kontroll. I Nordby si bok ”Arbeidarpartiet og planstyret 1945-1965” hevdar han at, i tillegg til denne politiske einigheita, var det også ei einestående samling av makt for Arbeidarpartiet fordelt mellom stat, parti og fagbevegelsen. Her finn vi Einar Gerhardsen som statsministar og partileiar i Arbeidarpartiet, deretter finn vi Haakon Lie som i kraft av å vera partiets generalsekretær hadde betydeleg innflytelse og makt. Det tredje maktsentrumet var Konrad Nordahl som var leiaren for LO.⁵⁰ Etterkvart kunne ikkje Arbeidarpartiet argumentera for politikken gjennom attreisingsprosjektet, og dermed forsvann også partiet sitt sjølvstyre. Grunna tapet av sjølvstyre, hevdar Nordby at det er meir snakk om ein sosialdemokratisk politikk framfor ein sosialdemokratisk stat.⁵¹ Med dette meiner ein at regjeringa i stadig aukande grad måtte ta omsyn til dei andre

⁴⁶ Hirsti 1952: 12

⁴⁷ Bergh 1987: 162

⁴⁸ Ibid: 162

⁴⁹ Ibid: 163

⁵⁰ Nordby (red.) 1993: 7

⁵¹ Ibid: 8

partia, men også ulike interesseorganisasjonar som eksisterte. I tillegg til dette tapet av hegemoni var det også ei aukande intern spenning i partiet mellom to målsetjingar, der ein finn økonomisk vekst på den eine sida og sosial utjamning på den andre. I tida etter krigen ser ein at den politiske leiinga ofte valde økonomisk vekst grunna behovet for eit stadig aukande behov for kapital.

Etter 1945 ønskjer Norge altså å skapa ein stat med felles goder for alle landets innbyggjarar, men kvar passar fiskeripolitikken inn i denne samanhengen. Handlar den om sysselsetjing der fisket måtte omstrukturert grunna behov for arbeidskraft i andre næringar, verdiskaping eller distriktspolitikk.

2.3 Hovudtrekk i fiskerinæringa mellom 1945 og 1965

Eit av dei viktigaste spørsmåla i fiskeripolitikken og fiskerinæringa var relatert til trålarlova og kven som skulle ha eigedomsretten til slike farty. Spørsmål om eigedomsrett hadde vore eit heitt tema alt i 1930-åra grunna konflikten mellom dei tradisjonelle kystfiskarane og den veksande andelen av trålarar. I 1941 vart det slått fast ved forordning at kun aktive fiskarar skulle ha eigedomsrett til fiskefarty, dette vart lovfesta i 1947 med Lov om eigedomsrett. Denne lova vart ein av berebjelkane i den norske fiskeripolitikken sidan eigedomsrett og trålarlova heng saman slik at dei regulerte kven som skulle eiga og drifta fiskefarty.

Å modernisera ei næring som i så stor grad var knytt til tradisjonar skulle syna seg å by på store utfordringar. Med ny teknologi innan kjøleteknikk hadde ein no eit grunnlag for nyvinning av fiskeforedlinga med sikte på eksport og høgare prisar på fiskeprodukt. Med dette siktemålet stod ein no ovanfor spørsmålet om ein skulle satsa på mange små anlegg eller store sentraliserte bedrifter. Tanken om industriell produksjon i fiskerinæringa hadde sine røter tilbake til 1930-talet. Til tross for at fiskerinæringa på den tida var inne i ei djup krise valde staten å investera i utbygging. Årsaka var at sjølv om Norge fiska meir enn noko anna land i Vest-Europa, så fekk fiskarane berre betalt om lag ein fjerdedel av det britiske fiskarar fekk. Grunnen var enkel, den norske fisken som vart ilandført vart tilverka som tørrfisk og saltfisk og eksportert til land med dårleg kjøpekraft.⁵² Råfisklova av 1939 og Trålarlova av 1939

⁵² Finstad 2010: 162

skulle virka, som synt tidlegare, slik at dei organiserte fiskarane fekk lovfesta rettar til førstehandsomsetninga og prisfastsetjinga, dette skulle hjelpa på prisproblemet i fiskerinæringa.⁵³

Det er viktig å merka seg at fiskeripolitikken ikkje oppstod heilt plutselig etter krigen, men den kom som eit resultat av det arbeidet partiet hadde byrja på 1930-talet, samt iherdig arbeid under okkupasjonen då mange sentrale politikarar var i England og USA. Mellom anna var Klaus Sunnanå sentral i den attreisingsstrategien som vart planlagt i London-regjeringa. Det var i så måte ei stor grad av kontinuitet mellom krigstid og etterkrigstida, mellom anna kan ein sjå dette i planleggingsarbeidet for fiskeindustrien i Finnmark og Nord-Troms.⁵⁴ I tida etter krigen vart det fortsatt arbeidd med korleis ein skulle attreisa Finnmark. Eit forslag var å bygga opp ein fryseindustri i regionen. Fi-No-Tro-planen var klar i februar 1948 etter at ein komité bestående av 18 mann, hovudsakleg frå forvaltinga og Norges Fiskarlag, hadde utarbeidd ei innstilling om bygging av allsidige fiskeforedlingsanlegg i Finnmark og Nord-Troms.⁵⁵ Planen føreslo ei etablering av eit frosenfiskkonsern med tolv anlegg i Nord-Troms og Finnmark. Ifølgje Finstad er det eigarskapsforma som er det mest oppsiktsvekkande med planen då staten skulle stå som majoritetseigar, med Norges Fiskarlag, Norges Råfisklag og LO som minioritetseigarar. Det må seiast at med desse tre som medeigarar er Fi-No-Tro ei gjennomsyra Arbeidarpartibedrift. Staten, representert av Fiskeridepartementet, sat med heile 98 prosent av aksjane. I det første styret som vart utnemnt var det sju medlemmar, der alle unntatt to var medlemmar av Arbeidarpartiet. I åra mellom 1951 og 1955 vart selskapet bygd opp etter planen med eitt unntak. Det var planlagt eit anlegg i Hammerfest, men det gjekk ut då private Findus etablerte seg.⁵⁶ Dersom ein ser etableringa av Fi-No-Tro frå fiskarane sin ståstad meiner Finstad at selskapet kom som ei forlenging av deira økonomiske kamp frå mellomkrigstida mot nessekongane, og andre som kjøpte fisk, sin maktposisjon.⁵⁷ Frå staten si side var motivasjonen å føra fiskarane i dei nordlege landsdelane ut av

⁵³ Finstad 2010: 163

⁵⁴ Ibid: 166, 168

⁵⁵ Ibid: 169

⁵⁶ Ibid: 170

⁵⁷ Kallenamn på ein småkonge som ikkje hadde meir land å rå over enn eit nes. I nyare tid vert det ofte nytta om mektige nordnorske handelsmenn.

det økonomiske uføre dei hadde opplevd i mellomkrigstida, samt å sikra sysselsetjing langs kysten.⁵⁸

Sjølv om fiskarane i og for seg godtok utviklinga i den nye foredlingsindustrien, skapte det likevel uro. Norges Fiskarlag hadde ingen store innvendingar mot at samvirket no vart svekka, men ein var redde sidan utbygginga førte til at ein måtte ha ein stabil tilgang til store mengder fisk. Med dette vart det tidlegare konfliktfylte spørsmålet om trålbruk igjen eit heitt tema. Bjørn Sagdahl gjer i ein artikkel frå 1975 greie for trålfisket si utvikling i Norge. Heilt sidan starten hadde framveksten av ein norsk trålarflåte vorte utsett for kritikk, då særskilt frå kystfiskarane. Årsaka var at dei såg heile sitt næringsgrunnlag potensielt truga av dei som dreiv med fiskeforedling, og som no såg sitt snitt til å sikra råstoff til eigen produksjon på eiga hand. Dei norske kystfiskarane hadde sett ei urovekkjande utvikling i England, og var redde for at det same skulle skje i Norge. Utviklinga i England hadde ført til at distrikta måtte lida til fordel for rasjonalisering og styrking av byane. Kystfiskarane i Norge var også bekymra for at fiske med trål ville føra til ei overbeskatning av fiskeressursane, som i tur ville gje dårlegare forhold for fiske i åra som kom. På den andre sida finn vi trålarnæringa som hevda at den tradisjonelle norske fiskeflåten ikkje var effektiv nok.⁵⁹ Sagdahl plasserar dei gruppene som hadde interesser i trålsaka i to leirar. På den eine sida finn vi kystfiskarane representert av Norges Fiskarlag, og på den andre sida finn vi dei som var for innføring av trål med støtte frå mellom anna Fiskebåtredernes Forbund. Då desse gruppene stilte ulike krav til myndigheitene, vart det opp til staten å løysa konflikten.⁶⁰

I 1957 vart det nedsett eit utval som fekk namnet Torskefiskutvalet.⁶¹ Utvalet sitt mandat var følgjande;

1. Analysera lønsemda og moglegheitene for dei norske torskefiskeria.
2. Vurdera rasjonalitet og effektivitet i samband med omsetning, produksjon og eksport av torsk og torskeprodukt.
3. Sjå på dei gjeldande garanti- og tilskottsordningane og ytra seg om kor vidt det var naudsynt med midlertidig statleg økonomisk stønad.⁶²

⁵⁸ Finstad 2010: 171

⁵⁹ Sagdahl: 2

⁶⁰ Ibid: 3

⁶¹ I litteraturen også kalla Brofoss-utvalet.

⁶² St. meld. nr. 71 (1958): 1

Utvalet skulle greia ut om korte og langsiktige problem som fiskerinæringa stod ovanfor. Som formann i utvalet finn vi Erik Brofoss. Dei øvrige medlemmane var statssekretær Olaf Grønaas, ekspedisjonssjef Sigurd Lorentzen og bankinspektør Finn Bryhni. Bryhni hadde vore medlem av Arbeidarpartiet sitt interne fiskeriutval i åra 1949-50. I 1958 gav utvalet si innstilling til Fiskeridepartementet. Bakgrunnen for at utvalet var nedsett var den stadig synkande lønsemda i fiskerinæringa. Det var fleire faktorar som spela inn på dette, mellom anna var kjøpekrafta i forbrukarlanda svekka grunna at førstehandsprisen på torsk hadde gått opp om lag tre gonger samanlikna med før krigen.⁶³ Staten hadde nytta så mykje av Prisreguleringsfondet i 1957 at det i året etter ikkje var moglegheit for å gje tilsvarande tilskot.⁶⁴ Utvalet kom fram til at sjølv om førstehandsprisen hadde auka, låg fiskarane likevel i bakevja samanlikna med lønsutviklinga i andre yrke.⁶⁵

Torskefiskutvalet trekte i stor grad opp retningslinjene for staten si innblanding i fiskerinæringa i åra etter. Spørsmålet var kva staten kunne bidra med når næringa var økonomisk på veg utfor eit stup. Det vart i ein tiårs-periode bygd opp omfattande støttetiltak for fiskerinæringa. Torskefiskutvalet av 1957 meinte at den beste medisinen for fiskerinæringa var å driva hav- og bankfiske med trål for å få næringa levedyktig att. Ottar Brox var ein av dei som var motstandar av dette utvalet sine funn, han meinte at staten ikkje tok omsyn til dei nord-norske sjarkfiskarane. Brox var samfunnsvitar og aktiv politiskar i Sosialistisk Folkeparti. I 1966 gav han ut boka "Hva skjer i Nord-Norge" som var ein kritisk analyse av samanhengen mellom levekåra til befolkninga i nord og dei nasjonale politiske strategiane. Han meinte det fanst eit alternativ til den rådane teknokratiske politikken.⁶⁶ Den typen argumentasjon Brox kjem med er eit døme på at fiskeripolitikk også var distriktspolitikk.

I 1963 låg Fiskeridepartementet fram eit forslag om å utarbeida eit investeringsprogram for fiskeflåten i perioden 1963-65.⁶⁷ Utvalet som skulle jobba med dette var utnemnt internt av Fiskeridepartementet og fekk namnet

⁶³ St. meld. nr. 71 (1958): 1

⁶⁴ Prisutjæmningsordning der prinsippet var at eksportørane betalte inn til eit prisutjæmningsfond når eksportprisane var høgare enn det som kunne reknast som rimeleg fortjeneste. Fondet var på sitt høgaste i 1953 med heile 135 mill. kroner, men desse midlane vart brukt opp i perioden 1953-58 då eksportprisen på fisk var dårleg og prisane på reiskapar gjekk opp.

⁶⁵ St. meld. nr. 71 (1958)

⁶⁶ Jmf. Brox 1966

⁶⁷ St. meld. nr. 75 (1962-63) vedlegg 2

Investeringsutvalet. Medlemmane av utvalet var Gunnar Gundersen frå Fiskeridepartementet, fiskeridirektør Klaus Sunnanå, Trygve Aas, Hermod Skånland frå Finansdepartementet og Harald Rogne frå Statens Fiskarbank. Sunnanå sat då i Arbeidarpartiet sitt fiskeritutval, Gundersen vart medlem året etter.

Utvalet sitt mandat var å trekkje opp retningslinjer for den vidare utbygginga av fiskeflåten, samt å koma med forslag til retningslinjer og utlånsrammer for Statens Fiskarbank. I innstillinga vart følgjande fiskerispørsmål i hovudsak behandla; naturgrunnlaget, sysselsetjing, fiskefartya si lønsemd og fiskeflåten si samansetjing. Under punkt to i innstillinga vart det sagt at torske- og sildefisket framleis måtte reknast som hovudgrunnlaget i fiskerinæringa, og at ei endring i desse fiskebestandane ville påverka lønsemda i fisket. For å kunna oppretthalda eit rasjonelt og lønsamt fiske ville det i tida framover verta stadig viktigare med pålitelege prognosar, slik at ein til ein viss grad kunne estimera kva utbytte ein kunne forventa seg. Mellom anna kunne ein, basert på havforskning, sjå at bestanden av skrei i Barentshavet var kraftig redusert i åra etter krigen. Før krigen vart det fiska 130 000 tonn, medan i åra etter 1962 estimerte ein den norske oppfiskinga av skrei til mellom 60- og 70 000 tonn.⁶⁸

Talet på sysselsette i fiskerinæringa hadde også i åra etter krigen gått kraftig ned. Ifølgje fiskeriteljingane var det i 1960 61 000 fiskarar, til samanlikning var det i 1948 heile 85 000.⁶⁹ Denne nedgangen var jamt fordelt over heile landet, med ein nedgang mellom 25 prosent og 37 prosent. Talet på dei som hadde fiske som hovudyrke hadde gått opp med 28 prosent. Også talet på gardsbruk som var drifta av fiskarar, den såkalla fiskarbonden, hadde gått betrakteleg ned i perioden 1948 til 1960 med heile 36 prosent. Dette fortel oss at staten sin politikk for å få ned talet på fiskarar, samt å få dei som dreiv fiske til å driva heile året, hadde lukkast. Fiskefartya si lønsemd ga fram til 1957 overskot, nesten uavhengig av storleiken på fartya. Året 1958 står som eit utprega underskotsår, då særleg for farty over 70 fot. Åra etter, i 1959- 1960, betra driftsresultata seg noko, i alle fall for farty i Nord-Norge.⁷⁰

I punkt ni av innstillinga kom utvalet med anbefaling om ei vidare utbygging og modernisering av fiskeflåten. Dei konkluderte med at tilbakegangen i talet på

⁶⁸ St. meld. nr. 75 (1962-63) vedlegg 2: 17

⁶⁹ Disse tala gjeld for den totale andelen av fiskarar, både dei som hadde det som hovudyrke og biyrke.

⁷⁰ St. meld. nr. 75 (1962-63) vedlegg 2: 21 tabell 2

fiskarar utvilsamt hang saman med sosiale og økonomiske forhold. I åra rett etter krigen var det stabil høg sysselsetjing i næringslivet, samt eit større fokus på utdanning som gjorde at yngre generasjonar hadde fleire val når det gjaldt yrkesveg. Utvalet meinte at denne straumen vekk frå fiskeria ville fortsetja i åra framover.

Store delar av fiskefartya var framleis berekna på kystfiske, men flåten var faretruande stor i høve til å overbeskatta fiskeribestandane langs kysten. For å bøta på dette meinte Investeringsutvalet at det ville vera hensiktsmessig å i større grad satsa på hav- og bankfiske. Det var den tekniske utviklinga som hadde ført til at fiskeflåten hadde auka si fangstmengd og effektivitet betrakteleg. Ressursgrunnlaget heldt som sagt ikkje tritt med denne utviklinga, og eg meiner dette var ein del av den argumentasjonen som var med på å gjera overgangen frå det tradisjonelle kystfiske til hav- og bankfiske legitim for myndighetene. Med ein overgang til hav- og bankfiske meinte utvalet at hovudvekta av investeringsprogrammet burde leggest på ei fornying og modernisering av flåten. Det burde også stimulerast til kjøp av eit større tal på farty i storleiken 80 fot eller over.⁷¹

Med bakgrunn i desse vurderingane kom utvalet med eit forslag om eit sanerings- og fornyingsprogram for perioden 1963-65. Dette programmet skulle også setja rammene for utlånsverksemda til Statens Fiskarbank.

1. Å yte lån til modernisering eller forbetring av eksisterande farty.
2. Medverka til ei fornying av kyst- og bankfiskeflåten og havfiskeflåten i storleiken mellom 60 og 150 fot.
3. Medverka til finansiering av havfiskefarty over 150 fot.
4. Yte lån til nybygging av farty i storleiken 30 til 60 fot burde kune giast under spesielle forhold der det var ønskjeleg frå det gjeldande distriktet med slik nybygging.
5. Syna måtehald i å yta lån til farty under 30 fot.⁷²

Utlånsrammene til fiskarbanken var samla på 60 millionar kroner, men to av utvalets medlemmar, Sunnanå og Rogne, uttalte at med dei uforutsigbare forholda i fiskerinæringa ville det ikkje vera rett å binda seg til eit slikt maksimum. For å setja i gang denne moderniseringa og utskiftinga av fiskeflåten vart det også sett av pengar til å gje stønad for kondemnering av eldre og mindre hensiktsmessige farty. Utvalet

⁷¹ St. meld. nr. 75 (1962-63) vedlegg 2: 29

⁷² Ibid.

meinte at ein gjennom ein treårsperiode burde kondemnera over 1000 farty. For å oppnå dette foreslo utvalet mellom anna å auka satsane for tilskot til kondemnering.⁷³

Investeringsutvalet si innstilling vart etter behandling i Stortinget sendt ut til Norges Fiskarlag, Fiskebåtredernes Forbund og Norske Trålrederiers Forening for kommentering. Alle organisasjonane var einige med innstillinga og meinte at ein burde koma i gang med arbeidet snarast. Investeringsutvalet skisserar fire hovudproblem i den norske fiskerinæringa; marknadsforhold, sysselsetjing, lønsemd, samt fiskeflåten sin alder og samansetjing. Det vart opp til staten å velja korleis dei ville behandla forslaga til utvalet, og med det ta stilling til korleis dei skulle angripa situasjonen og leggja opp fiskeripolitikken i perioden.

I 1963 vart også Subsidiutvalet oppnemnt. Dette utvalet skulle behandla spørsmålet om ein mogleg hovudavtale mellom Norges Fiskarlag og staten om støttetiltak knytt til fiskerinæringa.⁷⁴ Formannen i utvalet var også her Gunnar H. Gundersen. I innstillinga frå utvalet vart det gjort greie for dei problem som var knytt til inntektsforholda i næringa, og problemet med generell lønsemd i næringa. Utvalet var av den oppfatning at generell statsfinansiert inntektsstønad til fiskarane måtte sjåast på som eit ekstraordinært tiltak. Dei hevda at normalt sett burde det vera mogleg for godt utstyrte farty av ein rimeleg storleik å driva eit lønsamt fiske heile året. Grunna fiskeria si oppgjersordning foreslo utvalet at for å måla lønsemda skulle ein nytta lønsevna til farty, det vil seie fartyet si samla driftsinntekt minus driftskostnadane. Dersom denne lønsevna var for låg og ein dermed måtte ta i bruk statleg inntektsstønad, så skulle den fordelast slik at ein oppmoda fiskaren til å utnyttja dei moglegheitene som var tilgjengelege for å driva mest mogleg lønsamt. Utvalet konkluderte med at eit nærare samarbeid mellom sentrale myndigheiter og Norges Fiskarlag var naudsynt for å betra den økonomiske stoda i fiskerinæringa. Dette skulle sikra eit gjensidig og kontinuerleg arbeid for å auka produktivitet og inntekt.

I 1962 hadde Norges Fiskarlag fått mandat til å forhandla på vegne av alle lag knytt til fiskerinæringa. Dette må ein kalla eit gjennombrøt for fiskarstanden. Før hadde kvart enkelt lag forhandla på vegne av seg sjølv, noko som var problematisk på fleire måtar. For det første gjorde denne forhandlingsforma at kvart lag stod mykje svakare enn dei hadde gjort om dei stod samla. For det andre var denne måten å forhandla på svært tidkrevjande for staten. Jordbruket hadde fått ein liknande avtale

⁷³ St. meld. nr. 75 (1962-63) vedlegg 2: 30

⁷⁴ Jmf. St. prp. nr. 143 (1963-64)

alt i 1952.⁷⁵ Etter forhandlingar mellom staten og Norges Fiskarlag vart Hovudavtalen mellom staten og fiskeriene godkjend 3. juni i 1964. I avtalen var det eit eige avsnitt om korleis støttetiltaka skulle gjennomførast i den første avtaleperioden som strekte seg frå 1964-68. Grunnlaget var at tiltak skulle bidra til å vidare effektivisera fisket, tilverking og omsetning, samt at det skulle takast sikte på å avvikla pristilskotta i perioden.⁷⁶ Herunder låg det eit ønske om at kondemnerings- og investeringsprogrammet skulle gjennomførast i eit raskt tempo.⁷⁷ Hovudavtalen var meint som ei kortsiktig avtale mellom dei to partane, men den vart ikkje avvikla før ut på 1990-talet.⁷⁸

Kapittel 3: Det norske Arbeidarparti sin fiskeripolitikk slik den kjem til uttrykk i partiprogramma i perioden 1945 til 1965

3.1 Innleiing

I tråd med den generelle næringspolitikken, som synt i kapittel to, skulle fiskerinæringa moderniserast for å passa inn i den nye vekst- og industrialiseringsstrategien. Talet på fiskarar skulle ned, fartya skulle verta større og fangsmetodane skulle effektiviserast for å gje mest mogleg utbytte.

I nasjonalbudsjettet for 1947 var målet å oppretthalda det same fangsvolumet med mindre enn 30 000 yrkesfiskarar og 10 000 sesongfiskarar. Dette betydde at heile 80 000 fiskarar vart gjort overflødige.⁷⁹ Eit særskilt fokus måtte difor leggjast på foredlingsindustrien, spesielt filetfabrikkane og fryserianlegga, for å skapa nye arbeidsplassar. Som grunnlag for ny inntekt hadde ein store forhåpningar til frosen fiskefilet som ei stor og viktig eksportkjelde.

Dei naturgjevne føresetnadane for fisket kan variera og den betalande marknaden for fiskeprodukt kan variera. Dette var faktorar som påverka fiskaren sitt livsgrunnlag då dei ofte fekk løn i form av lott eller andel som vi tidlegare har sett.

⁷⁵ Helle, Dyrvik, Hovland og Grønlie 2013: 317

⁷⁶ St. meld. nr 7 (1964-65)

⁷⁷ St. meld. nr. 75 (1962-63) vedlegg 2

⁷⁸ Hovudavtalen mellom fiskarane og staten vert nærmare omtala i kapittel seks.

⁷⁹ Tjelmeland 1993: 16

Før krigen hadde det ikkje vore tilrettelagt for ei planmessig avtaking og foredling av dei ofte store fangstmengdene som vart ført i land. Dette førte ofte til ei ugunstig dumping av prisen grunna omsetningsvanskane som oppstod. Sidan det var ei umogleg oppgåve å omsetja all fisken i fersk tilstand vart det difor naudsynt å bygga ut fryseriverksemda, men eit slikt prosjekt var svært kapitalkrevjande.

Etter krigen syner det seg tre hovudtendensar i fiskeripolitikken; rasjonalisering, overføring og regulering. Desse følgjer kvarandre parallelt, men har kvart sitt "storheitstiår".⁸⁰ Ifølgje Johnsen er det fire overordna målsetjingar som er knytt til den statlege økonomiske støtta, eller overføringar;

1. Sikring av høgare lønsevne for fiskarane.
2. Sikring av trygge og gode arbeidsplassar for fiskarane.
3. Bidra til bevaring av eksisterande busetjingsmønster.
4. Vern av ressursgrunnlaget.⁸¹

Desse fire punkta er ikkje vanskelege å kjenna at når vi skal sjå på Arbeidarpartiet sine arbeidsprogram.

Partiprogramma som er tilgjengelege i tida mellom 1945 og 1965 er av ulik karakter der ein skil mellom prinsipp- og valprogram. Prinsippprogram vert vedtekne på partiet sitt landsmøte og seier oss noko om kva ideologi og grunnsyn eit parti har. Valprogramma til partiet bygger vidare på desse grunnsyna og tek føre seg dei konkrete oppgåvene eit parti vil prioritera i den kommande valperioden.⁸²

Arbeidarpartiet sette ned eigne programkomitear som skulle utarbeida program for ulike saksfelt i norsk politikk, deretter vart forslaga sendt inn til landsstyret i forkant av landsmøtet. Styret sendte forslaga for kvart saksfelt ut på høyring i aktuelle fora. Eventuelle endringar vart sendt inn til landsmøtet og diskutert der. Ein redaksjonskomité forfatta så det endelege programmet før det vart vedteke på landsmøtet. Ifølgje kjeldematerialet som har vore tilgjengeleg om Arbeidarpartiet sitt interne fiskeriutval kjem det fram at medlemmane av dette utvalet har hatt mykje av ansvaret for å utarbeida dei delane av partiprogramma som har omhandla fiskerinæringa, i det minste har dei fungert rådgivande for partiet i si utforming av partiprogramma.

⁸⁰ Nordstrand 2000: 325

⁸¹ Johnsen 2004: 172

⁸² <http://ndla.no/nb/node/84623> Henta 15.10.12

Det er to omgrep som går att i arbeidsprogramma; modernisering og rasjonalisering. Det kan vera hensiktsmessig å avklara kva som ligg i desse omgrepa. Modernisering tyder i all enkeltheit å gjera noko moderne, eller å omdanna etter tidas krav og smak. I samfunnsvitskapen er ordet eit samleomgrep for ulike kjenneteikn ved nyare industrisamfunn, der det motsette av det moderne vil vera det tradisjonelle. I daglegtalet tyder tradisjon kulturemne som vert overført frå ein generasjon til ein annan.⁸³ Petter Holm definerar moderniseringa som skjer i fiskerinæringa som synonymt med industrialisering og teknologisk rasjonalisering som etter krigen vart driven fram ovanfrå av myndigheitene, organisasjonstoppar og industrialistar.⁸⁴ Holm argumenterar også for tre ulike typar av modernisering; bygdenæringsmodellen, industrimodellen og ressursforvaltingsmodellen.⁸⁵ Den førstnemnte hadde sitt gjennombrøt i mellomkrigstida, då den norske fiskerinæringa vart bygd opp med eit sterkt vern mot endringar i marknaden og prisfall. Industrimodellen gjekk ut på å nytta formelle styringsteknikkar, vertikal integrasjon og masseproduksjon. Denne modellen tolte ikkje ustabil tilgang på råstoff. Dette ser ein att i fiskeripolitikken som blir ført, med eit stadig større fokus på å bygga ut fiskeflåten med større farty som kunne levera råstoff regelmessig og i store kvantum til dei nye foredlingsbedriftene på land. Den tredje modellen dominerte på 1980-talet då vitskapen for alvor vart ein del av fiskerinæringa og politikken.⁸⁶ Tradisjon og modernisering er to omgrep som ikkje går hand i hand i fiskeria. Den tradisjonelle kystfiskaren og hans reiskapar, måtte vika for den rasjonelle hav- og bankfiskaren som nytta større farty og andre fangsmetodar som til dømes trålen.

Rasjonalisering er eit omgrep knytt til samfunnsøkonomi og er kjenneteikna av tiltak som fører til auka avkastning og meir fornuftige produksjonsformer. Ofte vert rasjonalisering nytta om alle tiltak som gjekk auka produktivitet per arbeidar. Ein kan forklara rasjonalisering som ei omlegging som fører til større avkastning i forhold til innskot. Litteraturen kring rasjonalisering skil mellom ulike typar rasjonalisering, blant dei finn vi teknisk-, organisatorisk-, produkts-, arbeids- og strukturrasjonalisering. Særleg har den tekniske rasjonaliseringa vore viktig for produksjonsvekst sidan den industrielle revolusjonen på midten av 1800-talet. For

⁸³ <http://snl.no/modernisering> Henta 02.11.2012

⁸⁴ Holm 1996 : 110

⁸⁵ Ibid: 112

⁸⁶ Ibid: 113

denne oppgåva vil teknisk- og organisatorisk rasjonalisering vera særskilt sentrale. Teknisk rasjonalisering vil mellom anna seie innføring av meir effektive hjelpemiddel og betre prosessar. Organisatorisk rasjonalisering omfattar mellom anna betra planlegging av produksjon og endring i lønssystem.⁸⁷ Bruken av omgrepet rasjonalisering har i fiskeria vorte nytta om auka produktivitet per arbeidar. Det kan vi sjå ved til dømes innføring av trål og det statlege ønskje om å få ned talet på fiskarar i forhold til fangsmengd og utbytte.

3.2 Parti- og fellesprogram for perioden 1945- 1949

På landsstyremøtet til Arbeidarpartiet 28.- 29. mai 1945 vart det vedteke eit forslag til dei politiske partia sitt fellesprogram etter krigen.⁸⁸ Forslaget utgjorde til saman femten punkt. ”Våre næringers stilling skal utredes” var det siste, og omhandla mellom anna fiskerinæringa og jordbruket. Det vart her sagt at ein av dei største oppgåvene landet stod ovanfor var attreisninga av fiskeria. Dette skulle skje gjennom eit samarbeid mellom fiskarane sine organisasjonar og staten. For å få ei oversikt over dei problema fiskerinæringa stod ovanfor rett etter andre verdskrigs måtte heile næringa kartleggast økonomisk. Målsetjinga måtte vera at næringa vart lønsam for dei som var sysselsett i den. Dei politiske partia sitt felles program vart lagt fram av kong Olav ved ilandstigning 7. juni 1945.⁸⁹ Programmet vart forfatta på bakgrunn av ein komité som under krigen hadde utarbeidd eit forslag. Denne komiteen bestod av representantar frå dei fire største partia Høgre, Arbeidarpartiet, Bondepartiet og Venstre. Den 31. mai 1945 vart det innleia forhandlingar mellom dei same partia om eit samarbeid med grunnlag i eit felles program. Fellesprogrammet hadde fem hovudpunkt. Fiskerinæringa vart omtala under punkt to om den økonomiske politikken. Her vart det gjort klart at ein skulle arbeida for ei planmessig og rask fornying av fiskeflåten på ein slik måte at den fortsatt skulle tilhøyra fiskarane. Det vart lagt vekt på ei utvikling av moderne fangst- og tilverkningsmetodar, der ein mellom anna skulle utnytte fryse- og kjøleteknikken til framstilling av fiskeprodukt som kunne gje store inntekter for næringa.

⁸⁷ <http://snl.no/rasjonalisering/økonomi> Henta 02.11.2012

⁸⁸ Arbeid til alle 1945

⁸⁹ Arbeid for alle. De politiske partiers felles program 1945

I 1945 forfatta Arbeidarpartiet eit prinsippprogram, "Arbeid og samvirke 1945", dette var retningslinjer for partiet sitt hovudprogram.⁹⁰ I desse retningslinjene for Arbeidarpartiet sitt første program etter krigen er fiskerinæringa omtala på om lag 1 ½ side av til saman 20 sider. Det er ein stor jobb som Arbeidarpartiet tek fatt på då dei kjem til makta i 1945. Under overskrifta "Arbeidsordning i Storting og departementar" klargjorde dei mellom anna arbeidsfordelinga mellom Storting og regjering. Det framgår her at partiet ønskjer å samla alt som angjekk fiskeria i eit eige fiskeridepartement. Dette vart realisert i 1946 då Norge som det første landet i verda fekk sitt eige fiskeridepartement med Reidar Carlsen som den første ministaren. Før 1946 hadde fiskerisaka vore underlagt Handelsdepartementet.

Under overskrifta "Trygge kår for kystfolket" er fiskeria i hovudsak omtala. Her vart det vektlagt at sjølv om norske fiskarar lenge hadde vore motstandarar av trålfiske og for å ivareta tradisjonelle bruksmåtar, så var det naudsynt å sjå til meir effektive bruksmåtar for å kunne hevda seg på den internasjonale marknaden. Dette ville i tur føra til at ikkje like mange kunne vera sysselsett i næringa sitt fangstledd. Derfor vart det naudsynt å skapa nye arbeidsplassar for dei som den teknologiske nyvinninga no pressa ut. Ei slik omlegging av næringa måtte, ifølgje programmet, gjennomførast i ein samla plan på ein slik måte at den "ikke fører til slike forhold at egoistiske privatkapitalistiske interesser får høve til å utbytte fiskerne". Dette skulle skje ved at fiskarane gjennom statleg stønad, samt økonomisk og fagleg samvirke, skulle ta leiinga i den moderniseringa og rasjonaliseringa som måtte til. Her går programmet langt i å seie at fiskarane sjølve skulle ha kontroll over næringa.

Innleiingsvis under overskrifta "Trygge kår for kystfolket" legitimerar Arbeidarpartiet sin fiskeripolitiske ståstad for auka bruk av trål. Dei anerkjenner fiskarane sin motvilje mot utstrakt bruk av trål som var at ei slik omlegging av fiskeflåten ville krevja så stor kapital at dei fleste fiskarane ville verta lønsarbeidarar, samt at fleire av dei som dreiv med fisket ville verta trengt ut.⁹¹ Legitimeringa til staten var at dersom dei norske fiskeria skulle hevda seg internasjonalt, måtte ein nytta dei nye driftsmåtane og dei nye teknikkane som var mindre kostnads- og arbeidskrevjande.

Programmet sa vidare at ein ønskja ei auka lønsemd i næringa og for fiskarane som lønstakarar. Ei slik auke i lønsemd skulle sikrast mellom anna ved å reisa

⁹⁰ Arbeid og samvirke 1945

⁹¹ Ibid.

moderne tilverkningsindustri, og dermed skapa nye moglegheiter for arbeid på land i fiskeridistrikta. Samvirke er eit stikkord då programmet sa at staten måtte regulera tilverking og eksport av fiskeprodukt i første omgang, men at siktemålet skulle vera å bygga ut tilverknings- og eksportorgana som samvirkeføretak. Gjennom ei slik utbygging skulle fiskarane sjølve ta over omsetninga innanlands, samt tilverking, transport og eksport av alle fiskeprodukt.

Alle partia var etter krigen einige i at fiskeflåten, som hadde lidd store tap under krigen, måtte byggast opp på ny snarast råd. Ønskje var at det skulle skje ved norske båtbyggjeri og motorfabrikkar. Likevel var det svært kostbart å kontrahera nye farty, sjølv om fleire fiskarar gjekk saman om utgiftene etter samvirkemodellen. Difor sa programmet at statens Fiskarbank måtte byggast ut slik at ”den blir et kooperativt finansieringsinstitutt for hele næringen”. Dette innebar at banken måtte få nok kapital til å finansiera alle ledd i fiskerinæringa, frå sjølve fangstleddet til omsetning av fiskeprodukta.

3.3 Prinsipp- og arbeidsprogram for perioden 1949- 1953

I 1949 vart prinsippprogrammet ”Grunnsyn og retningslinjer” vedteke på Arbeidarpartiet sitt landsmøte.⁹² Prinsippprogrammet sitt omfang er i overkant av seks sider. Partiet gjorde her greie for sine politiske synspunkt og arbeidsoppgåver dei skulle fokusera på under sju hovudpunkt. Under punkt fire stod det at fiskarane skulle eiga dei farty og reiskapar dei nytta. Slik som elles i næringslivet skulle produksjonsmidla tilhøyra dei som dreiv verksemda.

Partiet sitt arbeidsprogram er langt meir omfattande og er på litt over elleve sider, der fiskeria er nemnt på om lag ei halv side.⁹³ Her la partiet fram sine syn på oppgåvene dei stod ovanfor i åra som kom i åtte hovudpunkt. Fiskerinæringa vart i hovudsak nemnt under overskrifta ”Næringene”. Som i programmet frå 1945 vart det også her påpeika kor viktig fiskerinæringa var for landet, og at den måtte utviklast i ei retning som gav størst mogleg utbytte. Dette skulle skje gjennom rasjonalisering av både drifts- og foredlingsleddet, der hovudvekta skulle leggast på å oppmuntra og støtta fiskarane sine eigne samvirketiltak. Det skulle dermed også gjevast stønad til vidare utbygging av fiskarane sin samvirketiltak. Vidare sa programmet at ein måtte

⁹² Grunnsyn og retningslinjer 1949

⁹³ Arbeidsprogrammet 1949

søka å reisa industri i fiskeridistrikta for å fullt utnytta den arbeidskrafta som var tilgjengeleg. Også dette var meint som tiltak som ville gje ei vidare rasjonalisering av næringa. Det skulle også opprettast yrkesskular for fiskarar, og lærebruk for tilverkarar, fiskearbeidarar og andre som var knytt til fiskeindustrien på land. Det som var nytt i dette programmet var at det skulle gjevast stønad til havforskning. Mellom anna for å sikra internasjonale avtalar om rasjonell utnytting av fiskefelt og hindra overfiske, som i verste fall kunne utrydda delar av fiskebestanden.

3.4 Arbeidsprogrammet for perioden 1953- 1957

På landsmøtet i 1953 vart valprogrammet for Stortingsperioden 1953- 1957 vedteke.⁹⁴ Dette programmet er på til saman 24 sider der fiskerinæringa tilsaman er nemnt på om lag éi side, i hovudsak under overskrifta ”Fiskeriene”. Som i dei førre programma vart fiskarane sin eigedomsrett over båt og bruk programfesta. Ei overordna politisk målsetjing for Arbeidarpartiet var å løfta dei dårleg stilte opp i betre kår, for fiskarane sin del skulle samvirket fortsatt virka som eit viktig middel for å oppnå det. Dette skulle myndigheitene oppmuntra og støtta økonomisk. Mellom anna skulle staten leggja til rette for at fiskarane kunne skaffa seg meir hensiktsmessige farty. Det statlege motivet for denne endringa i fiskeflåten var å sikra stabil tilgang på råstoff til foredlingsindustrien på land, og dermed sikra arbeidsplassane på land. Det skulle også leggjast til rette for at havforskinga kunne løysa dei vitskapelege og praktiske oppgåvene som gav auka utbytte i fiskerinæringa. Mellom anna ved å forska på fiskebestandar og beskatning.

3.5 Valprogram for perioden 1958- 1961

Valprogrammet for perioden 1958 til 1961 gjekk over tretten sider der fiskeria er nemnt på om lag ei halv side.⁹⁵ Programmet sa at målsetjinga med fiskeripolitikken var å vidare sikra ei full utnytting av dei fiskeririkdommane Norge hadde tilgang til. Programmet gir partiet ei lita klapp på skuldra, då det i programmet stod at

⁹⁴ Arbeidsprogram 1953- 1957

⁹⁵ Arbeidsprogram for Det norske Arbeiderparti Stortingsperioden 1958- 61

”Fryseteknikken, nytt utstyr og bedre redskaper revolusjonert fiskeriene”. Det var i 1958 framleis viktig å skapa stabile forhold for den enkelte fiskar og næringa. Det skulle då leggast særleg vekt på å støtta fiskarane sine samvirketiltak. Programmet understreka at det var viktig å ta omsyn til busetjingsmønster og næringsgrunnlag langs store delar av kysten som gjorde at det var naturleg å oppretthalda fiskeridrift i kombinasjon med til dømes jordbruk. Dette må seiast å vera ei noko motstridande melding, då dei også i programmet sa at ein skulle bygga farty berekna på heilårsdrift. Som i dei førre programma skulle det leggast vekt på ei vidare utbygging av fiskeflåten, med farty som var berekna på heilårsfiske. Her skulle staten gje økonomisk støtte til anskaffing av det dei kalla tidsmessige fiskefarty som kunne bidra til ei stabilisering av arbeidslivet. Denne støtta skulle fiskarane ha fortrinnsrett til. I dei tidlegare programma har fiskarane sin eigedomsrett vore programfesta. Det vart den ikkje i dette programmet. Ordlyden har endra seg frå at fiskeflåten ”må tilhøyra dei aktive fiskarane”, til at ”dei aktive fiskarane skal ha fortrinnsrett”.

3.6 Valprogram for perioden 1962- 1965

”Nye gode år” var namnet på valprogrammet for perioden 1962- 1965. Dette programmet gjekk over 18 sider der fiskerisaka er nemnt med om lag éi side.⁹⁶ Her vidareførte Arbeidarpartiet den politikken om at store investeringar var naudsynte for fortsatt økonomisk vekst. Dette skulle i det lange løp sikra fortsatt auke i levekåra for fiskarane. Dette gjeldt ikkje berre fiskerinæringa, men også andre næringar som industri og jordbruk. Fiskeripolitikken skulle også drivast i ei slik retning at ein styrka fiskeria, og at dei som hadde fiske som sitt hovudyrke skulle ha ei forsvarleg inntekt og sin ”del av den allminnelige velstandsøkning”.

Under overskrifta ”Aktuelle oppgaver for fiskerinæringen” stod det at ei vidare utbygging av fiskeflåten i samråd med fiskarane, skulle ta sikte på å modernisera flåten slik at den vart meir egna for heilårsfiske. Ei slik utbygging av fiskeflåten meinte dei ville gje grunnlag for å løysa problemet med råstofftilgang for foredlingsindustrien. Fiskarbanken vart i dette programmet trekt fram som eit viktig stønadsapparat for fiskarane slik at dei hadde moglegheit til å finansiera ei moderne

⁹⁶ Nye gode år- Det norske Arbeiderpartis arbeidsprogram for Stortingsperioden 1962- 65

utvikling av flåten.⁹⁷ Industrireising langs kysten skulle fortsetja for å kunne utnytta den fisken som kom i land til det fulle. Foredlingsindustrien skulle byggast opp og rasjonaliserast etter ein samla plan. Ifølgje programmet skulle det også gjevast vidare stønad til samvirkeordningane som tok sikte på større stabilitet og sosial tryggleik for dei som var tilsett i næringa. Med dette vart det også, slik som i det førre programmet, sagt at minstelottordninga burde byggast ut. Det same gjeldt ymse velferdsarbeid blant fiskarane, men kva det arbeidet gjekk ut på er ikkje spesifisert i programmet. Vidare tek staten på seg ansvaret for å finansiera leitinga etter nye fiskefelt samt å leggja til rette for finansieringsmoglegheiter for farty og reiskapar for dei fiskarane som måtte leggja om drifta som ein konsekvens av det sviktande ressursgrunnet i kystfiskeria. Dei siste åra hadde fiskerinæringa vore prega av sviktande fiske. Det var difor, ifølgje programmet, viktig å skapa større sosial tryggleik for dei som var sysselsett i næringa. Mellom anna skulle minstelottordninga byggast ut og vilkåra for pensjonsordningane skulle betrast.

3.7 Oppsummering

I dette kapittelet har vi sett korleis Arbeidarpartiet formulerte seg i høve til fiskeripolitikken i perioden 1945 til 1962. Det er eit gjennomgåande fokus på modernisering og rasjonalisering som heilt klart må seiast å henga saman med den generelle næringspolitikken etter krigen. Arbeidarpartiet ønskja å bygga ut velferdsstaten, samt å få alle samfunnsskissane inn i betre kår. Det gjaldt også for fiskarane. Difor vart det ein storstilt aksjon frå staten si side om å betra forholda for fiskarane. Myndigheitene meinte at dette skulle skje på fiskarane sin samvirkebasis, med økonomisk stønad frå staten. Når ein ser på programma ser ein lett at fiskeripolitikk ikkje berre var fiskeripolitikk, men også til dømes sosial- og distriktspolitikk.

⁹⁷ I dei førre programma stod det at ulike foreslegne tiltak i fiskerinæringa skulle støttast økonomisk. Ein kan då anta at det var Fiskarbanken som skulle stå for denne stønaden.

Kapittel 4: Det norske Arbeidarparti sitt interne fiskeriutval – mandat og samansetjing

4.1 Innleiing

Dette kapittelet skal omhandla det formale kring fiskeriutvalet, det vil seie kva mandat og samansetjing utvalet har frå det vart nedsett i 1937 og fram til 1965. Saksarkivet til Arbeidarpartiet sitt interne fiskeriutval er som nemnt i kapittel éin relativt tynt i åra før krigen. Arkivet syner likevel at det har vore ein viss aktivitet før krigen braut ut, med det avslørar til dømes lite om kva standpunkt dei ulike medlemmane hadde i dei sakene som har blitt behandla. Det såkalla ”ordskiftet” er nærast fråverande i denne delen av saksarkivet. For å hjelpa på dette problemet vil sentrale medlemmar i fiskeriutvalet bli skildra i kapittelet, då ein kanskje kan plassera dei i det fiskeripolitiske landskapet på den måten. Vidare skal eg ta føre meg kva arbeidsoppgåver fiskeriutvalet var tiltenkt.

4.2 Fiskeriutvalet før 1945

Arbeidarpartiet sitt interne fiskeriutval, eller ”partiets rådgjevande utval for fiskerispørsmål”, vart oppnemnt av partiet sitt sentralstyre i 1937, og hadde sitt første møte 30. oktober same år. Allereie med namnet kan ein sjå kva rolle utvalet var tiltenkt, nemleg som eit organ som skulle gje råd i fiskerisaker for Arbeidarpartiet. Det vart bestemt at P. Thorvik, Jens Steffensen, Ingvald Haugen, Birger Bergersen, Alfred Skar, Klaus Sunnanå og Abraham Hansen skulle vera dei første som sat i utvalet.⁹⁸ I utgangspunktet vart utvalet nedsett for å trekka opp retningslinjene for partiet sin fiskeripolitikk i form av eit fiskeriprogram. Det stod klart for medlemmane i fiskeriutvalet allereie då at dei kom til å måtte ta standpunkt til aktuelle fiskerispørsmål. Sentralstyret i Arbeidarpartiet fekk i oppgåve å utarbeida retningslinjer for utvalet sitt virke.^{99 100}

⁹⁸ Fornamnet til Thorvik kjem ikkje fram i møtebøkene.

⁹⁹ Namnet i parentes syner det medlemmet av fiskeriutvalet som hadde ansvar for å utarbeida oversiktene.

Allereie i 1938 såg utvalet problem i næringa som måtte løysast. På eit møte 16. januar vart det bestemt at medlemmane skulle utarbeida oversikter som tok føre seg ulike sider ved fiskerinæringa.

1. Kristetiltak i fiskerinæringa under arbeidarregjeringa (Sunannå)
2. Fiskarane si organisasjonsmessige stilling, og kva særrettar dei organiserte fiskarane burde ha (Steffensen og Skar)
3. Fiskeomsetninga og samvirket si stilling blant fiskarane (Sunnaå og Overaa)
4. Reiskapsfabrikkane, og spørsmålet om tilgang til billegare reiskapar (Overaa)
5. Trålarspørsmålet (Skar)
6. Den sosiale og driftsmessige fordelinga av fiskarbefolkninga (Sunnaå)¹⁰¹

Utvalet skjønnte nok fort at det kom til å by på ei stor arbeidsmengde å løysa desse utfordringane, dei søkte difor sentralstyret om økonomisk midlar for å gjennomføra prosjektet, noko dei fekk innvilga. I eit skriv frå utvalet til sentralstyret i Arbeidarpartiet fremja dei eit einstemt ønskje om ein sentral organisasjon som kunne administrera dei ulike komiteane og utvala som jobba med fiskerirelaterte spørsmål.¹⁰² Dette forslaget vart fremja under argumentet at fiskerinæringa var ei av dei vanskelegaste områda til partiet sitt virke, der samarbeid internt i partiet var viktigare enn på mange andre felt. Dei føreslo difor for sentralstyret at det då sitjande utvalet skulle betraktast som eit fast rådgjevande organ som skulle ha ansvaret for å skapa samarbeid mellom partiet og deira representantar i alle offentlege institusjonar og Norges Fiskarlag. I tillegg var det eit ønskje at utvalet skulle få høve til å uttala seg om Handelsdepartementet sine proposisjonar og liknande i fiskerispørsmål. I første omgang var det snakk om forslaget til den nye Råfisklova og krisebudsjettet for fiskerinæringa. Sentralstyret samtykka til dette forslaget, og med det var stillingsbeskrivinga til medlemmane av Fiskeriutvalet klar.¹⁰³

¹⁰⁰ Møtebok for fiskeriutvalet 1939- 51. Det norske Arbeiderparti A. Møtebøker Ah. Diverse partiinterne utvalg- Møtebok, Fiskeriutvalget 1939- 51 Boks 5

¹⁰¹ Ibid.

¹⁰² Dokumentet er ikkje tidfesta, men er mest truleg forfatta i 1938. Det norske Arbeiderparti A. Møtebøker Ah. Diverse partiinterne utvalg Møtebok Fiskeriutvalget 1939- 51 Boks 5

¹⁰³ Møtebok for fiskeriutvalet 1939- 51. Det norske Arbeiderparti A. Møtebøker Ah. Diverse partiinterne utvalg Møtebok Fiskeriutvalget 1939- 51 Boks 5

4.3 Fiskeriutvalet etter 1945

Ifølgje saksarkivet vart det første fiskeriutvalet etter krigen oppnemnt av sentralstyret i Arbeidarpartiet 2. mai 1949, men som nemnt syner arkivmaterialet at det har vore aktivitet i utvalet før den tid. Den forklaringa som verkar mest naturleg er at dei som var medlemmar av fiskeriutvalet før krigen fortset etter krigen i 1945. Fiskeriutvalet si samansetjing etter krigen var prega av gamle travarar i fiskarkretsen. Dette seier noko om ein grad av kontinuitet blant aktørane som arbeidde med fiskeripolitikk før og etter krigen.¹⁰⁴ Med tunge namn som fiskeridirektør Klaus Sunnanå, fiskeriministar Reidar Carlsen og formann i Norges Fiskarlag Jens Steffensen, får ein straks eit inntrykk av at Arbeidarpartiet sitt interne fiskeriutval må ha hatt ein del å seie for den fiskeripolitiske utviklinga og retninga til partiet.¹⁰⁵

4.3.1 Fiskeriutvalet sitt mandat

Innleiingsvis i dette kapittelet såg vi kva saksfelt fiskeriutvalet jobba med då det vart oppnemnt første gong i 1937. Kjeldematerialet seier ikkje så mykje om utvalet sitt mandat bortsett frå at det skulle ha ei rådgjevande rolle. Utifrå dei oversiktene dei hadde fått ansvar for å utarbeida i 1938 kan ein tenka seg at planen var at utvalet skulle arbeida breidt med saker som angjekk fiskerinæringa, samt å finna løysingar på dei problema næringa stod ovanfor. Det var som nemnt medlemmane av utvalet som fremja ønskje til partiet sitt sentralstyre om eit fast rådgjevande organ som skulle fremja samarbeid mellom myndigheitene og dei ulike fiskarorganisasjonane. Sentralstyret gjekk inn for dette forslaget.

På eit møte i fiskeriutvalet i byrjinga av mars 1952 stod det seks saker på dagsorden, mellom anna kva retningslinjer utvalet skulle følgja.¹⁰⁶ Ei drøfting av slike retningslinjer hadde vorte diskutert allereie i juni året før, men det hadde ikkje blitt fatta vedtak. Etter ei vidare redigering på møtet der utvalet fekk på plass fastare rammer for sitt virke vart det bestemt at det skulle sendast over til sentralstyret for

¹⁰⁴ Jmf. til dømes Finstad 2010

¹⁰⁵ Desse tre var medlemmar i fiskeriutvalet dei første åra etter krigen.

¹⁰⁶ Møte 24.03.1952. Det norske Arbeiderparti A. Møtebøker Ac. Sentralstyret og landsstyret. Møtebok 30/10-50 til 11/6-53 Boks 4

godkjenning. Mellom anna stilte utvalet seg no meir uavhengige i forhold til sentralstyret i partiet. Følgjande forslag vart sendt til styret;

”Utvalget er et rådgivende organ for partiets Sentralstyre i fiskerispørsmål som på en eller annen måte kan ha politisk karakter. Utvalgets arbeidsoppgaver pekes ut av Sentralstyret, men de enkelte medlemmer kan selv reise og då behandlet spørsmål som utvalget finner har betydning for partiets fiskeripolitikk. Vanlige avgjørelser av fiskerispørsmål i organisasjoner, Fiskeridepartementet og Stortingets fiskerikomité behandles ikke av Utvalget hvis ikke Sentralstyret har uttrykt ønske om det. Det samme gjelder stridsspørsmål som måtte oppstå mellom fiskernes organisasjoner og Fiskeridepartementet, eller mellom andre organisasjoner og institusjoner. Sentralstyret skal underrettes om slike uoverenstemmelser hvis utvalget finner det nødvendig. [...] Utvalget bör til enhver tid holde seg underrettet om gjennomføringen av partiets fiskeripolitikk.”¹⁰⁷

Dette forslaget opnar for at utvalet sine egne medlemmar kunne setja den fiskeripolitiske dagsorden. Til dømes kunne dette bety at dei medlemmane som var representert i andre fiskarorganisasjonar no kunne fremja sine viktigaste fiskeripolitiske saker. Fiskeriuutvalet si oppgåva var slik eg tolkar det, å gjera politiske vurderingar av dei enkelte problema som oppstod i fiskerinæringa og fiskeripolitikken, som dei vidareformidla til partiet sitt sentralstyre og/eller andre interessantar. Denne konkretiseringa av utvalet sitt verkefelt er viktig, og markerar endring i utvalet sitt arbeid.

I 1959 vedtok Arbeidarpartiet sitt sentralstyre at ein skulle utvida fiskeriuutvalet for å få fleire interessegrupper representert. I byrjinga gjekk ikkje samarbeidet så godt, men med åra vart det eit godt drifta utval bestående av om lag 20 medlemmar og eit arbeidsutval skal ein tru det samla saksarkivet frå perioden. Arbeidsutvalet hadde hatt møter fire til fem gonger i året, medan heile utvalet hadde hatt fiskerikonferansar ein gong i året. Saksarkivet dokumenterar kun seks av desse konferansane med referat i åra 1950, 1954, 1960, 1961, 1963 og 1964. Utvalet si samansetjing hadde vore slik at dei som hadde verv som formann i Norges Fiskarlag, Norges Råfisklag, ulike fylkesfiskarlag og andre interesseorganisasjonar knytt til fiskerinæringa hadde vore representert. Arbeidsutvalet sendte ut alle protokollar frå sine møter til samtlege av dei øvrige medlemmane slik at dei kunne halda seg

¹⁰⁷ Møte 24.03.1952 Det norske Arbeiderparti A. Møtebøker Ac. Sentralstyret og landsstyret. Møtebok 30/10-50 til 11/6-53 Boks 4

oppdatert på kva saker utvalet behandla. Fiskeriutvalet opna på denne måten moglegheita for at også dei andre medlemmane kunne komma med kommentarar og innspel i aktuelle saker. Saksarkivet syner ein auke av henvendingar frå ulike fiskarorganisasjonar etter 1959. Om det skuldast forsøket på å inkludera dei meir i fiskeriutvalet vitast ikkje, men den forklaringa gir mening. Eit av fiskeriutvalet sine største svakheiter var at det i alle år hadde vore liten representasjon av Vestlandet. Dette hang mest truleg saman med partiet si relativt svake stilling i denne landsdelen. Vidare skulle fiskeriutvalet også ha kontakt med Sjøfarts- og fiskerikomiteen. Den 13. oktober meldte Norsk Transportarbeidarforbund seg ut av fiskeriutvalet. Årsaka til dette var at dei hadde overført sine medlemmar blant sysselsette i fiskerinæringa til Norsk Nærings- og Nytelsesmiddelarbeiderforbund, som då vart representert i utvalet.¹⁰⁸

4.3.2 Fiskeriutvalet si samansetjing 1945- 1965

Etter krigen bestod fiskeriutvalet dei første åra av fem medlemmar. Frå 1946 til 1949 var det Klaus Sunnanå, Reidar Carlsen, Jens Steffensen, Ingvald Haugen og Alfred Skar som sat i utvalet.¹⁰⁹ Dei representerte alle ulike interessegrupper. Sunnanå var direktør i Fiskeridirektoratet, Carlsen var fiskeriministar, Steffensen var formann i Norges Fiskarlag, Haugen representerte Norsk Sjømannsforbund og Skar representerte LO. Forholdet mellom Carlsen og Steffensen var spesielt vanskeleg då dei representerte to ganske motstridande interesser. Carlsen stod for modernisering og rasjonalisering, medan Steffensen var imot ein utan vidare overgang frå det tradisjonelle fisket.

I 1949 gjekk Ingvald Haugen og Klaus Sunnanå ut av utvalet, inn kom Finn Bryhni og Tormod Granum med Einar Andreassen som varamann. Bryhni var sekretær i Norges Fiskarlag i perioden 1941- 53.¹¹⁰ Seinare vart han også i åra 1960-

¹⁰⁸ Skriv frå Norsk Transportarbeiderforbund til Fiskeriutvalet datert 13.10.1965 Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1965 (F) Boks 337

¹⁰⁹ Dei representerte henholdsvis Fiskeridirektoratet, Fiskeridepartementet, Norges Fiskarlag, Norsk Sjømannsforbund og LO.

¹¹⁰ Tittelen vart i 1946 endra frå sekretær til generalsekretær.

1962 statssekretær i Fiskeridepartementet.¹¹¹ Då vi kjem til 1951 har Reidar Carlsen og Jens Steffensen også gått ut av utvalet, dei vart erstatta av Peder Holt, Johs. Olsen og Petter Naustvik. Årsaka til at Carlsen forlét utvalet var den pågåande striden mellom han og Steffensen. Denne striden vil verta omtala nærmare seinare.

Frå 1953 og fram til 1959 heldt utvalet seg rimeleg stabilt i forhold til talet på medlemmar. Det var naturleg nok ei viss utbytting då det kom inn nokre nye og nokre forlot utvalet. Saksarkivet gir ikkje noko informasjon om motiva for å innstilla medlemmar til utvalet, difor veit ein ingenting sikkert om motivasjonen til sentralstyret dei første åra etter krigen. Etterkvart som åra går vert også utvalte sitt saksarkiv meir innhaldsrikt og det verkar som om at utvalet har teke vare på fleire dokument enn tidlegare. Det vert difor enklare å seie noko om bakgrunnen for sentralstyret sine val når dei har valt medlemmar til å sitja i utvalet. Mellom anna kan ein sjå ei auka interesse for å få fleire interessegrupper representert, mellom anna fleire aktive fiskarar.

I april 1953 fekk Alfred Skar i fiskeriutvalet brev frå generalsekretæren i Norges Fiskarlag Finn Bryhni, og styreformannen i Norges Råfisklag Jens Steffensen.¹¹² I brevet skreiv dei at Arbeidarpartiet sin fiskeripolitikk dei siste 15 åra hadde hatt stor tilslutning blant fiskarane. Dei som hadde leiande stillingar i dei ulike organisasjonane som fiskarane var tilknytt, og medlemmar av Arbeidarpartiet, hadde likevel sakna eit passande partiforum der ein kunne diskutera større saker av prinsipiell art med sikte på å unngå ueinigheit mellom partiet og organisasjonane som kunne få skadelege politiske konsekvensar. Bryhni og Steffensen meinte med dette at fiskeriutvalet ikkje hadde oppfylt si rolle som diskusjonsforum for større og mindre saker, før dei vart diskutert på høgare nivå. Mellom anna refererte dei til arbeidet med den nye trålarlova. Dei to uroa seg for korleis partiet skulle stilla seg i høve til liknande prinsippaker, og meinte difor at det var viktig å få på plass politiske retningslinjer som kunne vera rettleiande når slike situasjonar oppstod. Det var med andre ord ønskjeleg at fiskeriutvalet snarast fekk på det reine kva oppgåver det skulle ha, og korleis dei skulle arbeida med oppgåvene. Kort tid etter svarte Skar på

¹¹¹ Christensen og Hallenstvedt 2005: 86

¹¹² Brev datert 21.04.1951 frå F. Bryhni og J. Steffensen til A. Skar. Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1951 (B-F) Boks 41

kritikken der han i all hovudsak sa seg einig med Bryhni og Steffensen sine betraktningar.¹¹³ Skar skreiv;

”Med de mange viktige fiskeripolitiske problemer som er fremme i vår tid, og med den stilling en rekke partifeller inntar - både i fiskerierorganisasjonen og i fiskeriadministrasjonen - er det stort behov for et samlende organ innenfor partiet, til behandling av fiskerispørsmål”.¹¹⁴

Skar innrømte også at han i lengre tid ikkje hadde vore i stand til å passa vervet i fiskeriuvalet på ein tilfredsstillande måte. Det var ikkje slik at han ikkje hadde interesse for sakene, men arbeidet hans i LO hindra han i å gjera Fiskeriuvalet ”til det organ det burde være”.¹¹⁵ Dersom det skulle ha noko føre seg å oppretthalda utvalet var det, ifølgje Skar, naudsynt for medlemmane i partiet som arbeidde med fiskerirelaterte spørsmål å retta desse sakene til utvalet for intern diskusjon, før ein tok bastante standpunkt offentleg. Han oppmoda difor sentralstyret i partiet om å endra på utvalet si samansetjing. Skar ønskja at det også skulle inkluderast eitt medlem frå sentralstyret eller partikontoret. Skar ba også i dette svaret om å bli friteken som formann i utvalet. Han meinte at slik utviklinga var i fiskerisektoren var det nærast ein fulltidsjobb berre å halda styr på kven av partifellane hans som var einige eller ueinige til ei kvar tid.¹¹⁶ Sentralstyret behandla saka 27. april og fatta vedtak om at utvalet skulle fortsetja med den samansetjinga det hadde utan endringar. Skar fortsette som medlem i fiskeriuvalet heilt fram til 1962.

Seinare i 1953 vart utvalet si samansetjing til dels endra. Bakgrunnen for det var at Ingvald Haugen og Alfred Skar hadde vore i samtalar med partifeller i Norges Fiskarlag der laget hadde ytra eit ønskje om å få aktive fiskarar, fortrinnsvis frå distrikta, representert i utvalet. På møte i Arbeidarpartiet sitt sentralstyret 14. desember vart det bestemt at utvalet si samansetjing skulle endrast.¹¹⁷ Denne omorganiseringa må seiast å vera viktig for utvalet sin legitimitet i forhold til å diskutera fiskerispørsmål. Ved å få på plass fleire fiskarinteresser kunne utvalet no

¹¹³ Brev datert 21.04.1951 frå F. Bryhni og J. Steffensen til A. Skar. Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1951 (B-F) Boks 41

¹¹⁴ Brev til sentralstyret frå Alfred Skar datert 04.06.1957 Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1957 (E-F) Boks 131

¹¹⁵ Ibid.

¹¹⁶ Ibid.

¹¹⁷ Protokoll sentralstyret 14.12.1953 Det norske Arbeiderparti A. Møtebøker Ac. Sentralstyret og landsstyret. Møtebok 8/1-57 til 16/3-60 Boks 6

også stø seg på den nye samansetjinga når dei gjekk vidare med sine synspunkt, særskilt dei som var motstridande med fiskarane sine generelle syn og standpunkt.

Fiskeriutvalet vart ikkje for alvor omstrukturert før i 1959 då det på landsstyremøtet vart fremja forslag om ei endring for å få fleire landsdelar og ikkje-statlege fiskeriorganisasjonar representert. På Arbeidarpartiet sin fiskerikonferanse 19. oktober 1959 vart det fremja forslag om å utvida utvalet.¹¹⁸ Sentralstyret oppnemnte då fleire nye medlemmar, hovudsakleg frå dei nordlegaste fylka. Desse var Viggo Lund (Finnmark), Johs. Overaa (Troms), Jens Steffensen (Nordland), Anders Tangen (Trøndelag), Sivert Haltbakk (Møre og Romsdal), Erik Brofoss (Oslo), Reidar Carlsen (Stortingsgruppa) og Nils Jacobsen (Stortingsgruppa). I tillegg valde LO, Norsk Sjømannsforbund, Norsk Nærings- og Nytelsesarbeiderforbund, Norsk Transportarbeidarforbund og Norsk Kjemisk Industriarbeidarforbund éin representant kvar. Årsaka til at det vart valt inn så mange frå nord kan vera fleire. Mellom anna at fiskarane i dei nordlegaste fylka var dei som i størst grad vart påverka av fiskeripolitikken i perioden. Ein annan årsak kan vera at fiskarstanden i nord var dei som protesterte høgast mot fiskeripolitikken på denne tida. Den nye representasjonen i utvalet førte ikkje alltid til at dei ulike interessegruppene vart høyrte i saker. Mellom anna medelte representanten for Norsk Sjømannsforbund, Gunvald Hauge i januar 1964 at han ikkje kunne, eller ville, møte i fiskeriutvalet så lenge utvalet ikkje tok omsyn til forslag frå Norsk Sjømannsforbund. Han sa at utvalet gjerne måtte utnemna eit nytt medlem i hans stad, men han tvilte på at Sjømannsforbundet ville la seg representera. Arkivet gir ikkje noko vidare informasjon om korleis fiskeriutvalet eller sentralstyret behandla Hauge sitt utspel.

4.3.3 Framtredande medlemmar i fiskeriutvalet/arbeidsutvalet mellom 1945 og 1965

Fiskeriutvalet har hatt mange viktige og tydingsfulle medlemmar skal ein tru saksarkivet. Likevel er det naudsynt å gjera eit utval av kven som har vore mest framtredande. Sidan denne oppgåva tek føre seg utvalet si rolle i den fiskeripolitiske utviklinga til Arbeidarpartiet vil det vera naturleg å sjå på arbeidsutvalet i

¹¹⁸ Protokoll sentralstyret 14.12.1953 Det norske Arbeiderparti A. Møtebøker Ac. Sentralstyret og landsstyret. Møtebok 8/1-57 til 16/3-60 Boks 6

fiskeriutvalet. Fram til 1959 var det så få medlemmar i fiskeriutvalet at alle medlemmane utgjorde arbeidsutvalet. Etter 1959, då det vart lagt til langt fleire medlemmar skilte ein mellom arbeidsutvalet og øvrige medlemmar i fiskeriutvalet.¹¹⁹

Tabell 1: Oversikt over dei mest framtrjedande medlemmane av Arbeidarpartiet sitt interne fiskeriutval i perioden 1946 til 1965¹²⁰ :

Namn	Medlem i fiskeriutvalet (kronologisk)	Andre relevante verv og stillingar
Klaus Sunnanå (1905-1980)	1946- 48, 1962- 64	Generalsekretær Norges Fiskarlag 1946 Direktør i Fiskeridirektoratet 1948- 73
Reidar Carlsen (1908-1987)	1946- 52, 1959- 60	Sekretær Nordland fylkes fiskarlag 1939-1953 Fiskeriministar 1946- 51 Medlem Styret for Utbyggingsfondet for Nord-Norge 1952 Sjef for Nord-Norgefondet 1952- 78
Jens Olai Steffensen (1891-1961)	1946- 50, 1959- 60	Formann i Norges Fiskarlag 1945- 50. Formann i Stortingets Sjøfarts- og fiskerikomité (1945- 57) Medlem i Arbeidarpartiets gruppestyre 1945- 54 Formann i styret for Norges Råfisklag 1951- 61
Ingvald Haugen (1894-1958)	1946- 57	Medlem i Arbeidarpartiets sentralstyre 1936- 57. Varamedlem i LOs sekretariat 1945- 58 Formann i Norsk Sjømannsforbund 1936- 58
Alfred Skar (1896-1969)	1946- 57	Redaktør av LOs presse- og informasjonskontor 1946–61.
Einar Andreassen (1897-1982)	1949- 64	Formann i Rogaland Fiskarlag 1948- 67 Nestformann i Norges Fiskarlag 1949- 62, Medlem av hovudstyret i Statens Fiskarbank 1948 Formann i garantikassen for lottfiskarar 1955 Formann i Norges Fiskarlag 1963- 66
Peder Holt (1899-1963)	1951- 54	Formann i Gjenreisingsnemnda for Finnmark 1948- 63. Fiskeriministar 1951- 55 Styreleiar Fi-No-Tro ?
Johs. Olsen (1895-1974)	1951- 65	Formann i Norges Råfisklag 1938- 51 Medlem i Stortingets Sjøfarts- og fiskerikomité 1945- 57, formann 1958- 65 Formann i Norges Fiskarlag 1951- 54, medlem av landsstyret 1955- 56 Medlem i Prisreguleringsfondet for fisk frå 1959
Nils Lysø (1905-1977)	1955- 65	Fiskeriministar 1955- 63

¹¹⁹ Fullstendig oversikt over medlemmane ligg som vedlegg nr. 1

¹²⁰ Oversikta er utarbeidd på basis av saksarkivet til fiskeriutvalet, samt sentralstyret sine møtebøker. Verv og stillingar er i all hovudsak henta frå Store Norske Leksikon på nett, url: snl.no/”namnesøk”

Magnus Andersen (1916-1994)	1959- 65	Formann i Norges Fiskarlag 1955- 63. Fiskeriministar 1963-65
-----------------------------	----------	--

Jens Steffensen var frå Bø i Vesterålen og reiste på havet som 15-åring. Allereie i 1934 vart han valt inn på Stortinget som representant for Arbeidarpartiet, der sat han fram til 1957. I 1934 vart han også valt inn som formann i Norges Fiskarlag fram til 1941. I 1945 tok han til på sin andre perioden som formann i Fiskarlaget, der sat han fram til 1950. Steffensen var også formann i Norges Råfisklag, ei stilling han hadde frå 1951 til han døydde i 1961. Steffensen var kjent for sine ramsalte replikkar og eit sterkt engasjement for sine fiskarbrør og fiskerisaka.¹²¹

Klaus Sunnanå var vestlending, nærare bestemt frå Karmøy. Han var utdanna statsøkonom ved Universitetet i Oslo og ein sterkt engasjert Arbeidarpartimann. I 1935 vart han tilsett som sekretær ved Fiskeridirektoratet i Bergen, og med sin økonomiske bakgrunn var han mellom anna oppteken av kvifor det var krisetilstandar langs den norske kysten. På oppmoding frå Jens Steffensen vart han i 1938 tilsett som sekretær i Norges Fiskarlag. Denne stillinga måtte han forlata i 1941 grunna krigens inntog i Norge. Han tok til att i Norges Fiskarlag i 1946 som generalsekretær. I eksil i London under krigen deltok han i arbeidet med å leggja planar for korleis ein skulle modernisera fiskeflåten etter at krigen var over. I 1948 fekk han jobben som fiskeridirektør, denne stillinga vart han verande i heile 25 år. Som fiskeridirektør var han tosidig; på den eine sida ønskja han å modernisera fiskeria, men samstundes ønskja han å temja teknologien og kapitalen. Sunnanå var for planøkonomisk tenking der han meinte at staten, fiskerinæringa og Arbeidarpartiet måtte gå hand i hand. Sunnanå var aldri redd for å ytra seg dersom han var ueinig med regjeringa sin fiskeripolitikk, og kom ofte med krasse replikkar.¹²²

Då det skulle utnemnast konsultativt statsråd for fiskeria i Einar Gerhardsen si regjering etter valet hausten 1945 var Sunnanå eit opplagt val, men det var fiskarsonen Reidar Carlsen som fekk æra om å bli verdas første fiskeriministar. Bakgrunnen for at Carlsen kom inn på tinget i 1945 var det gode arbeidet han hadde gjort med å bygga opp Nordland Fylkes Fiskarlag. Det nordnorske lynne synte seg i Carlsen som person, noko som mellom anna gjorde at han på eit tidspunkt var kalla

¹²¹ http://snl.no/Jens_Olai_Steffensen Henta 10.09.2012

¹²² Norsk biografisk leksikon. Bind 9: Sundt- Wikborg

”ein sjøelefant i den politiske glasbutikken”.¹²³ Carlsen ivra etter å reformera, noko som førte til at han ofte ikkje spelte etter dei formelle spelereglane. Etter seks år gjekk han av og vart deretter sjef for Nord-Norge-fondet der han vart til han gjekk av med pensjon i 1978.¹²⁴

Alfred Skar var frå Salten i Nordland. Han var journalist og forfattar, og i perioden 1946 til 1961 var han redaktør av LOs presse- og informasjonskontor.¹²⁵ Det er lite informasjon å oppdriva om Skar i litteraturen eg har teke føre meg, men saksarkivet syner at han har vore ein viktig mann i fiskeriutvalet då han har fungert som eit bindeledd mellom sentralstyret, Fiskeriutvalet, LO og fiskarane sine organisasjonar.

Ingvald Haugen var frå Hadsel i Nordland og fiskarson. Haugen jobba sjølv på sjøen, både som fiskar og sjømann i åra 1908 til 1919. Frå 1945 til 1949 sat han på Stortinget som representant for Arbeidarpartiet, og frå 1936 til 1957 sat han i partiet sitt sentralstyre. Slik som Skar, var også Haugen engasjert i LO. Han sat som medlem av LO, og hadde ulike verv i perioden mellom 1927 til 1958.¹²⁶

Einar Andreassen var vararepresentant for Rogaland Arbeidarparti i periodane 1945- 53 og 1958-61. Andreassen var fødd på Senja, men flytta til Karmøy som ung. Allereie då han var 16 år var han blitt høvedsmann.¹²⁷ Før han vart formann i Norges Fiskarlag i 1963, hadde han mellom anna vore formann i Rogaland Fiskarlag og formann i Garantikassen for lottfiskere. Andreassen var tilknytt landsstyret til Norges Fiskarlag i heile 28 år.¹²⁸ Sjølv med ei slik fartstid tok det lang tid før Andreassen fekk vervet som formann i Fiskarlaget. Det kan ha hatt samband med at han var ”søring” og det var nordlendingane som dominerte formannsstolen i Fiskarlaget.

Peder Ragnar Holt var frå Vardø i Finnmark og son av typograf Johannes Holt. Som ung arbeidde han på fiskebruk, men Holt ville også ha utdanning. Han fullførte difor 3-årig teknisk kveldsskule og handelsskule. Holt sat som Fylkesmann

¹²³ http://snl.no/.nbl_biografi/Reidar_Carlsen/utdypning Henta 12.10.12

¹²⁴ <http://www.Stortinget.no/no/Representanter-og-komiteer/Representantene/Representantfordeling/Representant/?perid=RECA> Henta 12.04.13

¹²⁵ http://snl.no/Alfred_Skar 11.10.12 Det finst lite informasjon om Skar både i saksarkivet og litteraturen for øvrig.

¹²⁶ <http://www.stortinget.no/no/Representanter-og-komiteer/Representantene/Representantfordeling/Representant/?perid=INHU> Henta 01.04.13

¹²⁷ Namn på ein leiar i større, opne båtar som til dømes åttring. Etterkvart som fiskeflåten vart motorisert vart namnet erstatta av ordet skippar.

¹²⁸ Christensen og Hallenstvedt 2005: 157

for Finnmark i perioden 1948 fram til han døydde i 1963. Unntaket var den tida då han var fiskeriministar i Oscar Torp si regjering frå 1951 til 1955. Holt var i likheit med fleire av dei andre medlemmane i fiskeriuvalet oppteken av forholda nordpå, noko han mellom anna fekk uttrykk for i eit av sine offentlege verv som formann i Gjenreisingsnemnda for Finnmark mellom 1948 og 1963.¹²⁹

Johannes Olai Olsen (Johs. Olsen) var fiskeskippar, redar og politkar frå Finnmark. Som fiskarson var det naturleg for han å følgja i farens fotspor. Olsen dreiv med fiske nordpå i over 30 år. Olsen var ein viktig skikkelse i fleire fiskarorganisasjonar og på Stortinget. Mellom anna var han Stortingsrepresentant for Finnmark mellom 1945 og 1965, der han sat i Sjøfarts- og fiskerikomiteen som representant for Arbeidarpartiet. Olsen kom tidleg inn på den politiske arena då han i 1928 vart ordførar for Arbeidarpartiet i Måsøy. Då Norges Råfisklag vart oppretta i 1938 var Olsen sjølvskreven som formann. I 1951 tok han over etter Jens Steffensen som formann i Norges Fiskarlag, ei stilling han hadde frå 1951 til 1955.¹³⁰ Dette var karakterisert som eit dramatisk leiarskifte i dei to organisasjonane. Olsen og Jens Steffensen bytta plassar, då Olsen vart formann i Norges Fiskarlag og Steffensen vart styreformann i Norges Råfisklag. Årsaka til dette byttet var den nemnte striden mellom Steffensen og fiskeriministar Reidar Carlsen.¹³¹

Nils Lysø var både fiskar og småbrukarar frå Bjugn i Sør-Trøndelag. Frå 1947 til 1954 var han sekretær i Sør-Trøndelag Fiskarlag, og frå 1954 fram til han tok til som fiskeriministar var han generalsekretær i Norges Fiskarlag. Lysø var fiskeriministar frå 1955 til 1963.¹³²

Magnus Andersen var som mange av dei andre medlemmane i utvalet også son av ein fiskar og nordlending. Andersen var formann i Norges Fiskarlag i perioden 1955 til 1963, då han gjekk over i rolla som fiskeriministar. Som motkandidat i valet om å bli formann i Fiskarlaget var Johs. Olsen, men Andersen vann valet med 37 mot 29 stemmer. Andersen var også med på å leggja grunnlaget for hovudavtalen mellom staten og fiskarane i 1964 i si tid som formann i Norges Fiskarlag. Andersen var visstnok ein relativt stillfaren mann som søkte kompromiss framfor konflikt, men i si tid som formann leia han den første fiskarstreiken i 1963. Sjølv om han stod bak

¹²⁹ http://snl.no/.nbl_biografi/Peder_Holt/utdypning Henta 28.03.13

¹³⁰ http://snl.no/.nbl_biografi/Johannes_Olai_Olsen/utdypning Henta 28.03.12

¹³¹ Christensen og Hallenstvedt 2005: 104

¹³² http://snl.no/Nils_Lysø Henta 15.09.12

denne streiken vart han likevel fiskeriministar seinare det same året, ei stilling han hadde fram til regjeringsskiftet i oktober 1965.¹³³

Som vi ser, hadde fleire av medlemmane nokså lik bakgrunn, både profesjonelt og geografisk. Mellom anna var sju av dei ti var frå dei nordlegaste fylka, dei same sju hadde også erfaring frå fiske i ei eller anna form. Fleire av medlemmane hadde også innehatt dei same verna i Norges Fiskarlag og Norges Råfisklag. Jens Steffensen og Johs. Olsen var begge medlemmar av Stortingets Sjøfarts- og fiskerikomité. Steffensen var formann i komiteen i perioden 1945-57. Olsen var medlem frå 1945-65. Heile fire av dei som var medlemmar i utvalet var også på eit tidspunkt fiskeriministar, og det kan dermed verka som om at dei er medlemmar i utvalet i kraft av å vera nettopp fiskeriministar.

4.3 Norges fiskeriministarar 1946- 1965

Norge fekk 1. juli 1946 som første land i verda eit eige Fiskeridepartement. Reidar Carlsen vart i ein alder av 38 år ein av dei yngste statsrådene i Einar Gerhardsen si regjering. At valet fall på Carlsen var nok ikkje heilt tilfeldig. Klaus Sunnanå var ein meir naturleg kandidat, men det kan tenkast at statsminister Gerhardsen ønska ein mann med ei solid forankring i fiskarmiljøet sidan den veljarmassen utgjorde ein vesentleg del av veljarane til partiet. Carlsen hadde heller ikkje noko ugjort i forhold til dei stridsspørsmålet som hadde komme i løpet av mellomkrigstida.¹³⁴ 29. oktober 1945 har Arbeidarpartiet møte i sentralstyret der Einar Gerhardsen presenterte si foreløpige liste over medlemmane i den nye regjeringa. Av protokollen går det fram at Peder Holt eigentleg var innstilt til å leia Fiskeridepartementet, men namnet til Carlsen vert nemnt her som eit alternativ. Sunnanå sitt namn er ikkje å finna i protokollen over moglege personar som kunne få jobben som verdas første fiskeriministar.¹³⁵

Der Carlsen hadde vore ein fiskeriministar med klare tankar om korleis han ville bidra til å reformera fiskerieringa, var den andre norske fiskeriministaren Peder

¹³³ http://snl.no/.nbl_biografi/Magnus_Andersen/utdypning%20-%20202 Henta 15.09.12

¹³⁴ Christensen 2003: 23

¹³⁵ Protokoll 29.10.1945 Det norske Arbeiderparti A. Møtebøker Ac. Sentralstyret og landsstyret. Møtebok 11/5-45 til 20/3-46 Boks 1

Holt ein langt meir forsiktig Stortingsmann. Han tok over etter Carlsen midt i ein Stortingsperiode mellom vala i 1949 og 1953. Holt erklærte då han tok fatt på stillinga at han i all hovudsak var einig i dei fiskeripolitiske linjene Carlsen hadde trekt opp før han, men mange frykta likevel at Holt lett ville la seg bli hersa med av Jens Steffensen og hans følgjarar i mellom anna trålsaka.¹³⁶ Carlsen på si side gjekk ut offentleg og uttrykte glede over å få Holt som etterfølgjar. Slik som Carlsen var også Holt ein representant frå og for dei nordlegaste fylka. Då Holt gjekk inn i stillinga som fiskeriministar sat han som styreleiar i Fi-No-Tro.¹³⁷ Han uttalte at det ikkje var enkelt for han å forlata fylket, men at ein særleg motivasjon for han var at han no kunne følgja opp arbeidet med Nord-Norge-planen.¹³⁸ Dette fortel oss at Holt på same måte som Carlsen, ville vera ein forkjempar i den sentrale regjeringa for å attreisa dei nordlegaste fylka etter krigen, då særskilt med tanke på fiskerinæringa. Fleire av dei fiskeripolitiske sakene som hadde vore debattert i åra før var no enten avgjort eller på god veg til å bli avgjort, difor var det anledning for Holt å utarbeida si ”eiga” programerklæring. Denne peika på tiltak som var særleg retta mot dei nordlegaste fylka. Han ønskja ei vidare utbygging av fryse- og kjøleanlegg og av havfiskeflåten i ei retning mot utvida bruk av trålarar. Carlsen hadde som sagt stått inne for at trålen var framtida, Holt var einig, men ikkje like bastant. Han meinte at innføring av mindre trålarar under 300 tonn var meir nyttige med tanke på norske forhold sidan dei i større i grad låg til rette for kombinasjonsbruk med trål, snurpenot, line og garn.¹³⁹ Det vart spekulert i kva som var årsaka til at Holt gjekk av i 1955, men offentleg uttalte han at gjekk av etter eigen vilje og han var glad for å kunne byrja som fylkesmann for Finnmark.¹⁴⁰ Saksarkivet inneheld ingenting om kvifor Holt gjekk av som fiskeriministar.

Etter Peder Holt tok Nils Lysø over som fiskeriminister, ein velkjend mann i Arbeidarpartiet, men også i ulike fiskeriorganisasjonar der han mellom anna var

¹³⁶ Haaland 2003: 30

¹³⁷ Fi-No-Tro organiserte fiskeindustrianlegga i Finnmark og Nord-Troms som vart reist etter krigen med statleg stønad og på samvirkebasis.

¹³⁸ Utbyggingsprogrammet for Nord-Norge som var i verksemd mellom 1952 og 1960. Målet var å auka den næringsøkonomiske utviklinga i den nordlege landsdelen etter at gjenoppbygginga etter krigen var fullført. Programmet skulle gjennomførast ved hjelp av ein statleg finansinstitusjon, Utbyggingsfondet for Nord-Norge. I 1960 vart det innlemma i det nystarta Distriktenes utbyggingsfond.

¹³⁹ Haaland 2003: 36

¹⁴⁰ Ibid: 36

generalsekretær i Norges Fiskarlag fram til han tok til som fiskeriministar. Fiskeripolitikken som hadde blitt ført etter krigen la opp til ei omkalfatring av næringa slik den hadde vore, dette vart møtt med mykje motstand frå fiskarane sjølve og deira organisasjonar. Difor såg nok Gerhardsen viktigheita av å få inn ein mann med røter i dei utprega fiskarstroka nordpå. Lysø var ein av dei som var med på å setja ressursproblema i fiskerinæringa på dagsorden. Ifølgje Gerhardsen var Lysø sliten av jobben som fiskeriministar og ytra ønskje om å gå av. Dette gjorde han i 1963.¹⁴¹

Norges fjerde fiskeriministar var Høgre-mannen Onar Onarheim. Hans tid som fiskeriministar var av det korte slaget, då han sat frå 28. august 1963 til 25. september same år. Det vil seie at han sat i 28 dagar, så det Onarheim fekk utretta på den tida var minimalt.¹⁴²

Etter Onarheim og Johan Lyng sin korte regjeringsperiode, tok Einar Gerhardsen fatt på si fjerde regjering i 1963. Mannen som vart innsett som fiskeriministar var Magnus Andersen, ein mann med ei brei erfaring då han mellom anna hadde vore fiskeristatsråd i to ulike arbeidspartiregjeringar, formann i Norges Fiskarlag og styreformann i Statens Fiskarbank i fire år. Dei to periodane han sat som fiskeriministar vara ikkje særskilt lenge, men han vert likevel rekna som ein av dei mest tydingsfulle i fiskeripolitikken etter andre verdskrig. Mellom anna spela han ei viktig rolle for at hovudavtalen mellom staten og Norges Fiskarlag som kom i stand i 1964.¹⁴³

4.4 Oppsummering

I kapittel fire har vi sett kva mandat og arbeidsoppgåver fiskeriutvalet var tiltenkt frå starten i 1938. Som eit internt rådgjevande utval skulle det bistå partiet sitt sentralstyre i fiskerispørsmål som måtte dukka opp. Det må likevel seiast at når den sitjande fiskeriministaren Reidar Carlsen er medlem av utvalet, må det også ha hatt ei meir bestemmande rolle, i tillegg til å vera rådgjevande. I den delen som omhandla

¹⁴¹ Kolle 2003: 41

¹⁴² Ibid: 50 Dette korte statsrådsskifte er forøvrig ikkje omtala i saksarkivet til fiskeriutvalet.

¹⁴³ Hovudavtalen mellom staten og fiskarane er ein viktig milepæl i den fiskeripolitiske utviklinga til Arbeidarpartiet og vil difor verta omtala nærmare i kapittel fem.

sentrale medlemmar i utvalet ser vi at til dels svært markante personar figurerar i utvalet, det er difor nærliggande å tru at utvalet må ha hatt noko å seie for den politikken Arbeidarpartiet utforma etter krigen. I 1959 når fiskeriutvalet opnar opp for fleire interesser, så markerar det eit markant skifte i fiskeriutvalet sitt mandat. Frå å vera eit reint partipolitisk utval, opna ein no opp for at også andre interessantar kunne delta i ordskiftet kring fiskeripolitikk og fiskerinæringa sine utfordringar.

Kapittel 5: Arbeidarpartiet sitt interne fiskeriutval i perioden 1945- 1965

5.1 Innleiing

Så langt har eg gjort greie for kva mandat og samansetjing fiskeriutvalet hadde. I dette kapitlet skal eg forsøka å sjå på korleis dette mandatet gjorde seg gjeldande i dei praktiske sakene fiskeriutvalet har behandla. Med utgangspunkt i dømer skal vi sjå korleis fiskeriutvalet spela ei avgjerande rolle i den spente konflikten kring lønsdanninga for fiskarane i 1953, og den lenge pågåande striden om ja eller nei til fiske med not under Lofotfisket.

5.2 Forholdet mellom fiskeriutvalet og Arbeidarpartiet sin praktiske politikk

Året 1953 vart innleia med diskusjonar på fleire frontar om fiskeprisane for det komande året. Dette spørsmålet skulle eigentleg ha blitt avklart i desember året før, men av ulike årsaker hadde ein ikkje komme til einigheit. Fiskarane stilte krav om å heva minsteprisen på torsk frå 54 til 60 øre. Dette var to øre mindre enn dei skulle ha fått dersom ein såg i forhold til andre yrkesgrupper. Finansdepartementet ville ikkje gå med på denne auken, sjølv om det ville bety at fiskarane fekk behalda realinntekta si prismessig for året 1953 samanlikna med dei to føregåande åra.¹⁴⁴ Medlem av fiskeriutvalet Johs. Olsen ytra seg om saka, og vurderte den politisk slik at fiskarane vanskeleg kunne forstå kvifor det skulle vera naudsynt å nedvurdera realinntekta deira

¹⁴⁴ Fortruleg brev til A. Skar frå Johs. Olsen 16.01.1953 Arbark: Det norske Arbeiderparti . D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv 1953 (B-F) Boks 64

gjennom fastsetjing av prisen på fisk. Olsen tenkte då spesielt på dei gode eksporttidene som hadde gjeve millioninntekter til prisfondet. Dersom partane ikkje kom fram til ei løysing på eiga hand ville Norges Råfisklag si fastsetjing av minsteprisen bli diktert av departementet. Forhandlingsmoglegheita fiskarane hadde til rådighet var i all hovudsak streik, men eit slikt utfall var lite sannsynleg.¹⁴⁵ Norges Fiskarlag hadde vedteke på møte 11. januar at det var uaktuelt å godta ein minstepris som var under 60 øre per kilo torsk. Årsaka var at det ville føra til ei betrakteleg redusering av fiskarane si realinntekt, og ein slik politikk kunne ikkje Norges Fiskarlag godta.¹⁴⁶

I denne saka får vi eit godt døme på at fleire av dei sentrale personane i fiskerinæringa etter krigen hadde ein fot i fleire leirar. Johs. Olsen seier faktisk rett ut at han uttalar seg i saka både som medlem av fiskeriutvalet, Stortingsmann for det mest typiske fiskerifylket og som formann i Norges Fiskarlag.¹⁴⁷ Olsen sitt skriv vart diskutert på eit møte i fiskeriutvalet. Utvalet konkluderte med at Olsen sine bekymringar, for kva eventuelt skadelege politiske ringverknadar det kunne få for partiet dersom dei ikkje godtok ei prisfastsetjing på 60 øre per kg, var høgst reelle.¹⁴⁸

Den 20. januar vert saka teken opp i eit møte på Stortinget. Frå regjeringa møtte statsministar Oscar Torp og statsrådene Trygve Bratteli, Erik Brofoss og Peder Holt. Peder Holt representerte her Fiskeridepartementet, og ikkje fiskeriutvalet sjølv om han var medlem. Frå fiskeriutvalet møtte Ingvald Haugen og Alfred Skar. På møtet vart det gjort greie for dei forhandlingane som alt hadde vorte ført mellom Norges Råfisklag og dei statlege forhandlarane. Møte var kun av ein informativ art og det vart difor ikkje fatta eit vedtak om situasjonen. Dette syner fiskeriutvalet sitt mandat om å vera eit rådgjevande organ for sentralstyret, i praksis. Situasjonen vart diskutert internt i partiet, før ein tok eit offisielt standpunkt i saka.

Dagen etter, den 21. januar vart det heldt nok eit møte i fiskeriutvalet, denne gongen på Olsen sitt kontor. Etter at saka hadde vorte drøfta opp og i mente, kom Olsen med følgjande forslag;

¹⁴⁵ Fortruleg brev til A. Skar frå Johs. Olsen 16.01.1953 Arbark: Det norske Arbeiderparti . D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv 1953 (B-F) Boks 64

¹⁴⁶ Brev frå Johs. Olsen til DNAs Sentralstyre 08.02.1953.

¹⁴⁷ Norges Fiskarlag skulle vera ein partipolitisk uavhengig organisasjon.

¹⁴⁸ Protokoll til Det norske Arbeiderpartis Sentralstyre, fra Sentralstyrets Fiskeriutvalg (signert av A. Skar og I. Haugen). Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv 1953 (B-F) Boks 64

”Fiskeriutvalget vil uttale at politisk må det ansees uheldig hvis den reelle fiskepris i 1953 blir fastsatt lavere enn forutsatt for 1952 da dette kan utnyttes mot vårt parti i fiskeridistriktene. Prinsipielt vil derfor Utvalget foreslå at minsteprisen for torsk settes til 60 øre for 1953, da denne prisen må ansees å være en prolongasjon av grunnprisen fra 1952.”¹⁴⁹

Etter at ein hadde kome til einigheit om at minsteprisen på torsk skulle setjast til 60 øre/kg, sendte Olsen eit brev til sentralstyret der han takka for at regjeringa og fiskarorganisasjonen sine folk i partiet hadde synt ei større forståing for den politiske sida av saka.¹⁵⁰ Grunnlaget for fiskeriutvalet sitt standpunkt i denne saka var nok at dei såg at det kunne skada partiet politisk dersom ein ikkje kom fiskarane i møte. I tillegg heldt dei lovnaden om å sikra fiskarane ei løn som var jamstilt med andre yrkesgrupper. Saka om prisfastsetjing på torsk for året 1953 er eit særst godt døme på korleis Fiskeriutvalet arbeidde på sitt beste. Etter fleire rundar både internt i utvalet, og eksternt med alle dei berørte partane kom ein fram til ei løysing på fredeleg og udramatisk vis.

Striden om not var ein langvarig ein. Som synt i kapittel fire stod Jens Steffensen ofte på barrikadane for kystfiskarane sine interesser, mellom anna i trålarsaka. I 1955 gjekk han ut offentleg og kritiserte regjeringa sin fiskeripolitikk under overskrifta ”Steffensen vil ha stor utlufting i fiskeripolitikken”.¹⁵¹ Steffensen hevda at ”lite omtenkssomme og svake persone” for lenge hadde hatt innflytelse på fiskerinæringa som på lenger sikt kunne føra til uoppretteleg skade i næringa. Han kalla mellom anna beslutninga som vart fatta angående oppstarten for notfisket i Lofoten for ”skrivebordspolitikk”, med det meinte han at det i lang tid hadde vore for lite kontakt mellom dei som utforma politikken og dei som utøva fiskaryrket. På dette tidspunktet hadde Nils Lysø nettopp overtatt som fiskeriministar etter Peder Holt, og Klaus Sunnanå var fiskeridirektør. Ifølgje Steffensen hadde dei to eit ”lite heldig grep om tingene”.¹⁵²

Striden stod ikkje berre om bruk av sjølve nota, men også om kva tidsrom det skulle vera tillat å bruka not. I samråd med Norges Fiskarlag var datoen for fisket med

¹⁴⁹ Protokoll frå møte 21.01.1953 på Johs. Olsen sitt kontor Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv 1953 (B-F) Boks 64

¹⁵⁰ Brev frå Johs. Olsen til DNAs Sentralstyre 08.02.1953. Ibid

¹⁵¹ Faksimile fra Aftenposten, ikkje tidfesta, men truleg publisert i byrjinga av januar 1955. Arbark: Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv 1955 Boks 92

¹⁵² Ibid.

not 1955 satt til 14. mars. I avisa Nordlands Framtid gjekk Johs. Olsen ut mot Steffensen og hans syn på kor vidt det var naudsynt med teigdeling på Lofothavet.¹⁵³ Alt den 12. januar hadde Fiskeribladet gått i trykken med ein leiarartikkel som kalla notfisket i Lofoten ei katastrofe for den nordnorske befolkninga si velferd. Artikkelen kunne fortelja at det hadde vore eit dramatisk fall i tilreisande fiskarar frå Helgeland og Salten, då dei ikkje lenger såg verdien i å delta i Lofotfisket. Dei nord-norske fiskarane hadde ytra eit sterkt ønskje om å ikkje starta fisket med not før etter at skreien hadde gyta. Dette vart nedstemt til fordel for styret i Norges Fiskarlag, Fiskeridirektøren og fiskeriministaren sine tilrådingar om oppstart 14. mars.¹⁵⁴ Her ser ein nok eit eksempel på at Arbeidarpartiet går i mot veljarmassen sin og lovnadar dei har gitt før Stortingsval. Å innføra fiske med not i Lofotfisket ville føra til at dei tusenvis av fiskarane som dreiv med tradisjonelle reiskapane ikkje ville ha moglegheit til å driva eit lønsamt fiske.

Alfred Skar forfatta i slutten av januar eit notat om reiskapsstriden i nord, det vil seie at Skar såg ikkje på dette som nokon strid. Han såg på ueinigheitene som eit resultat av ”enkelte kværulanter og ondsinnede bakstrevere som tviholder på de aposteliske fiskemetodene”.¹⁵⁵ Kystfiskarane gjekk i mot nota fordi dei trudde den ville føra til at fangstmengda vart redusert. Skar meinte at det ikkje var spørsmål om ressursar som var relevant, slike diskusjonar burde ein overlata til vitskapen, men om det kunne drivast notfiske samstundes som ein nytta seg av dei tradisjonelle reiskapane. Fiskarane i Nordland og Troms sa nei til nota, medan fiskarane i Finnmark var delte i si oppfatning. Fylkesfiskarlagane i Nordland og Troms utgjorde om lag halvparten av medlemmane i Norges Fiskarlag og ein skulle forventa at Fiskarlaget var meir lydhøyre ovanfor fleirtalet av sine medlemmar.

Striden om nota fortsat også i 1956. I mellom anna Lofotposten og VG gjekk kystfiskarane hardt ut mot myndigheitene. Fiskaren Jens Olsen kalla beslutninga om tida for starten i notfisket for året 1956 ”[E]t overgrep uten like. [...] selv under den

¹⁵³ Faksimile Nordlands Fremtid 18.01.1955 Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv 1955 Boks 92

¹⁵⁴ Faksimile Fiskeribladet 12.01.1955 Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv 1955 Boks 92

¹⁵⁵ Notat forfatta av Alfred Skar 30.01.1955, utan adressat. Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv 1955 Boks 92

verste nazitiden fantes det ikke maken”.¹⁵⁶ Ei mildt sagt kraftig formulering frå Olsen. Året før hadde kystfiskarane i nord gått mot startdatoen som var satt til 15. mars, då dei meinte det var for tidleg å starta notfisket. Myndigheitene har tydelegvis ikkje vore særskilt lydhøyre ovanfor fiskarane sitt ønskje. I 1956 vart datoen sett så tidleg som 5. mars. I intervjuet med VG sa Jens Olsen vidare at fiskarane no hadde sett seg leie på å bli ignorert av myndigheitene og dermed vurderte å oppretta sitt eige parti. Ifølgje han var det det same kva parti og representantar fiskarane stemte på, når dei kom inn på Stortinget vart dei så styrt av partiet at ingenting vart gjort. Dette må seiast å vera ein svært alvorleg situasjon for Arbeidarpartiet, uavhengig om fiskarane skulle finna på å gjera alvor av trusselen.¹⁵⁷ At fiskarane no byrja syne teikn på opprør mot Arbeidarpartiet kunne potensielt truga partiet si politiske særstilling, då fiskarane utgjorde ein betydeleg del av veljarmassen til partiet.

Notspørsmålet var ei sak fiskeriutvalet behandla og tok stilling til over fleire år. I dagane 6. og 7. august i 1962 heldt fiskeriutvalet møte.¹⁵⁸ Utvalet var samla til forhandlingar i Oslo om mellom anna støtte til fiskeria, fiskarane sine skattemessige forhold og notfisket i Lofoten. Notfisket i Lofoten vart drøfta på grunnlag av ønskje om ei revidering av totalforbodet mot notbruk i Lofoten som hadde vore tilfelle dei siste fire åra. No nytta ein plutselig argument som tidlegare hadde vorte nytta mot fiske med not, som argument for å innføra nota på ny. Fiskeridirektør Klaus Sunnanå innleia diskusjonen med ei kort beskriving av stoda i Lofotfisket slik den då stod. Det hadde vore tilbakegang i skreibestanden samanlikna med 50-talet. Sunnanå tilrådde difor ikkje å opna for fiske med denne reiskapen. Det hadde vorte gjennomført prøvefiske med not, men det hadde ikkje gitt nok informasjon.¹⁵⁹ Det var ikkje alle som var einige med Sunnanå, blant anna meinte fiskar Birger Olsen at nota var ein rasjonell og effektiv reiskap som måtte få sin plass i Lofotfisket saman med andre fangstmetodar. Johs. Olsen meinte at dersom nota ikkje skada anna fiske kunne ein ikkje forby bruk av den. Olsen meinte at det ikkje var realpolitisk forsvarleg å nekta for notbruk fordi nokon fiskarar kunne verta misunnelege dersom ein innførte

¹⁵⁶ Faksimile VG 20.02.1956 Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv 1956 Boks 113

¹⁵⁷ Arkivmaterialet avslører ikkje noko om kva partiet eller Fiskeriutvalet føretok seg i denne saka.

¹⁵⁸ Fortrolig referat frå Fiskeriutvalgsmøte i Oslo 6. og 7. august 1962 utarbeidet av journalist Gunnar Haugan. Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv 1962 Boks 262

¹⁵⁹ Ibid: 16

konsesjonsordningar. Sunnanå svarte at ei slik ordning ikkje ville vera rasjonell då ei regulering ville føra til urimelege forhold der ein ville gje konsesjon for fire eller fem år til same fiskar. Han oppmoda utvalet om å ikkje vedta Johs. Olsen sitt forslag om å innpassa nota uansett om bruken skulle regulerast.¹⁶⁰ Andre hevda at motstanden mot notbruk i Lofoten botna i inngrodd konservatisme frå fiskarane si side. Johs. Overå stilte seg meir fagleg i forhold til problemstillinga då han sa at poenget var ikkje kor effektiv nota var, men at den beskatta ein konsentrert bestand av fisken, og at denne bestanden var offer for overfiske var det ingen tvil om. Utvalet syner seg heilt klart delt i spørsmålet, men vedtaket som vart fatta gjekk i Johs. Overå sin favør, med 16 stemmer mot Johs. Olsen sitt som fekk seks.¹⁶¹ Utvalet understreka i si innstilling til sentralstyret at dei ikkje anbefalte at det vart opna for notfiske i Lofoten utan at det vart vitsskapeleg bevist at bestanden auka.¹⁶² Som synt i kapittel tre viser partiprogramma at det har vore eit ønskje om å gje særskild stønad til havforskning. Spørsmålet om not under Lofotfisket kan ha vore ei medverkande årsak til at det vart innarbeidd i partiprogramma. Striden synt i alle fall at havforskning og forskning på fiskebestand og bruksmåtar vart viktigare.

5.3 Indre konflikter og truslar utanfrå for fiskeriutvalet

I 1951 oppstod det konflikt internt i fiskeriutvalet mellom Jens Steffensen og fiskeriministar Reidar Carlsen. Dei to hadde hamna på kollisjonskurs relativt tidleg, mellom anna i trålsaka. Der Carlsen var for rasjonalisering av næringa, som innebar ein sterk reduksjon i talet på fiskarar på sjøen og overføring av arbeidskrafta til industri på land, var Steffensen motstandar av at dette skulle skje ved å bygga ut trålarflåten. Steffensen tapte denne krigen då trålarlova vart sterkt liberalisert i 1951.¹⁶³ Som formann i Fiskarlaget må Steffensen ha teke tapet tungt. Det ga han uttrykk for då heile striden kulminerte med hans innlegg i Fiskeribladet våren 1951.

¹⁶⁰ Fortrolig referat frå Fiskeriutvalgsmøte i Oslo 6. og 7. august 1962 utarbeidet av journalist Gunnar Haugan: 16

Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv 1962 Boks 262 19

¹⁶¹ Ibid: 21

¹⁶² Notat til DNAs sentralstyre frå møte i Fiskeriutvalet datert 08.08.1962: 3

Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv 1962 Boks 262

¹⁶³ Christensen 2003: 26

Der kalla han regjeringa sin fiskeripolitikk for ”linjeløs”.¹⁶⁴ Seint i mai svara fiskeriministar Carlsen på tiltale i same avis, deretter valde han å senda saka vidare til sentralstyret i Arbeidarpartiet.¹⁶⁵ Bakgrunnen for at Carlsen tok saka vidare til sentralstyret var fordi han såg på Steffensen sitt innlegg som eit personleg åtak. Sidan Carlsen i kraft av å vera fiskeriministar, sat med store delar av ansvaret for den fiskeripolitikken som hadde blitt ført etter 1946. Han proklamerte difor til styret at han ønskja å trekka seg som fiskeriministar snarast mogleg.¹⁶⁶ Sentralstyret gjekk ikkje med på at Carlsen kunne trekka seg heilt utan vidare. Han sat difor fram til november då Peder Holt tok over. Sentralstyret sendte saka vidare til Alfred Skar i fiskeriutvalet. Alfred Skar diskuterte saka med Steffensen og sa klart i frå om at innlegget i Fiskeribladet hadde vore svært uheldig. Steffensen fekk også munnkurv og med det ikkje lov til å svara på Carlsen sitt innlegg, før det hadde blitt drøfta internt i utvalet. Igjen kan ein sjå at fiskeriutvalet sitt mandat gjorde seg gjeldande i utvalet si handtering av stridsspørsmål og konflikhtar på tvers av interessegruppene.

Skar må ha følt ein viss irritasjon ovanfor måten Steffensen hadde handtert situasjonen. Heile denne saka går tydeleg sterkt i mot det Skar hadde svara Steffensen og Bryhni knappe to månadar i førevegen om viktigheita av å diskutera fiskeripolitiske saker internt i utvalet før ein gjekk ut i offentlegheita med det.¹⁶⁷ Skar var rimeleg skarp i tonen med Steffensen og ba han om ei skriftleg redegjering for kva som låg bak utsagnet om partiets ”linjelause politikk”. Steffensen sendte difor 8. juni ei skriftleg forklaring til Skar merka ”strengt fortrolig”.¹⁶⁸ Han opna med å sei ”Jeg skal ikke benekte for at jeg var atskillig ”forb.” etter det resultat behandlingen av Trålerloven fikk [...]”.¹⁶⁹ Her trekk han fram at Norges Fiskarlag på sitt landsmøte hadde vedteke at ei revisjon av Trålarlova ikkje måtte gjerast før myndigheitene og fiskarorganisasjonane hadde vorte einige om vilkåra for lova. Steffensen meinte at Norges Fiskarlag sine synspunkt hadde blitt lagt til sides, og at dei sentrale myndigheitene hadde trumfa gjennom lova utan å høyra på fiskarane sine syn.

¹⁶⁴ Faksimile Fiskeribladet 20.05. 1951 Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1951 (B-F) Boks 41

¹⁶⁵ Faksimile Fiskeribladet 10.06.1951 Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1951 (B-F) Boks 41

¹⁶⁶ Ibid.

¹⁶⁷ Jmf. kapittel fire denne oppgåva

¹⁶⁸ Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1951 (B-F) Boks 41

¹⁶⁹ Vi kan her tenka oss til kva forkortinga til Steffensen stod for.

Avslutningsvis i sitt maskinskrivne svar til Alfred Skar, skreiv Steffensen for hand at slik saka stod var det ikkje så enkelt for han heller. På den eine sida skulle han ta omsyn til fiskarorganisasjonen, og på den andre måtte han tenka på partiet sin politikk. Forholdet mellom Steffensen og Carlsen hadde, ifølgje Steffensen, fungert utmerka i ei lang tid. I dei tilfella det hadde oppstått ueinigheit mellom dei to hadde dei alltid klart å snakka om det og finna ei løysing. Den siste delen av brevet til Skar syner at Steffensen ikkje alltid fann det like lett å balansera sin jobb som medlem av fiskeriutvalet og partiet, med jobben som formann i Norges Fiskarlag eller Råfisklaget, der den siste var stillinga han hadde i 1951.

At Jens Steffensen kjende ei viss forbitring over at Trålarlova hadde vorte vedteke er ikkje så merkeleg. Arbeidarpartiet hadde jo trass alt programfesta fiskarane sine rettar i dette spørsmålet, men gjekk bevisst vekk frå dette for å sikra auka lønsemd i næringa. Ein kan seie at dette brotet med partiprogrammet til ein viss grad let seg legitimera sidan det er eit allment, og ikkje berre politisk ønskje, om å få lønstakarar og fiskerinæringa lønsam. Som synt i kapittel fire om arbeidsprogrammet for 1949 stod det at fiskeflåten skulle tilhøyra dei aktive fiskarane og at den retten måtte sikrast ved lov. Sidan trålspeørsmålet heng så tett saman med eigedomsretten må ein kunne seie at partiet går vekk frå sine lovnadar i programmet. Sjølv om Steffensen hadde beklaga seg ovanfor Carlsen på landsmøtet i 1951 kan ikkje forholda ha betra seg mykje mellom dei.¹⁷⁰ I januar 1952 retta Carlsen på ny seg til sentralstyret der han ba om å bli fritteken frå møteplikt i fiskeriutvalet, noko han fekk, med følgjande ord; ”[J]eg kommer under ingen omstendighet til å møte i utvalget så lenge Jens Steffensen og Finn Bryhni er medlemmer. Med partihilsen R.C.”¹⁷¹

Norges Fiskarlag skulle ifølgje vedtektene vera eit partipolitisk uavhengig organ, noko laget sjølve hadde forfekta då mellom anna tyskarane forsøkte å få kontroll over laget under krigen. Likevel kan ein sjå at dette ikkje var tilfelle. Mellom anna då Jens Steffensen og Johs. Olsen bytta plass etter landsmøtet i Norges Fiskarlag i 1951, som henhaldsvis formann i Fiskarlaget og styreformann i Norges Råfisklag. Dette skjedde som eit resultat av ein indre maktkamp i Arbeidarpartiet, då Steffensen

¹⁷⁰ Landsstyremøte Norges Fiskarlag 10.09.1951 Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1951 (B-F) Boks 41

¹⁷¹ Skriv frå R. Carlsen til sentralstyret Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1952 (B-F) Boks 53

hadde råka uklar med Reidar Carlsen i trålspørsmålet.¹⁷² Som synt i tidlegare kapittel var ikkje Steffensen og Carlsen einige i korleis trålen skulle innpassast i den norske fiskerinæringa. Carlsen var ein ivrig forkjempar for å bygga ut trålarflåten, medan Steffensen ønskja å begrensa det så langt som råd. Han ville ikkje ha ei revidering av lova i 1951, men behalda lova slik den var forfatta i 1939. Han uttrykte det slik ”[D]ermed vil vi i mange år framover kun bli plaget av 9 trålere”.¹⁷³

Fiskeriutvalet handerte i perioden 1945 til 1965 fleire framstøyt mot fiskeriutvalet og Arbeidarpartiet. I mellom anna partiprogramma målar Arbeidarpartiet sin eigen fiskeripolitikk rimeleg rosenraud, men det var ikkje alle som var like nøgde med partiet sitt fiskeripolitiske arbeid. Dette finn ein fleire døme på i saksarkivet til utvalet. Til dømes i saksarkivet frå 1965. Tidleg i januar det året vart det postlagt eit usignert opprop på tre sider til alle som på ein eller annan måte var sysselsett i fiskerinæringa.¹⁷⁴ Oppropet vart sendt til dei fleste tillitsmenn i fiskarane sine organisasjonar. Fiskeriutvalet vart gjort merksame på dette då eit medlem av Troms Fiskarfylking sendte utvalet ein kopi av skrivet. Innhaldet i oppropet omtala Arbeidarpartiet i alt anna enn positive ordlag. Essensen i oppropet var at Arbeidarpartiet ikkje hadde gjort nok for å ivareta fiskarane sine interesser då dei, ifølgje den ukjende forfattaren, først og fremst representerte politisk organiserte lønsmottakarar. Dette ekskluderte fiskarane då dei var sjølvstendig næringsdrivande som fekk sin del av utbytte i form av lott. Fiskarane hadde som einaste næring ikkje eit parti som representerte deira interesser politisk, og no var det på tide å gjera noko med det. Ordlyden i dette oppropet er ikkje så ulikt det fiskaren Jens Olsen uttrykte i intervjuet med VG i mars 1956. Forfattaren oppmoda mellom anna Norges Fiskarlag å organisera seg politisk slik at laget kunne stilla til val alt i Stortingsvalet i 1965.

Det syner seg i saksarkivet til Fiskeriutvalet og partiet at dei er relativt nøgde med sin eigen innsats i løpet av dei 20 åra dei hadde hatt regjeringsmakta. Dette oppropet er difor viktig då det syner at slett ikkje alle fiskarane var einige i dette. Oppropet syner at det i alle fall har vore fraksjonar av fiskarar som har vore svært misnøgde med den jobben Arbeidarpartiet hadde gjort. Eit viktig poeng oppropet tek føre seg er det at dei som sat på Stortinget ofte ikkje hadde noko anna val enn å føya

¹⁷² Jmf. saksarkivet og Christensen og Hallenstvedt 2005: 104

¹⁷³ Sagdahl 1975: 8

¹⁷⁴ Opprop postlagt i Oslo 10.01.1965, ukjent forfattar. Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1965 (F) Boks 337

seg etter den fiskeripolitiske linja partiet hadde satt. Forfattere påpeika at visst hadde ein organisasjonar som Norges Fiskarlag og Råfisklaget, men dei hadde i all hovudsak slutta seg til partiet. Derfor kunne ein ikkje seie at fiskarane var godt representert. Haakon Lie mottok 2. februar ein kopi av oppropet frå redaktør Freder Fredriksen. Lie svara og sa at han sett liknande skriv før, men at partiet ikkje visste kven som stod bak. Han sa vidare at dette var noko ein helst burde teia stille om. Det finnst ikkje meir materiale om saka i saksarkivet, men Norges Fiskarlag står framleis som ein partipolitisk uavhengig organisasjon, og eit eige fiskarparti stilte heller ikkje til val i 1965. Konklusjonen må då verta at oppropet aldri vart noko meir enn eit forsøk. Oppropet syner likevel at Arbeidarpartiet og fiskeriutvalet ikkje kunne kvila på sine laurbær til trass for at dei hadde gjort mykje som var bra for fiskarane og fiskerinæringa.

5.4 Fiskeriutvalet si rolle i utforminga av Arbeidarpartiet sine partiprogram

Saksgangen i utforminga av partiprogramma til Arbeidarpartiet syner å ha vore slik at sentralstyret i første omgang har peika ut personar som skulle utarbeida utkast til programformuleringar for ulike saksfelt. Dette arbeidet byrja som regel eit par år i førevegen før det skulle nyttast. Desse forslaga vart deretter sendt ut til aktuelle interessegrupper som då kunne få høve til å komma med tilbakemeldingar til sentralstyret i forkant av landsmøter. Dei ulike utkast for saksfelte partiprogrammet skulle omfatta vart så diskutert på landsmøtet der eventuelle endringar var tekne med i betraktning då ein nedsett redaksjonskomité skulle redigera forslaga. Etter at redaksjonskomiteen, som også var bestemt av sentralstyret, hadde revidert og utferdiga eit ferdig programforslag vart det votert over og vedteke.

I det kommande skal eg ta føre meg korleis dei delane av Arbeidarpartiet sine partiprogram kom i stand. Kven forfatta og formulerte ordlyden dei. Dette for å forsøka å sjå kva rolle fiskeriutvalet har hatt for utforminga.

I anledning landsmøte i Arbeidarpartiet i 1945 vart det utarbeidd forslag til arbeidsprogram for perioden 1945 til 1949. Fleire komitear vart nedsett for å laga utkast til ulike saksfelt i partiprogrammet. Mellom anna var det eigne komitear som tok føre seg den norske økonomien, industrien og bustadpolitikken. Fiskeriutvalet sine medlemmar, Birger Bergersen, Klaus Sunnanå, Jens Steffensen, Alfred Skar og Ingvald Haugen, skulle utarbeida forslag til den delen av partiprogrammet som

omhandla fiskerinæringa.¹⁷⁵ Diskusjonane kring arbeidsprogrammet for 1945, både før og etter freden, handlar i all hovudsak om det større bilete. Saker som vert omtala er mellom anna attreisingsarbeidet, lønsvilkår, utanrikshandel og valutakontroll, oppgjer med dei som hadde støtta tyskarane, korleis Norge si rolle i verda skulle verta og liknande. Fiskerisaka er nemnt i det endelege arbeidsprogrammet, men det kan vera viktig å merka seg at politikken umiddelbart før og etter 8. mai 1945 tek føre seg meir prinsipielle ting.¹⁷⁶ I utkastet til etterkrigsprogrammet var attreising av fiskerinæringa eit eige punkt. Av ulike føreslegne tiltak var attreising av fiskeflåten i retning ein meir moderne flåte, her argumenterte ein for at trålen var naudsynt får å få det til.¹⁷⁷ Det ferdige programmet sa også at trålen måtte få sin plass i den norske fiskerinæringa. Vidare skulle ein bygga moderne fiskarhamner med fryseri og foredlingsanlegg for fisken som vart brakt i land. Fiskarane skulle organiserast på samvirkebasis. Tiltaka skulle gjennomførast i samarbeid mellom fiskarane og staten.¹⁷⁸

Dei ulike utkasta av partiprogrammet som finst i saksarkivet er ikkje tidfesta, noko som gjer det umogleg å følgja utviklinga frå det første utkastet til det ferdige programmet. Saksarkivet syner likevel liten dissens for dei ulike utkasta, og det er kun mindre endringar som vert tilført det endelege programmet.¹⁷⁹ Den delen av partiprogrammet for 1945 som omhandla fiskerinæringa vart utforma av fiskeriuvalet sine medlemmar. Fiskeriuvalet må difor seiast å ha stor tyding for partiet sin offisielle fiskeripolitikk i perioden.

Arbeidet med partiprogrammet for perioden 1949-1953 byrja for alvor i 1947. Det interne fiskeriuvalet fekk også denne gongen ansvaret for å utarbeida programforslag til fiske og fangst. Arbeidsutvalet bestod av Alfred Skar, Klaus Sunnanå, Reidar Carlsen, Jens Steffensen og Ingvald Haugen. Under kapittelet ”Næringene” kom målsetjinga for fiskerinæringa til syne. Som synt i kapittel tre vart

¹⁷⁵ Gjenreisingsarbeidet og den økonomiske politikken i Norge etter krigen. Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1945 (P-R) Boks 6

¹⁷⁶ Gjenreisingsarbeidet og den økonomiske politikken i Norge etter krigen. Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1945 (P-R) Boks 6

¹⁷⁷ Ibid.

¹⁷⁸ Ibid.

¹⁷⁹ Programkomiteer. Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1945 (P-R) Boks 6

det lagt vekt på fleire ting for å utvikla næringa slik at den gav størst mogleg utbytte. Mellom anna skulle staten støtta fiskarane sine eigne samvirketiltak, fiskeflåten måtte tilhøyra dei aktive fiskarane og den retten måtte sikrast gjennom lovgjeving, i tillegg til at fiskarane måtte få økonomisk stønad til å skaffa seg moderne fiskefarty og trålarar som var naudsynte for å sikra jamn tilgang på råstoff til både markand og tilverkingsindustri. Sjølv om myndigheitene syner seg offensive i det ferdige arbeidsprogrammet er ikkje fiskerinæringa omtala i dei første utkasta.¹⁸⁰ Saksarkivet avslørar ikkje noko om behandlinga av eventuelle ulike utkast for fiskeridelen i partiprogrammet.

For arbeidsprogrammet som skulle gjelda for perioden 1953 til 1957 fekk Alfred Skar og Peder Holt i oppgåva å utarbeida eit forslag i samråd med fiskeriuvalet.¹⁸¹ Under overskrifta "Næringene" vart fiskerisaka omtala. Nok ein gong går partiet inn for å føra ein fiskeripolitikk som skulle sikra full utnytting av dei store fiskeririkdommane landet hadde. Saksarkivet syner at fiskeridelen av arbeidsprogrammet ikkje vart diskutert i stor utstrekning på Arbeidarpartiet sitt landsmøte. Denne konklusjonen kan ein til dels trekka sidan saksarkivet ikkje inneheld fleire ulike og reviderte utkast. Ein kan då anta at det utkastet fiskeriuvalet hadde forfatta før landsmøtet vart det endelege utkastet. Dette kan mellom anna sei oss noko om tydinga til utvalet eller tydinga fiskerinæringa hadde. Dersom ein ser på tydinga til utvalet, vil det at deira forslag vart vedteke utan debatt eit teikn på at dei hadde gjort eit godt stykke arbeid, som alle kunne samlast om. Dersom ein tek utgangspunkt i det andre alternativet, kan det sei noko om at fiskerinæringa ikkje vart sett på som "viktig nok" til å bli debattert i stor utstrekning på landsmøtet.

Som nemnt tidlegare, blir saksarkivet meir fylldig etterkvart som åra går. Dette ser ein også av mengda papir ein har teke vare på etter ordskiftet kring partiprogramma. For dei føregåande åra kan ein neste berre anta, eller tru noko om kva rolle fiskeriuvalet har spela i utforminga. Det kan sjå ut til at landsstyret i Arbeidarpartiet har fatta vedtak kring den delen av partiprogrammet som har omhandla fiskerinæringa utan mykje debatt. Det vil då vera rimeleg å anta at fiskeriuvalet sine opprinnelege formuleringar har vore dei som vart vedtekne.

¹⁸⁰ Jmf. Arbeiderparti. D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1948 (O-R) Boks 22

¹⁸¹ P.M. fra partikontoret. Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940-71) 1953 (A) Arbeidsprogrammet Boks 63

Behandlinga av programformuleringane kring arbeidsprogramma for tida mellom 1958 og 1965 kan ha vore meir omfattande, i alle fall om ser på materialet i saksarkivet.

For Arbeidsprogrammet for perioden 1958 til 1961 fekk medlemmar av det interne fiskeriutvalet i oppgåve å utarbeida eit forslag om fiskerinæringa, desse var Ingvald Haugen, Nils Lysø, Johs. Olsen, Alfred Skar og Olav Grønaas. I oktober 1956 hadde dei utarbeidd ei innstilling som omhandla hovudspørsmål i fiskeripolitikken for åra 1958 til 1961. Denne innstillinga vart sendt ut til medlemmane i Arbeidarpartiet sitt landsstyre, arbeidsutvala i fylkes- og kretspartia, samt partistyra i Oslo og Bergen. Innstillinga vart sendt ut i den form den hadde blitt forfatta av dei ovannemnte medlemmane av fiskeriutvalet, men hadde ikkje vorte behandla av heile fiskeriutvalet eller av sentralstyret. Innstillinga var ikkje offentleg, men eit verkty i utarbeidinga av forslaget slik at relevante personar fekk anledning til å komma med innspel.¹⁸²

Utvalet skulle behandla hovudspørsmåla i næringspolitikken for fiskeria, kvalfangst og selfangst for perioden. Forslaget som fiskeriutvalet hadde utarbeidd vart oversendt til fiskeri- og sjøfartskomiteen på Stortinget for vurdering.¹⁸³ I andre og tredje utkast for arbeidsprogrammet for denne perioden er det ikkje gjort endringar under overskrifta ”Arbeidet med jorda, i skogen og på sjøen”, som var overskrifta på partiprogrammet sin del om fiskerinæringa.¹⁸⁴ I det endelege programmet var tittelen ”Jorda, skogen og havet”. Forarbeidet med dette arbeidsprogrammet framstår i saksarkivet som langt meir omfattande enn dei førre.

Sentralstyret oppnemnte i 1959 Johs. Olsen, Magnus Andersen, Nils Lysø, Nils Jacobsen, Alfred Skar, Gunvald Hauge og Trygve Hoem frå fiskeriutvalet til å utarbeida arbeidsdokument i forbindelse med nytt program for åra 1962- 65.¹⁸⁵ Utkastet vart også diskutert i partiet sin utvida fiskerikomite 21. og 22. juni 1959. I 1961 mottok fiskeriutvalet ved Johs. Olsen eit forslag frå Ivar Ulvestad frå Sør-Helgeland om at det måtte leggest betre til rette for at fiskarungdommen fekk

¹⁸² Rundskriv frå Trygve Bratteli datert 05.10.1956 Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940-71) 1958 (U) Boks 178

¹⁸³ Til programkomiteen 1957, fiskeriutvalget fra Partikontoret v/ Trygve Bratteli Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940-71) 1958 (U) Boks 177

¹⁸⁴ Jmf. andre og tredje utkast Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940-71) 1958 (U) Utvalg: Arbeidsprogrammet 1958-61 Boks 177

¹⁸⁵ Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940-71) 1960 (T-U) Boks 231

moglegheit for fagopplæring. Argumentet var at fartya vart større og fisket då måtte skje i fjerne farvatn. Med det ville kravet til fagleg kunnskap stiga. Dette ser me att i det endelege arbeidsprogrammet. Difor måtte det opprettast nye fiskarfagskular. Sentralstyret hadde behandla saka først, men vedtok å oversenda forslaget til det interne fiskeriutvalet. Dette seier noko om beslutningsmakta fiskeriutvalet sat med.¹⁸⁶

Arbeidsprogrammet sin post om fiskeri vart diskutert ganske heftig på Arbeidarpartiet sin fiskerikonferanse i 1960, der fiskeriutvalet i fleire av sakene stod mot kvarandre. For vidare utarbeiding av den delen av arbeidsprogrammet for 1962-65 som omhandla fiskeripolitikken oppmoda Sentralstyret fiskeriutvalet til å søke innspel frå Sjømannsforbundet sin representant om aktuelle oppgåver som gjaldt sjømenn.¹⁸⁷ Avsnitta i det endelege arbeidsprogrammet for industri, jordbruk og fiskeri gjekk inn for ei vidare utvikling for å styrka landet sin økonomi, samt å gje betre levevilkår for dei som var knytt til desse næringane. I programutkastet vart det også fokusert på det partiet sjølv karakteriserar som ein tradisjon for aktivt samarbeid mellom arbeidarar og funksjonærar, bønder og fiskarar.¹⁸⁸

Det ein kan sjå av programkomiteen sitt arkiv er at saksgangen i utkasta som omhandla fiskerispørsmål er relativt dårleg dokumentert. Det er også, som nemnt innleiingsvis i oppgåva, vanskeleg og til tider umogleg å følgja saksgangen sidan dei ulike utkasta ofte ikkje er datofesta eller nummerert. Likevel kan ein trekka den konklusjonen at fiskeriutvalet sine formuleringar har vore rettleiande for korleis ordlyden vart i det endelege partiprogrammet. Vi skal nedanfor sjå på fiskeriutvalet sine fiskerikonferansar. I sakslistene for nokre av desse konferansane kjem det fram at arbeid med partiprogramma har stått som ei eiga sak på møta. Det kan då vera at fiskeriutvalet gjorde ein så god jobb med å forfatta utkasta før landsmøta i Arbeidarpartiet at det rett og slett ikkje var naudsynt å gjera om på det. Fiskerikonferansane representerte jo ikkje berre sentrale partimedlemmar, men også sentrale personar i ulike fiskarorganisasjonar.

¹⁸⁶ Til DNAs fiskeriutval frå Frank Andersen datert 26.04.1961 Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940-71) 1961 (U) Boks 257

¹⁸⁷ Til DNAs fiskeriutval frå Trygve Bratteli datert 01.12.1959 Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940-71) 1962 (U) Boks 282

¹⁸⁸ Arbeidsprogrammet 1962-65- foredragsdisposisjon Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940-71) 1962 (U) Boks 281

5.5 Fiskeriutvalet sine fiskerikonferansar

Det finst seks dokumenterte fiskerikonferansar i saksarkivet. Desse finst som referat og/eller protokollar i Arbeidarpartiet sitt saksarkiv perioden 1945- 1965. Det som er interessante å finna ut av er kven arrangerte konferansane, kven deltok og kva kom deltakarane fram til på fiskerikonferansane. I ei forlenging av desse spørsmåla kan ein spora vedtaka som vart forfatta av konferansen sin redaksjonskomité, tilbake til partiet sitt sentralstyret. Val sentralstyret å ta vedtaka til etterretning eller å sjå vekk frå dei. Eg vil i denne delen ta kort føre meg kvar enkelt fiskerikonferanse med hovudvekt på dei tinga eg har identifisert som særskilt interessante å sjå nærare på tidlegare. Til dels vil debattane under konferansane bli omtala, men det er mest for å gje eit bilete på kva meiningsytringar som synte seg og korleis diskusjonane arta seg.

5.5.1 Fiskerikonferansen i 1950

I saksarkivet til fiskeriutvalet for året 1950 finst det ingen andre dokument enn referatet frå fiskerikonferansen. Denne konferansen var den første i sitt slag og fann stad på Leangkollen utanfor Oslo mellom 13. og 15. november 1950. Det var etter forslag frå Arbeidarpartiet sitt fiskeriutval at sentralstyret hadde bestemt seg for å kalla inn til ein konferanse for å drøfta aktuelle fiskerispørsmål. Det interne fiskeriutvalet var representert av Alfred Skar og Jens Steffensen. Reidar Carlsen og Finn Bryhni var innbydt som innleiarar på bakgrunn av dei andre verva dei hadde, ikkje som medlemmar i fiskeriutvalet. Det var også bedt inn fiskarar frå fiskardistrikt langs heile kysten. Frå fiskarane sine organisasjonar deltok Johs. Olsen og Petter Naustvik. Begge dei to skulle seinare også sitja i fiskeriutvalet.¹⁸⁹ Målsetjinga med denne konferansen var å drøfta aktuelle fiskeripolitiske spørsmål, samt å avklara kva

¹⁸⁹ Det norske Arbeiderpartis fiskerikonferanse på Leangkollen 13.- 15. november 1950: 2

som skulle vera partiet sin offisielle fiskeripolitikk. Konferansen skulle ikkje fatta vedtak, men diskutera aktuelle spørsmål. På sakslista stod følgjande punkt,¹⁹⁰

1. Retningslinjer for partiet sin fiskeripolitikk
2. Fiskarane sine økonomiske organisasjonar
3. Samverkebevegelsen i fiskerinæringa
4. Forholdet mellom fiskarane sine produksjonsbedrifter og fagorganisasjonen
5. Fortusetnadar for auka produksjon og avsetning i norsk fiskerinæring

Under sak fem hadde Steffensen visse innvendingar etter at konferansen var over.

Han sendte dermed brev til Alfred Skar med ei nærare utgreiing for sitt syn, som også var fiskeriuvalet sitt syn. Dersom det oppstod avsetningsvanskar grunna auka produksjon og forholda på markanden førte til innskrenkingar av norsk fiske, måtte det ikkje skje på bekostning av det regulære norske kystfisket. Hans argument for dette var at størsteparten av norske fiskarar var, og mest truleg alltid kom til å vera kystfiskarar. Ein politikk som førte til at kystbefolkninga ikkje fekk utøva si næring ville, ifølgje Steffensen, vera øydeleggande for partiet si stilling i kyststroka.

Hovudpunkta som vart diskutert på konferansen vart samanfatta av konferansen sin redaksjonskomité leia av Finn Bryhni. Det var i alt ni punkt, men dei første fem var dei som var mest relevante for fiskarane. For å skapa størst mogleg lønsemd og stabilitet i fiskerinæringa vart følgjande saker utpeika som viktige for partiet å løysa;

1. Fiskarbanken sin utlånspolitikkk måtte reviderast med sikte på å forlenga nedbetalingstida for lån til farty og fiskarsamvirkelag.
2. Fiskarane sine lovbeskytta salslag skulle støttast.
3. Fiskarane sitt frivillige samvirke skulle understøttast og bli gitt dei utviklingsmoglegheiter som sosialistisk planøkonomi tilsa.
4. Større grad av sentralisering av eksportledda i næringa.
5. Oppretthalding av subsidiering av reiskapar for å hindra uønskja sosial utvikling.

Redaksjonskomiteen si innstilling til sentralstyret vart einstemt vedteken av konferansen sine deltakarar. Sentralstyret tok på eit møte 4. desember redaksjonskomiteen sine forslag til etterretning, det vil seie at dei retta seg etter

Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1950 (F)
Boks 35

¹⁹⁰ Ibid: 5

vedtaket. Om vi samanliknar med kapittel tre som omhandla Arbeidarpartiet sin fiskeripolitikk slik den kom til uttrykk i partiprogramma kjenner vi att desse hovudpunkta som fiskerikonferansen vedtok.

5.5.2 Fiskerikonferansen i 1954

I dagane 25. og 26. februar 1954 vart den andre fiskerikonferansen arrangert, også denne på Leangkollen.¹⁹¹ Denne konferansen vart sett i stand av partiet sitt fiskeriuval etter ein annan konferanse mellom Samarbeidsnemnda mellom Norges Fiskarlag og Norsk Sjømannsforbund. Referatet frå konferansen var merka ”fortruleg”. På dagsorden stod to saker, fiskeripolitiske problem og organisasjonsmessige spørsmål.

Den første saka vart innleia av fiskeriministar Peder Holt. Han gav der inntrykk av at det var mange fiskerirelaterte spørsmål som var aktuelle og at han difor hadde hatt vanskar med å bestemma seg for kva saker han skulle ta opp på konferansen som dei viktigaste. Han poengterte også at for fleire av dei var det knytt store meiningsskilnadar innanfor fiskarane sine faglege og økonomiske organisasjonar. Under diskusjonane på konferansen vart særleg dei sosiale aspekta ved fiskerinæringa drøfta og poengtert av blant andre Klaus Sunnanå og Alfred Skar. Sunnanå la vekt på den fiskeripolitikken som hadde blitt ført, og som han meinte ein burde fortsetja med, nemleg å streva etter å skapa eit inntektsnivå for fiskarane som samsvara med andre næringar.¹⁹² I tillegg hadde fiskeripolitikken også som mål å utnytta alle dei rikdommane havet hadde å by på. Denne utviklinga førte til at det oppstod nye problem i næringa, først og fremst sosiale. Både i Norges Fiskarlag og Arbeidarpartiet sine program heitte det at fiskarane skulle bevare si stilling som sjølvstendig næringsdrivande. Spørsmålet Sunnanå stilte var kva sosial stilling fiskaren skulle ha. Han presiserte at for å oppnå ein konkurransedyktig fiskarflåte eigd av fiskarane sjølve måtte Fiskarbanken tilførast midlar slik at dette var mogleg å gjennomføra i praksis.¹⁹³ Alfred Skar sa på konferansen at fiskerinæringa framleis var i støypeskeia og at den fortsatt skulle utviklast. Denne utviklinga ville også få tyding

¹⁹¹ Protokoll merka fortruleg frå fiskerikonferansen på Leangkollen 25.- 26.02.1954. Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1955 (D-F) Boks 92

¹⁹² Ibid: 11

¹⁹³ Ibid: 11

for dei sosiale tilhøva. Skar frykta at innføringa av snurpenota i Lofotfisket pressa ut delar av fiskarane, og at utviklinga med notbruk hadde gått for fort. Skar tek her også opp kor vidt det var tid for å avskaffa offentleg prisfastsetjing på fisk då det, ifølgje han, hadde ført til ei stor belastning både for regjeringa og partiet.¹⁹⁴

Statsminister Einar Gerhardsen var også til stades på konferansen. Han tok opp partiet sine programformuleringar angående fisket, der han delte programpostane i to. Mange av postane som stod i partiet sine program var konkrete og kunne enkelt gjennomførast i praksis, medan andre var meir generelle postar som ville ta lenger tid. Her siktar han til dømes til målet om full sysselsetjing, ein post han sa at dei aldri heilt hadde fått gjennomført. Når det gjaldt posten om at dei aktive fiskarane skulle ha rett til å eiga båt og bruk sa han at då den posten vart oppført var det ingen som heilt visste korleis den skulle gjennomførast i praksis. Gerhardsen såg fleire problem rundt eigedomsspørsmålet. Mellom anna synte erfaringa at arbeidarar som hadde starta egne bedrifter ikkje hadde makta oppgåva, han poengterte at det var viktig å ta lærdom av slike erfaringar.¹⁹⁵

Det vart også etter denne konferansen samanfatte ein felles uttalelse av redaksjonsutvalet leia av Alfred Skar.¹⁹⁶ Fiskeripolitikken som vart ført i etterkrigstida tok sikte på å sikra eit forsvarleg inntektsnivå for fiskarane gjennom å utnytta dei tekniske mogleighetane og naturrikdommane som fanst. Store delar av fiskarbefolkninga låg likevel bak økonomisk og sosialt i forhold til andre yrkesgrupper det kunne vera naturleg å samanlikna dei med. Konferansen sine representantar understreka at den fiskeripolitikken som hadde blitt ført hadde vore til gagn for landets fiskarar, men arbeidet måtte fortsetja i same retning i samsvar med partiet sitt arbeidsprogram. Konferansen samanfatta konferansen i fire punkt og uttalte mellom anna følgjande;

1. På rein partimessig basis burde det snarast kartleggast behovet for ekspansjon innanfor fiskerinæringa.
2. Grunna fiskerinæringa si rolle for landet sin utanriksøkonomi måtte det leggjast til rette for at fiskarane kunne skaffa seg farty og reiskap på rimeleg

¹⁹⁴ Protokoll merka fortruleg frå fiskerikonferansen på Leangkollen 25.- 26.02.1954: 13 Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1955 (D-F) Boks 92

¹⁹⁵ Ibid: 15

¹⁹⁶ Ibid: Konferansens uttalelse er å finna sist i protokollen

vilkår. Med dette måtte Fiskarbanken også få naudsynte midlar til utbygging av samvirketiltak i fiskeproduksjon.

3. Prinsippa i lova om eigedomsrett skulle oppretthaldast.
 4. Det var i fiskarane og samfunnet si interesse at prisen på fisk heldt seg stabil, ei vidare utbygging av Prisutjammingsfonda ville då vera ein viktig reiskap for å sikra fiskarane økonomisk i nedgangstider. Vidare skulle ein oppretthalda ordninga med prisfastsetjing gjennom forhandling med myndighetene.¹⁹⁷
- Protokollen med vedtaka vart oversendt partiet sitt sentralstyre som tok dei til etterretning.¹⁹⁸

5.5.3 Fiskerikonferansen i 1960

I juni 1960 vart det arrangert nok ein fiskerikonferanse for å drøfta aktuelle problemstillingar knytt til fiskerinæringa.¹⁹⁹ Alt i mai 1960 såg fiskeriuvalet på problema i fiskerinæringa som så store at det ville vore ein fordel om dei vart diskutert som under ein eigen post på partiet sitt landsmøte i 1961.²⁰⁰ Deltakarane på fiskerikonferansen var mellom anna Johs. Overaa, Albert Jensen, Jens Steffensen, Mangnus Andersen, Nils Lysø, Erik Brofoss og Einar Gerhardsen. Deltakarane var mellom anna medlemmar av fiskeriuvalet, Stortinget sin Sjøfarts- og Fiskerikomiteen og Norges Fiskarlag. Sakslista bestod av sju punkt,²⁰¹

1. Forslag til program for Stortingsperioden 1962/65
2. Landing av fisk frå utanlandske trålarar
3. Utbygging av større trålarar og andre kyst- og havfiskebåter og korleis det skulle finansierast
4. Notfisket i Lofoten
5. Fordelinga av fisk til de forskjellige foredlingsmåtene
6. Forholdet til Norges Fiskarlag og Norsk Sjømannsforbund

¹⁹⁷ Konferansens uttalelse. Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1955 (D-F) Boks 92

¹⁹⁸ Protoll fra møtet i Fiskeriuvalet 23.05.1960. Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1960 (F) Boks 209

¹⁹⁹ Ibid.

²⁰⁰ Jmf. møtebok frå Arbeidarpartiet sitt landsmøte i 1960 vart ikkje fiskerisaka omtala som eiga sak.

²⁰¹ Referat fra DNA's fiskerikonferanse 1960 Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1960 (F) Boks 209

7. Eventuelt²⁰²

Hovudpoenget med konferansen var å drøfta fiskeripolitikken i det nye arbeidsprogrammet ifølgje statsminister Gerhardsen, i tillegg ville fiskeriminister Nils Lysø leggja fram ein del viktige spørsmål som han meinte burde drøftast av Fiskeriuutvalet og Stortinget sin fiskerikomiteé.²⁰³ Punkt fire om notfisket i Lofoten var ei torn i foten for Arbeidarpartiet. Fiskeriminister Nils Lysø innleia debatten der han mellom anna tilbakeviste argumenta dei tradisjonelle kystfiskarane hadde nytta. Argumenta gjekk i all hovudsak ut på at fiske med not øydela for bruk av andre tradisjonelle reiskapar og at mange difor valde å ikkje delta i Lofotfiske. Lysø presenterte nokre tal som synte at sjølv om det hadde vore forbod mot fiske med not i åra 1959 og 1960 hadde ikkje det gjort noko stort utslag for deltaking i fiske med andre fangsreiskapar, noko ein kanskje kunne forventa. Forbodet mot not skulle opp til ny behandling i nær framtid og Lysø såg ingen problem med at nota skulle få sleppa til att. Han trudde at nota no som tidlegare, ville enda opp med å gå i underskot. Lysø føreslo å satsa mindre på Lofotfiske grunna reiskapssituasjonen, men også fordi havforskarar hadde spådd ei dramatisk nedgang i fiskebestandane i åra som kom. Her ser vi glimt av ressursforvaltninga i si spede byrjing.

Johs. Overaa meinte derimot at fiskeriuutvalet skulle anbefala for sentralstyret å oppretthalda forbodet då to års forbod ikkje hadde gitt eit tilstrekkeleg biletet av verknadane.²⁰⁴ Som fiskeriminister tok Lysø ikkje noko endeleg standpunkt om kor vidt ein skulle oppretthalda forbodet på konferansen, men han var ikkje like overtydd som nokre av partifellane om at ei avgjersle om å sleppa nota til att ville få så store politiske skadeverknadar. Jens Steffensen var ein av dei som meinte ein burde syna varsemnd i handteringa om ein skulle eller ikkje skulle sleppa til nota igjen. Han argumenterte for sitt syn ved at enkelte kretsar hadde lefla med tanken om å danne eit eige parti for fiskarane. Etter ei avstemming på konferansen gjekk ein inn for Overaa sitt forslag med åtte mot fire stemmer, i tillegg valte sju av deltakarane å ikkje stemma.

²⁰² Referat fra DNA's fiskerikonferanse 1960: 41 Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1960 (F) Boks 209

²⁰³ Ibid: 1

²⁰⁴ Referat merka fortruleg frå DNAs fiskerikonferanse i Oslo 21.- 22.06.1960: 43-44 Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1960 (F) Boks 209

5.5.4 Fiskerikonferansen i 1961

Alt i månedsskifte januar/februar heldt 1961 Arbeidarpartiet ein ny fiskerikonferanse i Oslo. Sakslista bestod av åtte saker;

1. (Konstituering)
2. Fiskerigrensa og trålarane si stilling etter utvidinga
3. Lov om eigedomsrett til fiskefarty
4. Statens Fiskarbank og finansiering av dei ulike båttypane
5. Fiskarane sine skattemessige forhold
6. Dei sosiale utgiftene
7. Innanlandsomsetninga av fisk
8. Stortingsvalet
9. Ratifisering av internasjonale konvensjonar²⁰⁵

Eg har tidlegare vore inne på at fiskeripolitikk også i aller høgaste grad også var sosialpolitikk. Dette kjem klart til uttrykk under punkt fem. Her vart det diskutert eventuell skattelette også for kystfiskarane på lik linje med dei som deltok på fiske lenger frå land med opptil 300 døgn på havet i året. Her vart det skilt mellom fiskarar og sjøfolk, herunder sjømannsskatten. Magnus Andresen innleia debatten med å syna skattemessige skilnadar mellom sjømannsskatt og regulær skatt i kystkommunane som synte store skilnadar til trass for at fiskarane også hadde vanskelege og tøffe arbeidsforhold. Han meinte at dersom ein gjennomførte ei skattemessig likestilling ville fiskarane få ei skattelette som tilsvara dei sosiale utgiftene.²⁰⁶ Slik det kjem fram i referatet frå konferansen er det fiskarane som har ytra ønskje om denne likestillinga.

Magnus Andersen meinte at ein burde følgja ei retningslinje som sa at folk som i all hovudsak arbeidde under like kår skulle også ha likeverdige skattevilkår. Om ei slik form for skattelette også for kystfiskarane ville det gje positive utslag for partiet.²⁰⁷ Gunvald Hauge, også han medlem av Fiskeriutvalet, meinte at å innføra slik

²⁰⁵ Referat merka fortruleg frå DNAs fiskerikonferanse i Oslo 21.- 22.06.1960: 1 Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1960 (F) Boks 209

²⁰⁶ Referat merka fortruleg frå DNAs fiskerikonferanse i Oslo 31.01- 01.02 1962: 25-26 Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1961 (A-F) Boks 236

²⁰⁷ Ibid: 26

skattelette også for kystfiskarane ikkje var mogleg å gjennomføra i praksis då det ville vera svært vanskeleg å trekka klare grenser for kven som skulle få skattelette og ikkje.²⁰⁸ Johs. Olsen, også han medlem av utvalet poengterte at dersom ein ønskja å behalda kystfiskarane måtte noko gjerast. Han argumenterte for dei usikre tilhøva for desse fiskarane og at ein derfor måtte letta byrden deira ved å mellom anna innføra skattelette.²⁰⁹ Debatten om skattelette hang også saman med rekrutteringsproblemet i fiskerinæringa, då det vart færre og færre som ønskja å følgja i sin fars fotspor å bli fiskar. Difor meinte deltakarane på konferansen at skattelette kunne fungera som eit slag insentiv for å auka rekrutteringa til næringa att.²¹⁰ Redaksjonskomiteen la fram eit forslag som vart einstemt vedteken av konferansen sine deltakarar, som mellom anna sa at fiskeriutvalet meinte at yrkesfiskarar og fangstfolk gjennom skattefrie frådrag skulle kompenseras for dei ulempene som yrket førte med seg.²¹¹

Fiskerikonferansen var tydelegvis ikkje nok for å diskutera aktuelle fiskerispørsmål i 1961. Allereie i mai vart det kalla inn til møte på Arbeidarpartiet sine kontor på Youngstorget i Oslo. Dei som var inviterte til dette møtet var mellom anna fiskeriministar Lysø, statsministar Gerhardsen, sekretær i Finnmark Fiskarlag Valter Gabrielsen samt medlemmane i Fiskeriutvalet. Dette møtet finst det ikkje noko referat frå i saksarkivet til Fiskeriutvalet.

5.5.5 Fiskerikonferansen i 1963

I 1963 vart det nok ein gang heldt ein fiskerikonferanse på Leangkollen i dagane 19. til 22. mars. Det stod åtte saker på dagsorden;

1. Den fiskeripolitiske målsetjinga i tida framover
2. Fikseria si tyding for ein høgare og meir stabil sysselsetjing på kysten
3. Naturgrunnlaget for våre fiskerier
4. Er det organisasjonsmessige oppbygginga innan fiskerinæringa fagleg/økonomisk hensiktsmessig
5. Pris- og lønsutvikling

²⁰⁸ Referat merka fortruleg frå DNAs fiskerikonferanse i Oslo 31.01- 01.02 1962: 26 Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1961 (A-F) Boks 236

²⁰⁹ Ibid: 29

²¹⁰ Ibid: 29

²¹¹ Ibid: 31

6. Produksjons- og salsmoglegheiter i fiskerisektoren
7. Fi-No-Tro, Hjellnesutvalet si innstilling
8. FRIONOR si oppbygging og verksemd²¹²

Fiskeriutvalet var godt representert på konferansen med heile 19 representantar av dei i underkant 50 deltakarane. Av dei andre som deltok finn mellom anna Valter Garbrielsen formann i Finnmark Fiskarlag, Halvard Brox frå Finnmark Dagblad, Ingvald Jaklin frå avisa Nordlys og Freder Fredriksen frå Fiskeribladet.²¹³

Fiskeriministar Nils Lysø innleia til den første posten om kva fiskeripolitiske målsetjingar ein skulle setja seg framover. Han byrja med å snakka om statsstøtta til fiskerinæringa som berre hadde gått opp dei seinare åra. Sjølv om Norge hadde eit særst gunstig utgangspunkt geografisk for å driva med fiske, klarte fiskarane her seg dårlegare enn i andre land som Danmark, Sverige og Nederland der staten støtta fiskeria lite eller ikkje i det heile. I 1962 hadde den norske stat ytt om lag 113 millionar kroner i direkte tilskot. I 1962 utgjorde den statlege stønaden om lag 2000 kroner per fiskar og av førstehandsverdien utgjorde statsstøtta om lag 20 prosent.²¹⁴ Lysø går også ut mot fordelinga av fartøy, der han sa at båtar under 60 fot var for små til å driva eit allsidig og rasjonelt fiske. Ifølgje fiskeriteljinga i 1960 var det om lag 60 000 personar som dreiv med fiske, av merkeregisteret i 1962 finn ein at det var i underkant av 40 000 fiskefartøy. Fordelinga av storleiken på fartøya var, ifølgje Lysø, bekymringsverdig. Om lag 31 000 av desse fartøya var under 30 fot, 7200 fartøy var mellom 30 og 60 fot, medan kun om lag 1500 var større enn 60 fot. Poenget til Lysø var altså at fartøy over 60 fot hadde moglegheit for å driva med heilårsfiske og fiske både langs kysten óg til hav- og bankfiske, medan dei mindre fartøya var berekna på sesongfiske og dermed låg i opplag store delar av året.²¹⁵ Eit anna moment i fiskerinæringa si utvikling var problemet med å rekruttera den yngre garde til fiskaryrket. Lysø hevda at mykje av årsaka til det var at ungdommen ikkje såg driftsmidla som hensiktsmessige, då dei mellom anna var lite interessert i å stå i ein open båt i all slags vær.²¹⁶ Fiskeriministaren ville på bakgrunn av dette både redusera

²¹² Fotruleg referat frå Fiskerikonferansen på Leangkollen 19.- 22. mars 1963: 1 Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1963 (B-F) Boks 285

²¹³ Ibid: 2

²¹⁴ Ibid: 3

²¹⁵ Ibid: 4-5

²¹⁶ Ibid: 7

fiskeflåten, men også fornya den. I 1960 vart det oppretta eit kondemneringsfond, men dette hadde ikkje vore tilstrekkeleg. Det vart difor nedsett eit utval som skulle utvikla eit investeringsprogram for fiskeflåten. Målsetjinga i innstillinga frå Investeringsutvalet som vart gitt i 1962 var å auka flåten med båtar i klassen 60 til 150 fot, samt å redusera talet på farty under 60 fot. Målet var å få kondemnert om lag 1000 farty i dei tre neste åra. Fiskeriministar sin konklusjon når det gjaldt kva målsetjing ein skulle ha for utbygginga av fiskeflåten i åra framover vart summert i seks punkt, mellom anna skulle alle farty som ikkje var hensiktsmessige kondemnerast, kyst- og havfiskeflåten over 60 fot måtte byggast ut og staten måtte i sin finansieringspolitikk støtta ei slik utvikling.²¹⁷ I innleiinga var Lysø inne på den statlege stønaden til fiskerinæringa som han meinte ikkje fungerte slik meinga var at den skulle. Han påpeika at for at staten skulle gje stønad til ei næring måtte den vera utnytta på ein effektiv og rasjonell måte, dette meinte Lysø ikkje vart tilfelle i fiskerinæringa.²¹⁸

Erik Brofoss heldt innleiingsforedrag om punkt to, fiskerinæringa si tyding for ei høgare og meir stabil sysselsetjing på kysten.²¹⁹ Brofoss meinte også at det burde vera Arbeidarpartiet sin politikk å halda befolkninga der den var, for å hindra ei stor sentralisering av folk i sør. For å få til dette meinte Brofoss at det måtte leggjast eit langt større fokus på frosenfisk i kombinasjon med ein fiskeflåte som kunne gje høgast mogleg stabilitet i råstofftilgangen.²²⁰ Det bildet Brofoss her teikna av dei nordlegaste landsdelane kan seiast å vera ganske svart. Han var av den oppfatning at dersom desse fylka skulle vera liv laga var det naudsynt med ei utbygging av fiskerinæringa på land for å skaffa arbeid, då annan landbasert industri ikkje hadde grunnlag for å driva der. Her kjem ein inn på ein debatt som omhandla tilgangen til råstoff. Det var ei kjent sak at naturgrunnlaget hadde vorte offer for kraftig beskatning dei siste åra, mellom anna med krisa i torskefisket i .

²¹⁷ Fotruleg referat frå Fikserikonferansen på Leangkollen 19.- 22. mars 1963: 9 Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1963 (B-F) Boks 285

²¹⁸ Ibid: 13

²¹⁹ Brofoss var på denne tida medlem av fleire relevant utval, mellom anna Utvalget for industriell finansiering 1956-1966, Fiskerinæringens Forsøksfond 1960-1967, samt formann i Styret for Distriktenes Utbyggingsfond 1961-1978

²²⁰ Fotruleg referat frå Fikserikonferansen på Leangkollen 19.- 22. mars 1963: 19 Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1963 (B-F) Boks 285

Det vart utarbeidd to einstemte forslag av deltakarane på konferansen. Det eine var i forhold til dei tre første punkta som Lysø, Brofoss og Sunnanå hadde innleia på. Mellom anna stod det at havforskning måtte gjevast gode vilkår og moglegheit til å følgja utviklinga av ressursgrunnlaget, utvikla fiskeflåten slik at båtane kunne reisa dit fisken var, herunder var det viktig at Statens Fiskarbank vart bevilga midlar for å stimulera og støtta fiskarane økonomisk, utvikla foredlingsindustrien slik at ein i større grad utnytta råstoffet og at målsetjinga for den statlege stønaden måtte vera at den til slutt skulle verta overflødig.²²¹ I referatet som vart oversendt til Arbeidarpartiet sitt sentralstyre vart konferansen kalla eit møte.

5.5.6 Fiskerikonferansen i 1964

I januar 1963 hadde fiskeriutvalet årets første møte og den kanskje viktigaste saka politisk finn vi under eventuelt. Johs. Overå påpeika her at dei borgarlege partia den siste tida hadde synt sterk politisk aktivitet i forhold til fiskarane i Nord-Norge, og i den forbindelse burde også Arbeidarpartiet leggja ned meir arbeid. Saka vart diskutert ved neste møte i utvalet.

I dagane 6. og 7. april 1964 vart det heldt nok ein fiskerikonferanse på Leangkollen. Mykje av konferansen omhandla det føreståande arbeidet med partiprogrammet for Stortingsperioden 1966 til 1969. Formannen Trygve Hoem ønskja velkommen, og då særskilt til Knut Hoem og Gunnar Hansen som for første deltok på vegne av Norges Råfisklag. Det stod fem punkt på saklista for konferansen.

1. Målsetjing for partiet sin fiskeripolitikk, derunder naturgrunnlaget, avsetjing, flåten og fangsteffektiviteten og busetjing
2. Henvending frå Finnmark angående ein 4- årsplan for bygging av fiskerifarty
3. Lov om eigedomsrett til båt og bruk
4. Arbeidet innan fiskerisektoren
5. Landing av fisk
6. Orientering om fiskerigrensa

²²¹ Fotruleg referat frå Fiskerikonferansen på Leangkollen 19.- 22. mars 1963: 70 Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1963 (B-F) Boks 285

7. Kommunale fiskenemnder

Fiskeriministar Magnus Andersen innleia til punkt 1 på sakslista. Målsetjinga for fiskeripolitikken måtte vera at i alle fall dei som dreiv med heilårsfiske oppnådde inntekter på nivå med industriarbeidarar på land. Det var knytt problem til denne målsetjinga, mellom anna påverka den sterke overbeskatninga av fiskeressursane næringa si lønsnemnd. Her heva Andersen beskatningsproblema til eit internasjonalt nivå, der det var naudsynt med bilaterale avtalar mellom nasjonar for å kontrollera fisket.²²² Eit anna poeng Andersen trekk fram knytt til internasjonale forhold var det faktum at det meste av den norske fisken vart avsett på den utanlandske marknaden. I mange land hadde handelspolitiske forhold skapt vanskar for den norske eksporten. Andersen frykta dermed at dette ville bli eit aukande problem i åra framover når det gjaldt landa som var medlem i Fellesmarknaden.²²³ Andersen påpeikar eit viktig poeng her, og det er at lønsemda i norsk fiskerinæringa var knytt opp til prisane ein kunne venta å få på den utanlandske marknaden. Men, uansett kva utviklinga var i ressursgrunnlaget og den internasjonale marknaden var det viktig å sørgja for at sjølve fisket var så effektivt som mogleg.

Fiskeriministaren hevda at dersom ein skulle heva fiskarane sitt lønsnivå i takt med andre næringar måtte fisket effektiviserast med tanke på både båt og bruk. Andersen hevda at ei næring som i så stor grad vart påverka av etterspørsel og forbruk, måtte halda sjølve kostnadane i produksjonen så låge som mogleg for å vera konkurransedyktige. For å auka lønsemda meinte Andersen at det også var viktig med ein fortsatt nedgang i talet på fiskarar sysselsett i næringa. I perioden 1948-1960 hadde det vore eit fråfall på om lag 2000 fiskarar årleg. Denne utviklinga kunne ikkje fortsetja i all æva, men stabiliserast etterkvart. Dit var dei enno ikkje komne ifølgje Andersen.²²⁴ Vidare måtte også fiskeflåten si samansetjing endrast, dette skulle mellom anna skje med ei vidare utbygging av Fiskarbanken. Andersen påpeika at fiskerinæringa framleis gjekk i gjennom ein omstillingsfase der det var naudsynt at staten la til rette gjennom ein støttepolitikk. Denne politikken måtte utformast i

²²² Det norske Arbeiderpartis fiskeriutvals møte 6. og 7. april 1964: 2 Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1964 (F-G) Boks 312

²²³ Romatraktaten av 1957

²²⁴ Det norske Arbeiderpartis fiskeriutvals møte 6. og 7. april 1964: 4 Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1964 (F-G) Boks 312

samarbeid med fiskarane sine organisasjonar og koordinerast gjennom ein hovudavtale med Norges Fiskarlag.²²⁵

Under sak 4 om arbeidet innan fiskerisektoren innleia Trygve Hoem. Her kom han mellom anna med eit forslag om ei utviding av fiskeriutvalet. Han foreslo at ein burde ta sikte på å oppretta eit spesielt fiskeriutval i kvart enkelt fylkesparti.²²⁶ I desse utvala burde både fiskarane og fagbevegelsen vera representert. Utvala si oppgåve burde vera å gje sitt fylkesparti råd i fiskerispørsmål, samt å ha kontakt med partifeller som var representert i fylkesfiskarlaga, salslaga osv. På denne måten meinte Hoem at ein ville styrka tilliten til partiet. Han fremja vidare forslag om at partiet skulle senda ut saker som desse fylkesutvala kunne jobba med.²²⁷ Motivasjonen bak dette tiltaket var nok det at også andre parti no hadde byrja å interessera seg for fiskarane, då særskilt Senterpartiet og Venstre. Dei andre deltakarane som tok til ordet på møtet var utelukkande positive til dette forslaget. Mellom anna uttalte Johs. Overå at partiet hadde "koset oss på flertallet gjennom 25 år, da er det ikke så rart at det har oppstått litt døsighet".²²⁸

Fiskerikonferansane vart kalla inn av Arbeidapartiet, men i realiteten var det fiskeriutvalet som stod for konferansen. Partiet sitt sentralstyre verkar å ha vore lydhøyre ovanfor dei vedtaka som vart fatta på fiskerikonferansane. Det må ha vore viktig for partiet si legitimering ovanfor fiskarane at slike arrangement fann stad. Alle som var nokon i fiskerinæringa eller fiskeripolitikken vart innkalla til møtet, samstundes som at også fiskeriinteresser frå distrikta fekk høve til å delta. Konferansane syner høg vilje blant deltakarane til å lytta på ulike synspunkt sjølv om ein kanskje ikkje var samde i alt som vart sagt. Sidan konferansane ikkje hadde makt til å fatta vedtak var dei avhengige av å komma fram til formuleringar som alle kunne stø seg på for å få gjennomslag for dei i sentralstyret. Sjølv om deltakarane kanskje var ueinige i nokre saker, såg dei viktigheita av å inngå kompromiss for det felles gode for fiskerinæringa.

²²⁵ Denne avtalen vil verta behandla nærmare i kapittel 6.

²²⁶ Det norske Arbeiderpartis fiskeriutvals møte 6. og 7. april 1964: 48 Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1964 (F-G) Boks 312

²²⁷ Ibid.

²²⁸ Det norske Arbeiderparti s fiskeriutvals møte 6. og 7. april 1964: 52 Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1964 (F-G) Boks 312

5.6 Oppsummering

Kapittel fem har omtala eit utval av dei sakene og problema fiskeriutvalet arbeidde med i perioden. Dette for å syna korleis utvalet jobba i forhold til sitt mandat og si samansetjing. Dei sakene som er omtala syner mellom anna at det slettast ikkje var slik at fiskeriutvalet sine medlemmar alltid var einige, men utvalet skulle jo fungera som eit forum der ein kunne diskutera saker høglydt. Eit godt døme er notproblematikken, ein dårleg eksempel er måten Jens Steffensen gjekk ut offentleg å uttala seg om Reidar Carlsen og partiet sin fiskeripolitikk. Denne framgangsmåten strider heilt mot det målet utvalet hadde om å diskutera seg fram til standpunkt internt, før ein gjekk offentleg ut å kritiserte.

Når det gjeld fiskeriutvalet si befatning med partiprogramma syner teksten langt på veg at utvalet sine opprinnelege formuleringar er dei som vert vedtekne i dei endelege partiprogramma. Ein skal kanskje ikkje strekka strikken så langt at landsmøtet vedtek "blåkopiar" av fiskeriutvalet sine partiprogram, men utvalet har heilt klart vore styrande for formuleringane.

Fiskeriutvalet sine fiskerikonferansar må sjåast på som viktige for det partipolitiske frieriet til fiskarane og deira organisasjonar. Utvalet bidreg også positivt til dette då dei opna for fleire medlemmar i 1959, som vi såg i det forrige kapittelet. Sjølv om ikkje fiskerikonferansane hadde moglegheit for å fatta vedtak på vegne av partiet, vart dei som regel tekne til etterretning og inkorporert i partiet sin fiskeripolitikk.

Kapittel 6: Arbeidarpartiet sitt forhold til Norges Fiskarlag

6.1 Organisering av fiskarane

Som synt gjennom heile denne oppgåva hadde Arbeidarpartiet eit nært forhold til Norges Fiskarlag. Mellom anna gjennom Fiskarlaget sitt medlemskap i det interne fiskeriutvalet, og Arbeidarpartiet som då i tur fekk innflytelse i Fiskarlaget. Dei norske fiskarane, særskilt dei nordpå, har alltid vore nært knytt til Arbeidarpartiet og LO. Den politiske aktiviteten i fiskerinæringa byrja for alvor då fiskarane i 1903 valte

inn tre representantar for Arbeidarpartiet til Stortinget.²²⁹ I 1913 byrja LO, og dermed også Arbeidarpartiet, å interessera seg for ei fagleg organisering av fiskarane. Året etter vart det nedsett ein komité som trakk opp retningslinjene for eit slikt organisasjonsarbeid. Denne komiteen utarbeidde eit utkast til vedtekter for ein fagorganisasjon som kun skulle omfatta aktive fiskarar. Tanken bak ei slik organisering av fiskarane var at den skulle fremja fiskarstanden sine kår gjennom eit felleskap av fiskarar, der målet var at fiskarane skulle overta omsetninga og produksjon.²³⁰ Som nemnt i kapittel to, vart det vi i dag kjenner som Norges Fiskarlag, stifta i 1926. Før denne landsorganisasjonen kom i stand eksisterte det åtte fylkes- og distriktsorganisasjonar for fiskarane som hadde blitt oppretta i åra 1915 og 1925. Desse regionale organisasjonane la grunnlaget for, og var drivkrefter bak, stiftinga av Fiskernes Faglige Landslag.^{231 232}

For fiskarane representerar perioden 1870 og fram til stiftinga av Norges Fiskarlag i 1926 eit skifte. Christensen og Hallenstvedt seier at det i denne tida skjer eit gradvis skifte av fokus, frå fiskeri til fiskar.²³³ Frå 1870 og fram til århundreskiftet var det fiskeriselskapa si tid, der få fiskarar var representert. Etter 1900 og fram til opprettinga av Nord-Norges Fiskerforbund var det lokale fiskarlag som dominerte, men med opprettinga av det nord-norske forbundet vart fiskarane sine interesser samla i større regionale einingar. Dette må ha gjort det enklare for fiskarane å få fram sine synspunkt. Med stiftinga av Norges Fiskarlag har dei aktive fiskarane i heile landet moglegheit for å organisera seg samla i éin organisasjon.²³⁴

Å driva organisasjonsarbeid blant aktive fiskarar må seiast å ha vore ei utfordring. Fiskarane sin arbeidsstad var primært på havet og når ein var der skulle ein fiska. Når fisken vart brakt i land, var det om og gjere å komma seg fortast mogleg ut att for å fiska meir dersom véret tillot det. Før andre verdskrig var fisket ein kamp for å overleva, og organisasjonsarbeid var ikkje ein prioritet for fiskarane. Då ein kom til 1935 var det om lag 11 000 medlemmar i Norges Fiskarlag, og då krigen braut ut i

²²⁹ Christensen og Hallenstvedt 2005: 23

²³⁰ Ibid: 24

²³¹ Nord-Norges Fiskerforbund (1915), Sunnmøre og Romsdals Fiskarlag (1915), Sogn og Fjordane Fiskarlag (1918), Hordaland Fylkes Fiskarlag (1919), Rogaland Fiskarlag (1919), Sør-Trøndelag Fiskarlag (1922), Nord-Trøndelag Fiskarlag (1925) og Nordmøre Fiskarlag (1925)

²³² Christensen og Hallenstvedt 2005: 27, 31

²³³ Ibid: 17

²³⁴ Ibid: 33

Norge var talet komme opp i 22 000 medlemmar. Det var fleire årsaker til denne veksten. Mellom anna vart organisering den nye norma i samfunnet då fleire ulike samfunnsgrupper byrja å organisera seg. Jens Steffensen var viktig for at dei nord-norske fiskarane valte å melda seg inn i Fiskarlaget då han vart formann for første gong i 1937.²³⁵ Veksten i medlemmar førte også til at Fiskarlaget fekk ei mykje sterkare stilling som fagorganisasjon med ei sentral rolle i norsk fiskerinæring.²³⁶ Norges Fiskarlag kunne no snakke på vegne av dei norske fiskarane.

Under krigen vart Norges Fiskarlag forsøkt underlagt Nasjonal Samling, men dette forsøket vart sabotert frå dag éin. Fiskarlaget synta til vedtektene om at dei skulle vera ein frittstående og partipolitisk nøytral organisasjon. Det heile enda med at Fiskarlaget underteikna på at dei ville vera samarbeidsvillige i forhold til regjeringa, men noko stønad til Nasjonal Samling utover det var ikkje aktuelt.²³⁷ Nasjonal Samling fortset likevel sine forsøk på å kontroll over Norges Fiskarlag under krigen, men lukkast ikkje. Heile forsøket resulterte i at Fiskarlaget stod sterkare enn det hadde gjort før krigen.²³⁸

6.2 Forholdet mellom Norges Fiskarlag og Arbeidarpartiet sitt interne fiskeriutval

Som synt i tidlegare kapittel har Norges Fiskarlag vore ein viktig organisasjon for fiskarane og fiskerinæringa både før og etter 1945, men kva plass og innverknad har dei hatt på dei fiskeripolitiske prosessane og avgjerslene. Dersom ein ser på sakslistene frå Fiskarlaget sine landsmøte mellom 1945 og 1965 syner dei at laget har famna vidt i sitt arbeid for fiskarane sine interesser. Alt frå spørsmålet om eigedomsrett og fiske med trål og not, til pensjon og arbeidsforholda til fiskarane. Det ein kan sjå av fiskeriutvalet sitt saksarkiv og Norges Fiskarlag sine møtebøker er at dei ofte har behandla dei same spørsmåla. Dette er naturleg då utvalet hadde representantar frå Fiskarlaget og at dei på denne måten fekk innverknad på kva saker utvalet behandla.²³⁹ Dette syner seg mellom anna ved at saker som vert tatt opp på

²³⁵ Christensen og Hallenstvedt 2005: 67

²³⁶ Ibid: 69

²³⁷ Ibid: 74

²³⁸ Ibid: 87

²³⁹ Sidan Arbeidarpartiet sitt interne fiskeriutval vart nedsett i 1937 hadde Norges Fiskarlag også vore representert i utvalet.

Fiskarlaget sine landsmøter, i ettertid vart omtala på utvalet sine møter og fiskerikonferansar. Sett i lys av dette må ein kunne seie at Fiskarlaget på mange måtar var med på å setja dagsorden for fiskerispørsmål etter krigen, sjølv om dei ikkje alltid fekk gjennomslag for sine saker. Nedanfor skal eg ta føre meg nokre av desse. Det må då seiast at det til tider har vore vanskeleg å seia noko om innverknaden Fiskarlaget i realiteten har hatt, då det å følgja saksgangen er vanskeleg når ordskiftet ikkje finst i saksarkivet. Det som kjem heilt klart fram er at Jens Steffensen som formann i Norges Fiskarlag har hatt innflytelse på det fiskeripolitiske arbeidet i Arbeidarpartiet.²⁴⁰ Ein kan også ved å sjå på deltakarlistene på Fiskarlaget sine landsmøter at laget ikkje har vore ubetydeleg for Arbeidarpartiet, då mellom anna statsministaren ofte deltok på møta.

I mai 1945 hadde Norges Fiskarlag fått dei tre nordlegaste fiskarfylkeslaga sine felles meiningar om korleis fiskerinæringa skulle hjelpast på fote etter krigen. Mellom anna gjennom at fiskarane fekk full råderett over alle ledd i næringa. Fylkesfiskarlaga var bekymra for dei utanforståande kapitalistiske interessene som hadde fått fotfeste i fiskerinæringa før og under krigen;

”De krigsår en nå har gjennomlevd har til fulde vist at det er behov for sterke organisasjonsmessige og samfundsmessige inngrep i fiskerinæringen for framtida.- Både skadelegige og udelige elementer er kommet inn, og har fått anledning til å boldte seg i en så utenkelig grad, at det nu må sterke inngrep til for å uskadeliggjøre og fjerne disse, likesom en må hindre at gjentakelser kan framkomme.”²⁴¹

Denne formuleringa samanfattar fiskarane nordpå sin aversjon mot at private interesser skulle få sleppa til i fiskerinæringa. Noko av den same ordlyden kan ein kjenna att i arbeidsprogrammet til Arbeidarpartiet i mellom anna 1945 og 1949.²⁴²

Då Norges Fiskarlag heldt møte i Rørvik i september 1945, hadde dei ikkje hatt landsmøte sidan 1941. På dette møtet vart det vedteke eit arbeidsprogram som satte store mål for laget i åra framover. I styret i Norges Fiskarlag sat mellom anna

²⁴⁰ Jmf. saksarkivet

²⁴¹ Brev datert 11.05.1945 til Norges Fiskarlag. Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1945 (B-K) Boks 4

²⁴² Arbeid og samvirke 1945 <http://nsd.uib.no/polsys/data/filer/parti/10023.rtf> Henta 03.09.12

Arbeidsprogrammet 1949 <http://nsd.uib.no/polsys/data/filer/parti/10044.rtf> Henta 03.09.12

Jens Steffensen, som også var medlem av Arbeidarpartiet sitt interne fiskeriuvalg. Steffensen innleia om forslag til arbeidsprogram for Fiskarlaget som var punkt fem på dagsorden.²⁴³ For å gjennomføra dei planane Fiskarlaget hadde i høve til produksjon, tilverking og omsetning måtte følgjande tre føresetnadar vera til stades;

1. Dei aktive fiskarane måtte ha einerett til båt og bruk.
2. Fiskarane måtte ha full råderett over produksjon, og alle lover som stengte fiskarane og deira organisasjonar ute frå tilverking, produksjon eller eksport måtte opphevast snarast.
3. Det måtte stillast midlar til disposisjon for å bygga ut fiskarsamvirket.²⁴⁴

Desse tre punkta var ikkje mogleg for Fiskarlaget å gjennomføra på eiga hand. Det var difor viktig at også myndigheitene samtykka til forslaget. I oktober det same året hadde fiskeriuvalet sitt første møte. Av dei to sakene som stod på sakslista for møtet var den første å gå gjennom budsjettet for statlege ytingar til fiskerinæringa som Norges Fiskarlag hadde lagt fram. Fiskeriuvalet hadde allereie i 1938 gått inn for at problema i fiskerinæringa måtte løysast med statleg økonomisk hjelp.

Til punkt to og tre stod det ”Gjennom økonomisk og faglig samvirke, med støtte av staten, må fiskerne sjøl ta ledelsen i den modernisering og rasjonalisering av yrket som må til.”²⁴⁵

Punkt nummer femten på dagsorden omhandla fiskarane sin rett til å eiga båt og bruk. Landsstyret i Fiskarlaget hadde vedteke på møte 6. september at denne retten kun skulle omfatta aktive fiskarar. Dette må sjåast på som ei ledd i Fiskarlaget sin plan om at fiskarane skulle ha full råderett over eige yrke.²⁴⁶ Eigeomsretten til båt og bruk, og spørsmålet om trålbruk vart ein sentral konflikt etter krigen. Som nemnt i kapittel ein, stod striden mellom dei tradisjonelle kystfiskarane og myndigheitene som ønskja modernisering og rasjonalisering av fiskerinæringa. Trålfisket vart av staten sett på som naudsynt for å nå dette målet. Dersom ein samanliknar med til dømes England, kom trålfisket til Norge relativt seint. I 1934 var det heile 1648 trålarar, medan Norge hadde kun éin større trålar. I 1936 hadde steig talet til elleve trålarar

²⁴³ Utskrift av møteboka for Norges Fiskarlags landsmøte i Rørvik 10.- 13. september 1945: 11

²⁴⁴ Ibid.

²⁴⁵ Arbeid og samvirke 1945 <http://nsd.uib.no/polsys/data/filer/parti/10023.rtf> Henta 03.09.12

²⁴⁶ Utskrift av møteboka for Norges Fiskarlags landsmøte i Rørvik 10.- 13. september 1945: 28

over 50 tonn.²⁴⁷ Lovreguleringa av trålfisket byrja derimot tidleg. Alt i 1908 kom forbodet mot trålfiske innanfor fiskerigrensa. I 1925 vart den avløyst av ei ny lov. Trålarlovene var i all hovudsak mynta på utanlandske farty sidan det ikkje fanst norske trålarar, men ettersom det også kom norske trålarar vart trålarlova også relevant for Norges Fiskarlag. Som synt i kapittel to, vart trålarlova vart revidert i 1936 og 1939. Revideringa av lova i 1939 hadde ikkje vore populær i Norges Fiskarlag, men laget kom no i ei stilling der dei såg seg nøgde til å forsvara lova ovanfor tyskarane. Fiskarlaget innsåg at lova var komen for å bli og måtte difor forsøka å få den formulert slik at den favoriserte fiskarane og ikkje utanforståande kapitalinteresser. Tyskarane hadde nemleg gjennom Harsemkomiteen si innstilling synt at dei ønskja ei omlegging av heile strukturen i fiskerinæringa, mykje grunna eit ønskje om å forsyna den tyske marknaden med norsk fisk.²⁴⁸ På eit møte i Fiskarlaget i 1939 vart det sagt at;

”[D]e trålere som i henhold til trålerloven måtte bli bygget, skal eies og disponeres av fiskere [...]. Det forutsettes at fiskerorganisasjonene får adgang til å øve den nødvendige kontroll hermed.”²⁴⁹

Til tross for at tyskarane pressa for å få trålarlova endra, stod lova seg gjennom heile krigen. Under krigen hadde det dukka opp eigarar av fiskefarty som hadde liten eller ingen tilknytning til fisket. Difor vart spørsmålet om eigedomsrett sentralt etter krigen, for Norges Fiskarlag som representant for dei aktive fiskarane.²⁵⁰ Under landsmøtet til Norges Fiskarlag i august 1947 hadde rasjonaliseringa av fiskerinæringa i høve til eit utvida fiske med trål vorte diskutert som sak elleve. Fiskarlaget hadde på eit styremøte tidlegare det same året nedsett ein komité som skulle utreda trålarspørsmålet og eventuelle konsekvensar av ei utviding av trålarlova. Jens Steffensen var formann i komiteen, og på Fiskarlaget sitt landsmøte i 1947 innleia han debatten.²⁵¹ Komiteen hadde komme fram til at trålfiske var naudsynt for å sikra råstoff til foredlingsindustrien, samt å auka den generelle oppfiskinga. Men, dersom

²⁴⁷ Christensen og Hallenstvedt 2005: 104

²⁴⁸ Ibid.: 107

²⁴⁹ Ibid.:107

²⁵⁰ Ibid.:108

²⁵¹ Utskrift av møteboka for Norges Fiskarlags landsmøte på Flekkerøya 11.- 15. august 1947: 43

ein skulle bygga ut trålarflåten måtte det skje på fiskarane sin samvirkebasis. Eventuell endring i trålarlova skulle vidare skje i samråd med Norges Fiskarlag som representant for fiskarane.²⁵² Kristian Berg fremja forslag om at Fiskarlaget ikkje skulle gå inn for ei revidering av trålarlova, eller ein auke av konsesjonar. Forslaget Steffensen hadde fremja som var for ei revidering dersom fiskarane fekk eigedomsrett vann med 61 mot 26 stemmer etter ei votering på landsmøtet.²⁵³ Av dette kan ein sjå at fiskarane ikkje var imot trålfiske i seg sjølv, men korleis lovgjevinga opna for at private kunne delta i dette fisket. Lova om eigedomsrett må difor kunne seiast å vera ein av dei viktigaste lovene for fiskarane etter krigen i forhold til å oppretthalda den råderetten dei ønskja over si eiga næring.

Sagdahl seier i ei oppgåve frå 1975 at Fiskarlaget sitt ønskje om at fiskarane skulle ha eigedomsretten til fiskefarty og konsesjonane til fisket, vart ein defensiv interessekamp som dei til slutt tapte. Arbeidarpartiet hadde eit sterkt ønskje om å sanera fiskeflåten etter krigen for å gjera næringa meir lønsam. Fiske med trål og bygging av foredlingsbedrifter på land var ein del av dette målet, og for å nå det var det naudsynt med privat kapital sidan det var eit kostnadskrevjande prosjekt som fiskarane ikkje makta på eiga hand. For å halda seg inne med fiskarane og Fiskarlaget var myndigheitene avhengige av eit lovverk som gjorde det mogleg. Lov om eigedomsrett hadde alltid vore midlertidige, dette gjorde at Arbeidarpartiet kunne unngå å ta stilling til realiteten i spørsmålet.²⁵⁴ Sagdahl kalla dette for ei form av styrings- og manipuleringsmekanismer.²⁵⁵ Det heile må kunne seiast å ha vore vellukka for Arbeidarpartiet sin del, Norges Fiskarlag tapte slaget om trålarlova i 1951 og lova om eigedomsretten i åra etter krigen.

I etterkant av landsmøtet skreiv Jens Steffensen til statsminister Einar Gerhardsen og takka for at han deltok på møtet. Steffensen tok opp to ting i dette brevet. For det første skriv han at det var enkelte ting i forbindelse med fiskeria han måtte ta tak i. Først og frems sikta Steffensen til myndigheitene si handtering av Fiskeribanklova. Steffensen var ikkje nådig i sin kritikk av Finansdepartementet si stilling i saka. ”Gunnar Bø har forkludret hele lovforslaget ved sin stilling til det, og

²⁵² Utskrift av møteboka for Norges Fiskarlags landsmøte på Flekkerøya 11.- 15. august 1947: 53

²⁵³ Ibid: 57

²⁵⁴ Lov om eigedomsrett vart gjort permanent i 1972, men opna då for at også andre enn aktive fiskarar kunne få konsesjonar.

²⁵⁵ Sagdahl 1975: 22

skal det ikke bli en politisk historie av spørsmålet, må her gjøres noe”.²⁵⁶ Årsaka til at Fiskarlaget var misnøgde var at Finansdepartementet, ifølgje Fiskarlaget hadde utforma ei lov som var dårlegare stilt enn td. lova om Husbanken og Småbruk- og boligbanken.²⁵⁷ Norges Fiskarlag gjer det hermed klart ovanfor Arbeidarpartiet at dei nekta å få dårlegare vilkår enn andre.

I Norges Fiskarlag sine lover paragraf to, som vart vedteke på landsmøtet i 1945, stod det at ”Norges Fiskarlag [...] skal som organisasjon holdes utenfor det partipolitiske arbeid [...]”.²⁵⁸ Det same gjeldt for fylkesfiskarlaga.²⁵⁹ Sjølv om det var tanken at laget skulle stå fritt, må det kunne seiast at det i realiteten var eit sterkt innslag av Arbeidarpartiet i organisasjonen. Mellom anna låg Jens Steffensen og Klaus Sunnanå alt i 1938 fram for fiskeritutvalet, at landsstyret i Arbeidarpartiet slutta seg til det arbeidet som var blitt gjort av andre partifeller for å få leiinga i Norges Fiskarlag. Det var viktig for partiet si stilling i fiskarorganisasjonane at partiet jobba aktivt for å få alle aktive fiskarar inn i lokale fiskarlag for å auka partiet si innflytelse.²⁶⁰

6.3 Hovudavtalen mellom fiskarane og staten i 1964

Som synt i kapittel to fekk Norges Fiskarlag i 1962 myndigheit til å forhandla på vegne av alle fiskarane. Det var då naturleg for staten å oppretta ein hovudavtale for slike forhandlingar. 29. januar 1963 utnemnte Fiskeridepartementet eit utval som skulle utreda spørsmål som reiste seg i forbindelse med ein mogleg hovudavtale mellom staten og Norges Fiskarlag om støttetiltak til fiskeria.²⁶¹ Utvalet fekk namnet Subsidieutvalet.²⁶² Formann i utvalet var dåverande ekspedisjonssjef i Fiskeridepartementet Gunnar H. Gundersen.²⁶³ Dei øvrige medlemmane var

²⁵⁶ Brev datert 26.08.1947 Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1947 (D-J) Boks 15

²⁵⁷ Ibid.

²⁵⁸ Utskrift av møteboka for Norges Fiskarlags landsmøte i Rørvik 10.- 13. september 1945: 30

²⁵⁹ Ibid: 34

²⁶⁰ Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1947 (D-J) Boks 15

²⁶¹ St. meld. nr. 7 (1964-65) Om hovedavtale for fiskerinæringen.

²⁶² St. prp. nr. 143 (1963-64) Innstilling om støtteordningene og lønnsomheten i fiskeriene

²⁶³ Gundersen fekk plass i Arbeidarpartiet sitt interne fiskeritutval året etter.

ekspedisjonssjefen i Lønns- og prisdepartementet Øystein Gjelsvik, Hermod Skånland frå Finansdepartementet, Magnus Andersen som då var formann i Norges Fiskarlag, men som seinare det same året vart fiskeriministar og Hallstein Rasmussen som var generalsekretær i Norges Fiskarlag. Utvalet sitt mandat var å gjera greie for dei prinsipielle synspunkta som burde leggest til grunn for den statlege stønaden til fiskerinæringa på bakgrunn av det politiske målet om å gjera fiskerinæringa mest mogleg lønsam slik det vart formulert i mellom anna Torskefiskutvalet i 1957. Den 24. september 1963 låg Subsidiutvalet fram si innstilling om støtteordningar og lønsemda i fiskerinæringa.²⁶⁴ Innstillinga tok føre seg forholda i fiskerinæringa, mellom anna inntektsforholda og problemet med lønsemd. Utvalet hadde også føreteke ei vurdering av dei stønadstiltaka som allereie eksisterte, med forslag til nye retningslinjer om den framtidige stønadspolitikken og korleis ein skulle organisera den statlege stønaden. Utvalet sa i si innstilling 23. september 1963 at ei generell statsfinansiert inntektsstøtte til fiskarane måtte vera eit ekstraordinært tiltak. Det meinte at det under normale forhold var mogleg for godt utstyrte farty av ein rimeleg storleik, kunne driva lønsamt fiske heile året.²⁶⁵ Hovudavtalen sa vidare at generell inntektsstønad burde unngåast så langt som mogleg, og i det minste avgrensast til ekstraordinære tilfelle. Subsidiutvalet konkluderte med at for å løysa problemet med lønsemd i fiskerinæringa var det naudsynt med ein nærare samarbeid mellom staten og Norges Fiskarlag. Innstillinga vart av Fiskeridepartementet førelagt Norges Fiskarlag. Fiskarlaget gjekk inn for ein hovudavtale for avtalen med mindre endringar.

Det som er det mest sentrale med inngåinga av ein slik avtale er at staten innser at fiskerinæringa på denne tida stod ovanfor alvorlege omstillingsproblem, og at det var naudsynt at staten bidrog for å letta på dette. Tidlegare i oppgåva har vi sett at staten på fleire måtar blanda seg inn i fiskerinæringa gjennom ulike lover og økonomisk stønad. Desse støttetiltaka vert med Hovudavtalen formalisert, sjølv om målet var at dei stønadstiltaka som vart skissert i Hovudavtalen med tida kunne gjerast overflødige, og avviklast i løpet av ikkje altfor mange år. Avtalen heldt seg likevel fram til 1990-talet.

Utvalet sitt forslag blei utforma etter allminnelege retningslinjer, dvs. at generell inntektsstøtte burde unngåast så langt som råd, og i alle fall avgrensast til

²⁶⁴ St. meld. nr. 7 (1964- 65) Om hovedavtalen for fiskerinæringen: 1

²⁶⁵ Ibid: 2

ekstraordinære tilfelle. Utvalet konkluderte med at eit nærmare samarbeid mellom myndighetene og Norges Fiskarlag var nødvendig for å inngå ein avtale for å betra lønsemda i næringa. Dette for å sikra eit kontinuerleg arbeid for å auka produktivitet og inntekt. Norges Fiskarlag hadde i 1962 fått mandat til å forhandla på vegne av alle lag knytt til fiskerinæringa. Før hadde kvart enkelt lag ført sine egne forhandlingar noko som var problematisk av fleire grunnar. For det første stilte kvart lag for seg mykje svakare enn andre næringar som forhandla fram felles avtalar som skulle gjelde for alle. For det andre var denne forhandlingsmåten svært tidkrevjande for staten. I april og mai i 1964 vart det ført forhandlingar mellom fiskeridepartementet og Fiskarlaget om ein hovudavtale om statsstøtte til fiskerinæringa. Desse forhandlingane førte til semje, og avtalen vart godkjent 03. juni 1964.²⁶⁶ Avtalen slik den no vart utforma inneheldt generelle betingelsar/bestemmelsar om framtidige forhandlingar mellom partane, vilkår for å krevje slike forhandlingar og utforming av dei aktuelle støttetiltaka. Den endelege Hovudavtalen skil seg derimot frå nokre av utvalet sine opprinnelege forslag, slik det er gjort greie for ovanfor. Dette var fordi departementet såg det slik at den var i samsvar med dei prinsipielle retningslinjene utvalet meinte det burde byggast på i støttepolitikken.²⁶⁷

Hovedavtalen hadde eit eige avsnitt om støttetiltaka som skulle gjennomførast i den første avtaleperioden som strakk seg frå 1964-68. Grunnlaget var at tiltak skulle effektivisera fisket, tilverking og omsetning, samt at det skulle takst sikte på å avvikla pristilskotta i den perioden.²⁶⁸ Herunder låg det eit ønskje om at kondemnerings- og investeringsprogrammet, som vart foreslått i Vedlegg 2 til St. meld. nr. 75 (1962-63), skulle gjennomførast i eit raskt tempo. Det skulle vidare stillast med statsmidlar for særskilte stønadslån til fiskarar som ønskja å skaffa seg eit farty som var eigna til hav- og bankfiske, men som ikkje hadde egne midlar til disposisjon. Det vart også stilt krav om at Statens Fiskarbank alltid skulle ha midlar til disposisjon til driftskreditt til fiskarane, modernisering og til anskaffing av utstyr til flåten.

På eit møte i Fiskeriutvalet 26. og 27. april 1965 vart mellom Hovudavtalen mellom fiskarane og staten diskutert.²⁶⁹ Trygve Hoem gav ei orientering om saka, og låg særleg vekt på omlegginga av den statlege stønaden. Slik det fortona seg då verka

²⁶⁶ Christensen og Hallenstvedt 2005: 159

²⁶⁷ St. meld. nr. 7 (1964-65) Om hovedavtale for fiskerinæringen.

²⁶⁸ Ibid: 12

²⁶⁹ Protokoll frå møte i Fiskeriutvalet i Oslo 26.- 27. april. Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1965 (F) Boks 337

avtalen delvis til å dra større farty vekk frå torskefiske til sildefisket. Dette førte mellom anna til problem for busetjing langs kysten. Hoem meinte at ein burde fjerna den statlege støtta til sild, og heller nytta dei midlane til nedskrivning av båt og bruk. Det vart difor vedteke at arbeidsutvalet i Fiskeriutvalet skulle få fullmakt til å behandla saka, for så å bli behandla i seinare i utvalet.

Hovudavtalen for fiskerinæringa vart inngått 3. juni 1964 mellom Fiskeridepartementet og Norges Fiskarlag. Med denne avtalen vart forholdet mellom dei to konsolidert. I 1965 er den fiskeripolitiske målsetjinga å skapa tilfredsstillande lønsemd og vekst i fisket og eit stabilt grunnlag for den landbaserte delen av fiskerinæringa. Fiskeriutvalet meinte at det framleis var naudsynt å arbeida for ei modernisering av fiskeflåten, og at Fiskarbanken fekk tilstrekkeleg med tilskot for å betra sine utlånsrammer. Utvalet ansåg Hovudavtalen mellom fiskarane og staten som eit viktig ledd i dette arbeidet. I eit skriv til sentralstyret uttrykte utvalet ein sterk misnøye med Fiskarbanken sine utlånsrammer, då den alt i april 1965 hadde nytta nesten alle midlane. Banken hadde då disponert nesten heile summen på 60 millionar kroner, medan søknadane som hadde komme inn synte ein sum nærmare 140 millionar kroner.²⁷⁰ Vi ser at etter kvart som åra har gått vart det også eit langt sterkare fokus på å beskytta ressursgrunnlaget, dette skulle hjelpast ved mellom anna ei utbygging av havforskning.

6.4 Oppsummering

Oppgåva syner at Arbeidarpartiet og LO har vore svært viktige i det organisasjonsmessige arbeidet for fiskarane. Hovudavtalen mellom fiskarane og staten i 1964 må sjåast på som den endelege konsolideringa av forholdet mellom dei to. Norges Fiskarlag har vore ein svært viktig samarbeidsorganisasjon for Arbeidarpartiet på fleire måtar. Både grunna at fiskarane i stor utstrekning stemte raudt og på Arbeidarpartiet, men også for den fiskeripolitiske utviklinga og retninga partiet har tatt.

²⁷⁰ Skriv til sentralstyret frå Fiskeriutvalet datert 03.05.1965 Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1965 (F) Boks 337

Kapittel 7: Avslutning og konklusjon

I denne oppgåva har eg gjort greie for Arbeidarpartiet sitt interne fiskeriutval frå 1937 sitt mandat, samansetjing og arbeidsoppgåver, hovudsakleg i perioden 1945 til 1965. Avslutningsvis vil eg forsøka å samla trådane i dei funna eg har gjort i oppgåva.

Ein kan spora to klare utviklingstrekk i dei norske fiskeria etter 1945. Den første er overgangen til større havgåande farty med meir moderne reiskap. Den andre er at fiskefarty i storleiken 30-50 fot ser ut til å forsvinna. Det kan vel seiast utan tvil at fiske med trål gjev langt større avkastning enn det tradisjonelle kystfisket hadde gjort. I Hovudavtalen mellom staten og fiskeria vart det sagt at støttetiltaka som vart utforma først og fremst burde leggja vekt på tiltak som ville effektivisera fisket, tilverking og omsetjing. Dette ville i tur fremma ei rasjonell utvikling av næringa.²⁷¹ Det syner seg gjennom heile perioden eg har teke føre meg i denne oppgåva at staten ønskjer ei utbygging og modernisering av fiskerinæringa, både til havs og på land. Fiskeripolitikken har heilt klart vorte farga av det.

Ein kan nytta to ulike tilnærmingar ein kan nytta når ein vil spora Arbeidarpartiet si fiskeripolitiske utvikling, og fiskeriutvalet si rolle oppi det heile. Enten kan ein betrakta det som ein prosess som skjer internt i Arbeidarpartiet, eller ein kan sjå den i samspel med eksterne aktørar. Fiskeripolitikken oppstår ikkje i eit vakuum. Det er fleire andre interessegrupper enn berre Arbeidarpartiet som spelar inn i politikken si utvikling og utforming. Mellom anna fiskarane sine organisasjonar som til dømes Norges Fiskarlag og andre myndigheiter gjennom til dømes opposisjonsparti og Fiskeridepartementet. Kva eventuelle partipolitiske opposisjonelle har meint, og forsøk på å påverka Arbeidarpartiet si fiskeripolitiske utvikling har eg ikkje behandla i denne oppgåva, men det kunne vore interessant å sett på dette spørsmålet. Kanskje eit forslag til vidare forskning på fiskeriutvalet. Eg har sett på partiet si utforming av fiskeripolitikken i lys av det arbeidet fiskeriutvalet gjorde i samspel med fiskarane sine organisasjonar og Arbeidarpartiet sitt sentralstyre.

Problemstillinga for oppgåva har vore ”kva rolle spela Arbeidarpartiet sitt interne fiskeriutval for utforming av partiet sin fiskeripolitikk”. For å svara på dette har eg i teksten først gjort greie for korleis utvalet fungerte, kva rolle det hadde i forhold til sentralstyret og fiskarane sine organisasjon og kva politikk medlemmane i

²⁷¹ St. meld. nr. 7 (1964-65): 11

fiskeriutvalet fronta. Det ein kalla formalitetane rundt fiskeriutvalet. Deretter har eg sett på faktiske saker fiskeriutvalet har arbeidd med, og gjennom døme gjort greie for utvalet sitt arbeidsområde. Det kan ein kalla det praktiske rundt fiskeriutvalet. I oppgåva har eg særskilt sett på striden kring bruk av not for å illustrera korleis fiskeriutvalet arbeidde bak lukka dører, i samråd med fiskarane sine organisasjonar og med sitt eige parti.

Som tittelen på oppgåva seier, var fiskeriutvalet si rolle først og fremst å gje råd til Arbeidarpartiet sitt sentralstyre i fiskerisaker. Dei funna eg har gjort i forbindelse med arbeidet med denne oppgåva har vore mange. Hovudvekta må seiast å ha vore interessante og spennande. Det interne fiskeriutvalet har utan tvil spela ei stor rolle som eit rådgjevande organ for Arbeidarpartiet, og partiet har i stor grad retta seg etter protokollar og forslag forfatta av fiskeriutvalet sine medlemmar. Dersom ein studerar kven som har vore medlemmar av fiskeriutvalet og kven dei har vore tilknytt utanfor utvalet må det ha vore eit utval med, i alle fall til ein viss grad, ha vore eit bestemmende organ. Rolla til fiskeriutvalet endrar seg i løpet av 1950-talet på fleire måtar. Mellom anna vert talet på medlemmar større og fleire fiskarorganisasjonar får delta. Vidare går utvalet frå å vera eit reint rådgjevande organ til å verta til dels ein beslutningstakar i norsk fiskeripolitikk. Argumentasjonen for dette er at Arbeidarpartiet i stor grad implementerar og rettar seg etter forslaga som kjem frå fiskeriutvalet.

Som vi har sett hadde fleire av dei mest sentrale medlemmane i Fiskeriutvalet også posisjonar i andre viktige organisasjonar slik som LO, Norges Fiskarlag, Råfisklaget og sentralstyret i Arbeidarpartiet. Sjølv om personane omtala i denne oppgåva er arbeidarpartifolk, har dei likevel ulike verdiar og prioriteringar. Dette kom kanskje klarast til uttrykk i Jens Steffensen sin kamp mot trålarlova. Det kan sjå ut som, utifrå sakene eg har drøfta ovanfor, at Fiskeriutvalet kun behandla saker som gjaldt dei nordlegaste fylke. Det er sjølvsagt ikkje tilfelle, men sakene utvalet har teke føre seg i perioden 1945-65 har ofte omfatta dei nordlege landsdelane då det var der det oftast oppstod problem. Vidare er også fiskeripolitikken i perioden 1945-65 sterkt knytta opp til attreisinga av landet etter krigen og utbygging av velferdsstaten, difor vert det også naturleg at det er fleire saker som omtalar problem i nord enn i sør då fiskarane i nord hadde større utfordringar enn dei i sør.

Denne oppgåva har vore særst interessant å arbeida med. Å få høve til å sjå korleis Arbeidarpartiet, det interne fiskeriutvalet, samt fiskarane sine organisasjonar sitt samspel har påverka den fiskeripolitiske utviklinga mellom 1945 og 1965.

LITTERATUR OG KJELDER

Bøker og artiklar

Bergh, Trond (1987): "Storhetstid (1945- 1965)", i Bull, Edvard, Kokkvoll, Arne og Sverdrup, Jakob (red.) 1985-1990: *Arbeiderbevegelsens historie i Norge*, Tiden Norsk Forlag, Oslo

Brox, Ottar (1966): *Hva skjer i Nord-Norge?: en studie i norsk utkantpolitikk*, Pax forlag, Oslo

Christensen, Pål (1994): *Fiskeri som etterkrigshistorisk forskningsfelt*, Etterkrigshistorisk Register nr. 2, LOS-senteret, Bergen

Christensen, Pål (2003): "Reidar Karlsen (1946- 1951)" i Tande jr., Thorvald (red.) 2003: *Uriaspost ved Kongens bord. Norske fiskeriministre 1946-2004*, Norsk Fiskerinæring AS, Oslo

Christensen, Pål og Hallenstvedt, Abraham (2005): *I kamp om havets verdier*, Norges Fiskarlags Historie, Trondheim

Dyrvik, Ståle, Grønlie, Tore, Helle, Knut og Hovland, Edgar (2013): *Grunnbok i Norges historie. Fra vikingtid til våre dager*, Universitetsforlaget, Oslo

Dølvik, Jon Erik, Fløtten, Tone, Hernes, Gudmund og Hippe, Jon M. (2007): *Hamskifte: den norske modellen i endring*, Gyldendal Akademisk, Oslo

Finstad, Bjørn-Petter (2010): *Parti, konsern, stat. Arbeiderpartiet og den statseide fiskeindustrien i Nord-Norge*. Publisert i *Arbeiderhistorie*.

Url: <http://www.arbark.no/Arbeiderhistorie.htm> Henta 12.01.12

Haaland, Anders (2003): "Peder Holt (1951- 1955)" i Tande jr., Thorvald (red.) 2003: *Uriaspost ved Kongens bord. Norske fiskeriministre 1946-2004*, Norsk Fiskerinæring AS, Oslo

Harmel, Robert og Svåsand, Lars (1997): "Party change" i Party politics 1997 vol. 3, no. 3, s. 291-448

Hirsti, Reidar (1952): *Fra næringsfrihet til planøkonomi*, Arbeidernes opplysningsforbund, Oslo

Holm, Petter (1996): *Kan torsken temmes? Det nye Nord-Norge. Avhengighet og modernisering i nord*, Eriksen, Erik Oddvar (red.) Fagbokforlaget??

Johnsen, Jahn Petter (2004): *Fiskeren som forsvant? Avfolking, overbefolkning og endringsprosesser i norsk fiskerinæring i et aktør-nettverk-perspektiv*, Tapir Akademisk Forlag, Trondheim

Kolle, Nils (2003): "Nils Lysø (1955- 1963)" og "Onar Onarheim (1963- 1963)" i Tande jr., Thorvald (red.) 2003: *Uriaspost ved Kongens bord. Norske fiskeriministre 1946-2004*, Norsk Fiskerinæring AS, Oslo

Kuhnle, Stein (1983): *Velferdsstaten*, Tiden, Oslo

Nordby, Trond (red.) 1993: *Arbeiderpartiet og planstyret 1945-1965*, Universitetsforlaget, Oslo

Nordstrand, Leiv (2000): *Fiskeridirektøren melder. Fiskeridirektoratet fra 1900-1975*, FORLAG? , Bergen

Normann, Tor Morten, Nørgaard, Elisabeth og Rønning, Elisabeth (2009): *Utfordringer for den nordiske velferdsstaten: sammenlignbare indikatorer*, Url: <http://nososco-da.nom-nos.dk/filer/publikationer/Utfordringer-bog%20web.pdf> Henta 01.02.13

Sagdahl, Bjørn (1975): *Trålfiske i norsk fiskeripolitikk: et konfliktskapende fiske?*, hovedfagsoppgave, Nordland distriktshøgskole

Sandberg, Ole Rømer (1964): *Samvirke: en hjørnestein i moderne landbruk*, Bøndenes forlag, Oslo

Skirbekk, Gunnar (2010): *Norsk og moderne*, Forlaget Res Publica

Helle, Knut (2005): "Sundt-Wikborg. Bind 9", i Arntzen, Jon Gunnar (red.): *Norsk biografisk leksikon*, Kunnskapsforlaget, Oslo

Tjelmeland, Hallvard (1993): *Fiskerinæringa mellom tradisjon og modernisering*, i LOS i Nord-Norge, bind-/heftenr. 5

Internettressursar

Alle fiskeritekniske oversettingar som er å finna i fotnotane i oppgåva er henta frå Store Norske Leksikon url: snl.no/

Elles er alle internettressursar beskrive i fotnotane i teksten ikkje gjengitt her.

Svåsand, Lars og Harmel, Robert: *Party change*. Party politics Vol. 3 no. 3 1997
<http://ppq.sagepub.com/content/3/3/315.full.pdf+html>. Lest 04.05.2013

Meldingar og innstillingar

St. meld. nr. 71. (1959) *Innstilling fra Torskefiskutvalget 1957*.

St meld. nr. 75. (1962-63) *Statens Fiskarbanks virksomeht i regnskapsåret 1962*.

St. meld. nr. 7. (1964-65) *Om hovedavtale for fiskerinæringen*.

St. prp. nr. 143. (1963-64) *Forhøyelse av bevilgningen på statsbudsjettet fr 1964 under kap. 1531, Pristilskott, post 72, Til støtte av torske- og sildefisket og bevilgning på statsbudsjettet for 1964 under kap. 1076, Pristilskott m.m., ny post 72, Til støtte av effektiviseringstiltak for fiskerinæringen*.

Partiprogram

Partiprogram for perioden 1945- 1965 er tilgjengeleg i Norsk Samfunnsvitskapeleg

Database url:

<http://www.nsd.uib.no/polsys/data/parti/partidokumentarkivet/?q=&rows=10&fq=doktype:2&fq=doktype:1&fq=partikode:21&fq=aarstall:1945&fq=aarstall:1949&fq=aarstall:1953&fq=aarstall:1957&fq=aarstall:1961&fq=aarstall:1965> Henta 14.05.13

Møtebøkene til Norges Fiskarlag

Møtebøkene til Norges Fiskarlag er tilgjengelege ved Fiskeridirektoratet i Bergen sitt bibliotek

Alt arkivmaterialet under er tilgjengeleg ved Arbeiderpartiets Arkiv og bibliotek (Arbark) i Oslo.

Møtebøker til fiskeriutvalet 1937- 1965

Det norske Arbeiderparti A. Møtebøker Ah. Diverse partiinterne utvalg Møtebok, Fiskeriutvalget 1939- 51 Boks 5

Det norske Arbeiderparti A. Møtebøker Ah. Diverse partiinterne utvalg Møtebok, Fiskeriutvalget 1960- 70 Boks 6

Saksarkivet til Arbeidarpartiet sitt interne fiskeriutval 1945- 1965

Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1945 (B-K) Boks 4

Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1946 (B-F) Boks 9

Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1947 (D-J) Boks 15

Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1948 (F-K) Boks 20

Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1949 (B-F) Boks 25

Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1950 (F)
Boks 35

Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1951 (B-
F) Boks 41

Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1952 (B-
F) Boks 53

Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1953 (B-
F) Boks 64

Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1954 (B-
F) Boks 78

Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1955 (D-
F) Boks 92

Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1956 (F)
Boks 113

Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1957 (E-
F) Boks 131

Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1958 (B-
F) Boks 161

Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1960 (F)
Boks 209

Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1961 (A-
F) Boks 236

Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1962 (F)
Boks 262

Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1963 (B-
F) Boks 285

Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1964 (F-
G) Boks 312

Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1965 (F)
Boks 337

Møtebøker til sentral- og landsstyret i Det norske Arbeiderparti 1945- 1965

Det norske Arbeiderparti A. Møtebøker Ac. Sentralstyret og landsstyret. Møtebok
11/5-45 til 20/3-46 Boks 1

Det norske Arbeiderparti A. Møtebøker Ac. Sentralstyret og landsstyret. Møtebok 25/3-46 til 24/5-48 Boks 2

Det norske Arbeiderparti A. Møtebøker Ac. Sentralstyret og landsstyret. Møtebok 7/6-48 til 16/10-50 Boks 3

Det norske Arbeiderparti A. Møtebøker Ac. Sentralstyret og landsstyret. Møtebok 30/10-50 til 11/6-53 Boks 4

Det norske Arbeiderparti A. Møtebøker Ac. Sentralstyret og landsstyret. Møtebok 15/6-53 til 12/12-56 Boks 5

Det norske Arbeiderparti A. Møtebøker Ac. Sentralstyret og landsstyret. Møtebok 8/1-57 til 16/3-60 Boks 6

Det norske Arbeiderparti A. Møtebøker Ac. Sentralstyret og landsstyret. Møtebok 28/3-60 til 5/6-63 Boks 7

Det norske Arbeiderparti A. Møtebøker Ac. Sentralstyret og landsstyret. Møtebok 24/6 til 3/4-67 Boks 8

Behandling av partiprogram i saksarkivet til programkomiteen 1945- 1965

Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1945 (P-R) Boks 6

Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940- 71) 1948 (O-R) Boks 22

Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940-71) 1953 (A) Boks 63

Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940-71) 1954 (U) Boks 81

Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940-71) 1958 (U) Boks 177

Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940-71) 1958 (U) Boks 178

Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940-71) 1960 (T-U) Boks 231

Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940-71) 1961 (U) Boks 257

Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940-71) 1962 (U)
Boks 281

Det norske Arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv (1940-71) 1962 (U)
Boks 282

Vedlegg 1: Oversikt over medlemmar i Arbeidarpartiet sitt interne fiskeriutval mellom 1946 og 1965

År	Medlemmar i Det norske Arbeidarparti (DNA) sitt interne fiskeriutval
1937	Klaus Sunnanå (sekretær Fiskeridirektoratet), Jens Steffensen (formann Norges Fiskarlag), Abraham Hansen, P. Thorvik, Ingvald Haugen (formann Norsk Sjømannsforbund, medlem i Arbeidarpartiet sitt sentralstyre), Birger Bergersen og Alfred Skar (LO)
1938	P. Thorvik, Jens Steffensen (formann Norges Fiskarlag), Ingvald Haugen (formann Norsk Sjømannsforbund, medlem i Arbeidarpartiet sitt sentralstyre), Abraham Hansen, Alfred Skar (LO), Klaus Sunnanå (sekretær Fiskeridirektoratet, formann i Det økonomiske samordningsråd, sekretær Norges Fiskarlag) og Birger Bergersen
1939	P. Thorvik, Ingvald Haugen (formann Norsk Sjømannsforbund, medlem i Arbeidarpartiet sitt sentralstyre), Alfred Skar (LO), Jens Steffensen (formann Norges Fiskarlag)
1940	P. Thorvik, Jens Steffensen (formann Norges Fiskarlag), Ingvald Haugen (formann Norsk Sjømannsforbund, medlem i Arbeidarpartiet sitt sentralstyre, medlem LO), Alfred Skar (LO) og Klaus Sunnanå
1946	Klaus Sunnanå (formann, generalsekretær Norges Fiskarlag), Reidar Carlsen (fiskeriminister), Jens Steffensen (formann Norges Fiskarlag), Ingvald Haugen (formann Norsk Sjømannsforbund, medlem i Arbeidarpartiet sitt sentralstyre) og Alfred Skar (LO)
1947	Alfred Skar (LO), Reidar Carlsen (fiskeriminister), Jens Steffensen (formann Norges Fiskarlag), Ingvald Haugen (formann Norsk Sjømannsforbund, medlem i Arbeidarpartiet sitt sentralstyre, medlem LO) og Klaus Sunnanå (fiskeridirektør)
1948	Alfred Skar (LO), Reidar Carlsen (fiskeriminister), Jens Steffensen (formann Norges Fiskarlag), Ingvald Haugen (formann Norsk Sjømannsforbund, medlem i Arbeidarpartiet sitt sentralstyre), medlem LO, og Klaus Sunnanå (Fiskeridirektør)
1949	Alfred Skar (LO), Finn Bryhni, Reidar Carlsen (fiskeriminister), Jens Steffensen (formann Norges Fiskarlag), Tormod Granum (varamann) og Einar Andreassen (varamann, nestformann Norges Fiskarlag)
1950	Alfred Skar (LO), Finn Bryhni, Reidar Carlsen (fiskeriminister), Jens Steffensen (formann Norges Fiskarlag), Ingvald Haugen (formann Norsk Sjømannsforbund, medlem i Arbeidarpartiet sitt sentralstyre, medlem LO), Tormod Granum (varamann) og Einar Andreassen (varamann, nestformann Norges Fiskarlag)
1951	Ingvald Haugen (formann, formann Norsk Sjømannsforbund, medlem i Arbeidarpartiet sitt sentralstyre, medlem LO), Alfred Skar (LO), Peder Holt (fiskeriminister), Johs. Olsen (formann Norges Fiskarlag), Petter Naustvik og Einar Andreassen (varamann)
1952	Ingvald Haugen (formann, formann Norsk Sjømannsforbund, medlem i Arbeidarpartiet sitt sentralstyre, medlem LO), Alfred Skar (LO), Peder Holt (fiskeriminister), Johs. Olsen (formann Norges Fiskarlag), Petter Naustvik og Einar Andreassen (varamann, nestformann Norges Fiskarlag)
1953	Ingvald Haugen (formann, formann Norsk Sjømannsforbund, medlem i

	Arbeidarpartiet sitt sentralstyre, medlem LO), Alfred Skar (LO), Peder Holt (fiskeriminister), Johs. Olsen (formann Norges Fiskarlag), Albert Jensen, Einar Andreassen og Nils Lysø (varamann)
1954	Ingvald Haugen (formann, formann Norsk Sjømannsforbund, medlem i Arbeidarpartiet sitt sentralstyre, medlem LO), Alfred Skar (LO), Peder Holt (fiskeriminister), Johs. Olsen (formann Norges Fiskarlag), Albert Jensen, Einar Andreassen (nestformann Norges Fiskarlag) og Nils Lysø (vara)
1955	Ingvald Haugen (formann, formann Norsk Sjømannsforbund, medlem i Arbeidarpartiet sitt sentralstyre, medlem LO), Alfred Skar (LO), Nils Lysø (fiskeriminister), Albert Jensen, Johs. Olsen og Einar Andreassen (nestformann Norges Fiskarlag)
1956	Ingvald Haugen (formann, formann Norsk Sjømannsforbund, medlem i Arbeidarpartiet sitt sentralstyre, medlem LO), Alfred Skar (LO), Nils Lysø (fiskeriminister), Albert Jensen, Johs. Olsen , Magnus Andersen (formann Norges Fiskarlag) og Einar Andreassen
1957	Ingvald Haugen (formann, formann Norsk Sjømannsforbund, medlem i Arbeidarpartiet sitt sentralstyre, medlem LO), Alfred Skar (LO), Nils Lysø (fiskeriminister), Albert Jensen, Johs. Olsen og Einar Andreassen (nestformann Norges Fiskarlag)
1958	Nils Lysø (fiskeriminister), Alfred Skar (LO), Gunvald Hauge, Albert Jensen, Johs. Olsen og Einar Andreassen (nestformann Norges Fiskarlag)
1959	Arbeidsutvalet bestod av Nils Lysø (fiskeriminister), Alfred Skar (LO), Gunvald Hauge, Albert Jensen, Johs. Olsen, Magnus Andersen (formann Norges Fiskarlag), Nils Jakobsen og Einar Anderassen. På DNA sin fiskerikonferanse 19. oktober 1959 vart det fremja forslag om å utvida utvalet. Sentralstyret oppnemnte då fleire nye medlemmar. Desse var Viggo Lund (Finnmark), Johs. Overaa (Troms), Jens Steffensen (formann Norges Råfisklag), Anders Tangen (Trøndelag), Sivert Haltbakk (styremedlem Norges Råfisklag), Erik Brofoss (Oslo). Reidar Carlsen (Stortingsgruppa) og Nils Jacobsen (Stortingsgruppa). I tillegg valde kvar av følgjande organisasjonar éin representant kvar; LO (Alfred Skar), Norsk Sjømannsforbund, Norsk Nærings- og Nytelsesarbeiderforbund, Norsk Transportarbeidarforbund og Norsk Kjemisk Industriarbeidarforbund.
1960	Johs. Olsen, Magnus Andersen (formann Norges Fiskarlag), Nils Lysø (fiskeriminister), Nils Jakobsen, Alfred Skar (LO), Trygve Hoem og Gunvald Hauge. Grunna utvidinga i 1959 er det påfallande at medlemslista for 1960 ikkje syner meir enn sju medlemmar.
1961	Arbeidsutvalet bestod av Magnus Andersen (formann Norges Fiskarlag), Johs. Olsen, Nils Lysø (fiskeriminister), Nils Jacobsen, Trygve Hoem og Johs. Overå. Øvrige representantar var Birger Olsen (Finnmark), Albert Jensen (Troms), Bjarne Johnsen (Troms, formann Norges Råfisklag), Johan J. Toft (Nordland), Arnulf Finnestrand (Nord-Trøndelag), Bjarne Wedø (Sør-Trøndelag), Anders Tangen (Sør-Trøndelag), Sivert Haltbakk (Nordmøre, styremedlem Norges Råfisklag), Anders Heggø (Sogn & Fjordane), Klaus

	<p>Sunnanå (Hordaland, Fiskeridirektør), Edvin Ramsvik (Rogaland), Hansten Borgen (Oslofjorden), Erik Brofoss (Oslo) og Ivar Eikrem (DNAs stortingsgruppe).</p> <p>I tillegg valde kvar av følgjande organisasjonar éin representant kvar; LO (Alfred Skar), Norsk Sjømannsforbund, Norsk Nærings- og Nytelsesarbeiderforbund, Norsk Transportarbeidarforbund og Norsk Kjemisk Industriarbeidarforbund.</p>
1962	<p>Arbeidsutvalet bestod av Trygve Hoem (formann), Johs. Overå, Bjarne Johnsen (formann Norges Råfisklag), Magnus Andersen (formann Norges Fiskarlag), Johan J. Toft (Nordland), Arnulf Finnestrand, Bjarne Wedø, Anders Tangen, Sivert Haltbakk (Nordmøre, styremedlem Norges Råfisklag), Anders Heggø, Klaus Sunnanå (Hordaland, Fiskeridirektør), Hansten Borgen, Nils Lysø (fiskeriminister), Einar Strand, Ivar Eikrem, Gunvald Hauge, Åge Petersen, Anker Nordtvedt, Ivar Eikrem og Einar Andreassen</p>
1963	<p>Trygve Hoem, Albert Jensen, Johs. Overå, Bjarne Johnsen (formann Norges Råfisklag), Magnus Andersen (fiskeriminister f.o.m 25.09.63), Johan J. Toft (Nordland, styremedlem Norges Råfisklag), Anders Tangen, Sivert Haltbakk (Nordmøre, styremedlem Norges Råfisklag), Anders Heggå, Klaus Sunnanå (Hordaland, Fiskeridirektør), Einar Andreassen (formann Norges Fiskarlag), Hansteen Borgen, Erik Brofoss, Nils Lysø (fiskeriminister t.o.m 28.08.63), Johs. Olsen, Ivar Eikrem, Einar Strand, Gunvald Hauge, Åge Petersen, Birger Olsen, Arnulf Finnestrand, Bjarne Wedø, Edvard Simonsen og Anker Nordtvedt</p>
1964	<p>Birger Olsen, Albert Jensen, Johs. Overå, Bjarne Johnsen (formann Norges Råfisklag), Magnus Andersen (fiskeriminister), Johan J. Toft, Anders Tangen, Sivert Haltbakk (styremedlem Norges Råfisklag), Einar Andreassen (formann Norges Fiskarlag), Johs. Olsen, Trygve Hoem, Einar Strand, Klaus Sunnanå (Hordaland, Fiskeridirektør), Gunnar Gundersen og Nils Lysø</p>
1965	<p>Arbeidsutvalet: Magnus Andersen (formann, fiskeriminister), Trygve Hoem (sekretær), Einar Strand (LO), Gunvald Hauge (Norsk Sjømannsforbund), Johs. Overå (Fi-No-Tro), Knut Hoem (Norges Råfisklag), Einar Andreassen (formann Norges Fiskarlag), Valter Gabrielsen (Stortinget), Asbjørn Lillås (Stortinget)</p> <p>Øvrige medlemmar: Birger Olsen (formann Finnmark Fiskarlag), Albert Jensen (salsstyremedl. i Norges Råfisklag), Bjarne Johnsen (formann Norges Råfisklag), Johan J. Toft (formann i Nord-Trøndelag Fiskarlag), Steinar Kvalø, Jørgen Gabrielsen, Sivert Haltbakk (styremedlem Norges Råfisklag), Hansten Borgen (formann i Oslofjordens Fiskarlag), Klaus Sunnanå (Hordaland, Fiskeridirektør), Edvin Ramsvik, Åge Petersen (Norsk Nærings- og Nytelsesmiddelforbund), Anders Heggø (Sjømannsforbundet) og Kåre Kristoffersen (Sjømannsforbundet)</p>

Basert på fiskeriuutvalet sine arkiv, mest truleg ikkje komplett då saksarkivet for visse år syner tegn på at det manglar dokumet.²⁷²

²⁷² Arbark: Det norske arbeiderparti D. Saksarkiv Da. Alfabetisk saksarkiv 1945-65